

HØYRINGSUTKAST

Prinsipp for besøksforvaltning

VESTNORSK FJORDLANDSKAP

Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet



Verdsarvområdet
med innfallsportar

2018
Hanne Lykkja
Snædís Laufey Bjarnadóttir
Gøran Johansen



VERDSARV
Vestnorsk fjordlandskap

DATO:
27.04.2018

FORFATTAR:
Hanne Lykkja
Snædís Laufey Bjarnadóttir
Gøran Johansen

REFERANSE:
Lykkja, H., Bjarnadottir, S.L. og Johansen, G.

PROSJEKTEIGAR:
Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap

PROSJEKTANSVARLEG:
Erling Oppheim – Nærøyfjorden verdsarvpark

EMNEORD:
Besøksforvaltning, Landskapsanalyse, Verdsary, Verdsarv-verdiar,

FRAMSIDEILLUSTRASJON:
Hanne Lykkja, Gøran Johansen og Snædís Laufey Bjarnadóttir

Store oppslag frå Trolltunga, Prekestolen, Flåm, Geiranger og Lofoten har prega nyheitsbildet dei siste somrane. Forsøpling, manglande sanitærtibod, trengsel, ureining og utolmodige innbyggjarar er velkjende teikn på slitasje. Det kan også farge opplevinga til dei som kjem på besøk, anten dei kjem langvegsfrå eller er lokale brukarar av eit nærtur-område.

Internasjonalt er det stort fokus på kva som skjer når lokalbefolkninga blir fortrengt av store turiststraumar, kjenner seg overkøyrd av turistindustrien og eigne styresmakter ikkje vil lytte og ta innspela deira på alvor. Dette gjeld for verdsjende attraksjonar som Venezia og Barcelona, og det gjeld også i våre fjordar. Behovet for å styre besøket i ei meir berekraftig retning vert stadig meir aktuelt.

Reiselivet er av UNESCO vurdert som eitt av dei største trugsmåla mot verdsarven, men også største moglegheit for verdiskaping i og inntil verdsarvområde. UNESCO (2012) krev strategiar for besøksforvaltning og jamleg rapportering som syner at ein tek vare på UNESCO-områda sin Outstanding Universal Value (den samla verdsarvverdien, forkorta OUV). Klima- og miljødepartementet (KLD) har også vedteke at alle norske nasjonalparkar og store verneområde skal ha utarbeidd besøksstrategiar innan 2020 (Miljødirektoratet, 2015).

Dette er eit nytt fagfelt i Noreg og rådet for Vestnorsk fjordlandskap sokte difor Regionalt forskingsfond Vestlandet om støtte til å innhente meir kunnskap og etablere ein 1. generasjons besøksforvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap. Overordna ide var å utvikle metodar og modellar for besøksforvaltning og lokal reisemålutvikling tilpassa norsk røyndom. Målet var å finne ein balanse mellom å ta vare på verneverdiane (OUV-en), gje dei besøkande gode opplevingar og auke den lokale verdiskapinga, med sikte på å maksimere nytten for alle tre. Besøksforvaltning i nærområda og innfallsportane til verdsarvområdet er difor spesielt veklagt.

For å koma fram til ein felles plan for besøksforvaltning trengst det ein grundig og demokratisk prosess i alle kommunane. Kommunane var ikkje klare for slikt arbeid. Prosjektet hadde korkje ressursar eller mandat til å drive slike prosessar åleine. Det var difor utvikla strategiar i samarbeid med innbyggjarar, faggrupper, reisemålsselskap og admini-strasjon i kommunar og fylkeskommunar.

På bakgrunn av strategiane er det utarbeidd døme på plankart som viser opplevingsområde med framlegg om tiltak. Dersom styresmakten vil, kan dei no gå vidare med kunnskapsgrunnlaget og dei gode prosessane som er starte opp, og forankre strategiar og tiltak i ulike kommunale og fylkeskommunale planar og prosessar.

Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap har frå 2012-2017 jobba med å utvikle metodar for berekraftig besøksforvaltning og lokalsamfunns-utvikling i Geirangerfjorden og Nærøyfjorden med innfallsportar. Prosjekta fekk støtte frå Regionalt forskingsfond Vestlandet, Miljø-direktoratet v/verdsarvstiftingane, den norske UNESCO-kommisjonen, fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal og verdsarvkommunane Vik, Voss, Aurland, Stranda og Norddal. Andre partnarar har vore verneområdeforvaltninga og reisemålsselskapa knytt til dei to regionane, Aurland Naturverkstad, NMBU, TØI, Vestlandsforsking og HSR, Teknisk høgskule i Rapperswil, Sveits. Prosjektansvarleg har vore Nærøyfjorden verdsarvpark (Lykkja et al, in prep).

Kapittel 1-3 oppsummerer planprinsipp og felles problemstillingar for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap knytt til behov for besøks-forvaltning, kunnskapsgrunnlag og strategiar for nå fram med informasjon og styring både før, under og etter besøket. Kapittel 4 omhandlar verdsarvfjordane med innfallsportar, og konkretiserer viktige forvaltingstema knytt til ulike opplevingsområde med døme på kartlegging og tiltak. Dette er skisser til handlingsdelen i ein besøksforvaltningsplan som ein kan jobbe vidare med, anten gjennom eit felles planarbeid, ein regionalplan eller ein kommuneplan i kvar einskild kommune.

Planprinsipp for berekraftig besøksforvaltning i Vestnorsk fjordlandskap

Den metodiske tilnærminga byggjer på forståinga av at reiselivet er i rask endring. Det er verdas største vekstnæring. I 2017 fann vi 11% av alle jobbar i verda innanfor denne sektoren. Det er venta ein sterk vekst i talet på reisande dei neste 10-20 åra, truleg opp mot 50% auke globalt sett. (UNWTO, 2018). Endringane er vel så store når det gjeld sjølve måten vi reiser på. Vi er i ferd med å bevege oss frå serviceøkonomi til opplevingsøkonomi. Reiselivsindustrien har lenge dreia seg mest om massekonsum og avslappande feriar, no vil turistane ha gode og meiningsfulle opplevelingar og aktive reiser som er spesielt tilpassa deira ynskje. Dei set gjerne saman reisa sjølv, og ikkje minst: dei marknadsfører i aukande grad opplevelingane og reisemåla sjølve gjennom sosiale media (Hansen, 2017).

I 2010 gjekk om lag 800 turfolk dei 11 kilometrane opp på fjellet ovanfor Odda og ut på Trolltunga. I 2014 var det 40 000, i 2017 over 85 000 (Bøen, 2017). Utfordringane er at det ikkje lenger berre er røynde turfolk som legg i veg til fjells. Besøksforvaltninga er teken inn som ein del av handlingsprogrammet i Fylkesdelplanen for Hardangervidda (Tokheim, 2014). Eksplosjonen av besøkande på Trolltunga har vist oss kor raskt turistane gjennom sosiale media finn fram til og skapar nye reisemål.

Slitasje på natur og miljø, lokalbefolkning og hjelpekorps har gjort det tydeleg kor viktig det er å koma slike besøksstraumar i forkjøpet.

Trendane tyder på at reisemål og destinasjonsselskap får stadig mindre arbeid med marknadsføring og pakking, dette skjer alt meir gjennom nye kanalar (Google mv), utanfor lokal kontroll. Område med store besøksstraumar kjem til å måtte jobbe hardt for å ta vare på kjerneverdiane i dei gode opplevingane. For å få til det, må ein nå gjestene med informasjon og tilrettelegging, før dei kjem, under opphaldet og etter. Innovasjon Noreg og Fjord-Noreg advarar på det sterkeste: Vil satse på kvalitet og ikkje gå i masseturisme-fella. Då vil opplevinga av dei ikoniske landskapa i verdsarvfjordane på få år vere mykje mindre verdt (Jørgensen, 2018).

Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap er naturarv med framifrå universell verdi (Outstanding Universal Value, OUV) innskrive under kriterium VII; Landskapsbilde og VIII; Geologiske prosessar. Det tradisjonelle kulturlandskapet med fjordgrender, hyllegardar, stølar og fangstanlegg i høgfjellet er tilleggsverdi. UNESCO nyttar omgrepene **naturvenleik** (outstanding natural beauty). Denne rapporten nyttar omgrepene **landskapsbilde**, jf. landskapsanalysen som er utarbeidd for verdsarvområdet (Lykkja et al, 2016).

Mesteparten av området er verna som landskapsvernombjørde, i tillegg til fem mindre naturreservat (Sogn og Fjordane fylke. 2008). Verneområde som har verdsarvstatus har gjennom grundige granskningar fått dokumentert svært høge kvalitetar. Dei har stor attraksjonsstyrke.

Reiselivet er i følgje UNESCO både trugsmål og moglegheit for mange verdsarvområde (UNESCO. 2012), særleg dersom ein ikkje klarar å utvikle ei besøksforvaltning som tek vare på innbyggjarane og sikrar lokal verdiskaping. Verdsarvområde vert innskrivne og forvalta anten som naturarv eller kulturarv, nokre få som mix-område. Verda over har ein sett kor feil det blir å setje opp slike unaturlege skilje. Ein har også sett at utan sterk lokal medverknad i planlegging og forvaltning blir det lite berekraftig utvikling (Court og Wijesuriya, 2015). Denne innsikta har ført til ei stor omvelting av forvaltningsmodellar. UNESCO rår oss til å lage gode planar som fungerer for våre samfunn, og som samstundes kan lette arbeidet med rapportering til styresmaktene kvart 6.år (UNESCO. 2012).

Både når det gjeld reiseliv og verdsarvforvaltning er vi altså i midt i eit paradigmeskifte. Noreg og Sveits står bak eit nytt program for leiarskap og berekraftig utvikling for UNESCO, der hovudorganisasjonane for naturarv IUCN (International Union for Conservation of Nature) og kulturarv ICCROM (International Centre for the Study of the Preservation and Restoration of Cultural Property) har som mål å utarbeide ein ny felles mal for forvaltning av alle verdsarvområde som involverer lokalsamfunna på ein grundig og systematisk måte (IUCN, 2017). Vi må førebu og rigge lokal forvaltning slik at den kan ta i bruk den nye kunnskapen og dei nye planmodellane som følgjer av dette.

Forsking frå Alpane har vist at forvaltning av regionalparkar (bygdeutviklingsregionar) har mykje til felles med forvaltning av større sammenhengande verdsarvområde. Dei største potensiala ligg i eksisterande unik natur, landskap og kulturelle verdiar i Regionalparkane. Dei største hindringane for å utnytte desse potensiala, er manglande overordna

strategiar for samarbeid mellom parkar (regional forvaltning) og reiseliv på lokalt og nasjonalt nivå (Hammer og Siegrist, 2008).

Regionalparkane har berekraft og brukarmedverknad som drivkraft for utvikling av stadeigne ressursar, og underbyggjer iverksetjinga av den internasjonale landskapskonvensjonen. Slike organisasjonar kan ha ei viktig rolle som integreringsaktør for å sikre lokal medverknad, brei verdiskaping og langsiktig forvaltning av verdsarven (Clemetsen og Stokke, 2017).

Ein besøksforvaltningsplan som har fokus på planprosessen, er ein viktig reiskap for å få til lokal verdiskaping. Vestnorsk fjordlandskap vert rådd til å jobbe fram eit sett med kvalitetskriterium som ein kan forvalte etter. Ein fyrste generasjons besøksforvaltningsplan kan godt starte med å fange opp dette gjennom t.d. tre prinsipp for forvaltning, og så utvikle målsetjingar og kunnskap vidare på bakgrunn av desse seinare (Siegrist et al., 2012). Med bakgrunn i denne kunnskapen kan ein leggje følgjande prinsipp til grunn for besøksforvaltning av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap med innfallsportar:

«**Me
må kunne leva og
ha det godt sjølv, før
me kan gje dei gode
opplevelingane til andre»**
folkemøte i Haugsviki,
Voss, 20.04.15

Besøksforvaltningsarbeidet skal:

Styrke kjerneverdiane knytt til natur og landskap

Informasjon, marknadsføring, tilrettelegging for besøk og bruk av områda skal ivareta verdsarvverdien og ikkje degradere, men aktivt söke å styrke landskapskarakter og kjerneverdiar knytt til naturmiljø og landskap. Dette fordrar nært samarbeid med verneområdeforvaltninga og kommunane, for å få til felles forvaltningsverktøy og samordna målemetodar og arbeidsrutinar. Det er viktig å sikre god og langsiktig forvaltning av opplevingsområda, og vurdere kva for alternative område som kan avlaste verneområda og som toler meir tilrettelegging og bruk.

Innvolvere lokalsamfunn og innbyggjarar i berekraftig planlegging og forvaltning

Bulyst, rekruttering og berekraftig besøksforvaltning heng saman. Masseturisme og veksthandtering er tema i enkelte bygder, medan ein andre stader ikkje har noko form for turisme og gjerne vil satse på og utvikle besøkstilbod. Besøkande er også dei som går tur i nærmiljøet eller kjem på venebesøk på hytta. Besøksnæringane kan gje grunnlag for fleire butikkar, bussavgangar, fleire servicetilbod med aktivitetar, opplevelingar og arbeidsplassar som kjem lokalsamfunnet til gode. Det er viktig med lokalt eigarskap, slik at verdiskapinga også blir verande att i regionen.

Legge til rette for eit spekter av berekraftige aktivitetar og opplevelingar

Det er viktig å ivareta behova ulike marknadar og opplevingsgrupper har når det gjeld naturkvalitetar, tilretteleggingsgrad og servicetilbod. Utarbeiding av strategiar må difor skje på bakgrunn av kunnskap og verdival. Slik kan ein styre utviklinga i nært samarbeid med reiselivet lokalt, regionalt og nasjonalt, og bruke heile verktøykassa for å nå gjestene gjennom heile kundereisa. Rolleavklaring og ansvarsfordeling mellom utviklingsaktørane er viktig. Besøksforvaltning kan finansierast på fleire måtar, og her trengst det nye finansieringsmodellar. I pressområde er det nødvendig å styre besøksstraumane sterkare.

Kunnskapsgrunnlag og utvikling av besøksstrategiar for verdsarvområda

Verdsarv, landskapskarakter, geologiske prosessar og landskapsbilde

Det er viktig å sjå verdsarvområdet under eitt, for å oppdage fordeling av landskapstypar og typiske og sjeldne utformingar. Den overordna romlege landskapsressursanalysen skildrar område med karaktertrekk og kvalitetar spesielt viktige for den innskrivne OUV-en (Outstanding Universal Value): verdsarvkriteria OUV VII og OUV VIII, geologiske prosessar og landskapsbilde. Innfallsportane er vurdert på same måte, men områda har ikkje verdsarvstatus. Dei er utanfor verdsarvområdet (utanfor VO). (Lykkja et al, 2016). Landskapskarakteren fangar opp kva som er typisk (type), kva som er spesielt (utforming) og vurdering opp mot andre område innanfor planområdet (gradert skala). Vurdering av utviklingstrend viser til korleis landskapskarakteren (status 2017) ser ut til å bli påverka/endra (positiv, stabil, negativ, usikker trend). (Lykkja et al, 2016).

Karta viser status for 2017 og kva for av område som har ein landskapskarakter med negativ trend (degradering frå t.d. A+ til A-). Planlagde (ikkje gjennomførte) tiltak er ikkje med i vurderingane. Karta 1-12 gjev oss oversikt og høve til å gå ned på detaljnivå der vi ser at det er nødvendig med overvaking og tiltak. Karta gir også høve for å vurdere effekt (konsekvensar) av planlagde tiltak der område står i fare for å bli degradert, eller der tiltak kan auke verdien. Oversiktkartlegginga forenklar forvaltninga og samstundes rapporteringa til UNESCO vesentleg.

Nærøyfjord-området:

Landskapsbilde (OUV VII) og utviklingstrend (2017): Dei mest særprega landskapsområda med høgaste verdi (A+) når det gjeld landskapsbilde er Fresvikbreen, høgfjellsdalene frå Helgedalen til Handadalseggi, Nærøyfjorden, Undredal, Flåmsdalen (utanfor VO) og Aurlandsdalen (utanfor VO) .

Fresvikbreen og høgfjellsdalane har ein positiv utviklingstrend. Nærøyfjorden og fjordløpet med Undredal er noko endra, men stabil. Landskapsbilde med ein negativ utviklingstrend finn vi ytre del av Aurlandsfjorden (nedlegging og attgroing), Fretheim (Flåm kai), Flåm og Flåmsdalen (nedbygging, infrastruktur og attgroing), Myrdalen (utanfor VO, hyttebygging og infrastruktur) og Skjelingen-Målset på Vikafjellet (utanfor VO, kraftutbygging). Ref landskapsressursanalysen. (Lykkja et al, 2016).

Geologiske prosessar (OUV VIII) og utviklingstrend (2017): Dei viktigaste geologiske områda finn vi fremst i Myrdalen og i eit samanhengande område frå Nærøyfjorden og Nærøydalen og Jorddalen, høgfjellsdalane over til Fresvikbreen og fjellområda mot Rambøra og Midtbakkefjellet. Vidare Flåmsdalen frå Flåm kyrkje til Vatnahalsen (utanfor VO) og Aurlandsdalen (utanfor VO), breområdet Blåskavlen på Aurlandsfjellet (utanfor VO), Skjerdalen-Leim (utanfor VO) og Aurlandsfjorden, høgfjellsplatået kring Grånosi, Storebotnen og Bleia og ut i Sognefjorden utanfor Revsnes og Frønningen.

Fjellområda med svært høg geologisk verdi har positiv utviklingstrend, medan fire dalar har negativ utviklingstrend, dvs. dei naturlege geologiske prosessane blir begrensa/hindra/endra. Nærøyfjorden (bølgeerosjon frå båtar og slitasje), Nærøydalen og Jorddalen (vegbygging, ras- og flaumsikring), Flåm (utanfor VO, veg, jernbane, ras- og flaumsikring). Andre område med negativ utviklingstrend er Vatnahalsen (utanfor VO, veg, jernbane og kraftutbygging), Fretheim/Flåm kai (utanfor VO, tettstad, hamn, veg, jernbane, flaumsikring), Aurland og Vassbygdi (utanfor VO, veg, kraftutbygging) og nedre del av Lærdalen med Lærdalsøyri (utanfor VO, tettstad, veg, flaumsikring).

Geirangerfjord-området:

Landskapsbilde (OUV VII) og utviklingstrend (2017): Dei mest særprega landskapsområda med høgaste verdi når det gjeld landskapsbilde er Geiranger, Geirangerfjorden, Holedalen (utanfor VO), Hestbreen-Skjerdingdalsbreen, Dyrdalen, Herdalen, Herdøla-Dampfossen og tindelandskapa Skorene-Tverrfjellet, Torvløysa-Sætertverrfjellet, Tollevsknivsegga-Kallskaret og Blåfjellet-Storbarden.

Hestbreen-Skjerdingdalsbreen, Dyrdalen og tindelandskapa Skorene-Tverrfjellet, Torvløysa-Sætertverrfjellet, Tollevsknivsegga-Kallskaret og Blåfjellet-Storbarden har ei ein positiv utviklingstrend. Geirangerfjorden, Herdalen og Herdøla-Dampfossen er noko endra, men er vurdert til å ha ein stabil utviklingstrend. Landskapsbilde med ein negativ utviklingstrend finn vi i Geiranger (nedbygging, utbygging, attgroing i liene/utmarka og beiterydding nær sentrum). Samstundes er det andre bygder i same område som har blitt opna opp pga. meir beitedyr (Grande, Møllsbygda; Homlong, dels Holebygda). Flydal-Oppelendskedal, Dalsnibba (vegbygging tilkomstveg Kolbjørnvatnet, kraftutbygging), Slettedalen-Viavatna (kraftutbygging) og Tafjorden (attgroing). Holedalen (utanfor VO) er plassert i kategorien usikker trend. Dvs. det er vanskeleg å sjå i kva retning verdien og eventuelt også sjølve landskapskarakteren blir påverka. (Lykkja et al, 2016).

Geologiske prosessar (OUV VIII) og utviklingstrend (2017): Dei viktigaste geologiske områda finn vi Heimste Blåhornet-Flosteinsnibba (utanfor VO) og Sunnylvsfjorden og Geirangerfjorden. Vidare eit stort samanhengande område med dalar og tinderekker frå Øvre Eidsdalen til og med Tafjorden og bygda Tafjord, sørover til Sætertverrfjellet og Blåhornet-Nokknibba, over Flydal-Oppelendskedal til Holedalen (utanfor VO) og Hestebreen-Skjerdingdalsbreen.

Alle fjellområda med høgast verdi, samt Sunnylvsfjorden og Geirangerfjorden har positiv utviklingstrend. Øvre Eidsdalen har usikker trend (vegbygging, rassikring, tunell), Herdøla –Dampfossen, Tafjorden, Tafjord bygd og Flydal- Oppelendskedal har noko endring, men stabil situasjon. Tre andre område har negativ utviklingstrend: Geiranger (veg, tettstad, hamn, attgroing), Dalsnibba-Rundegga (kraftutbygging, veg) og Slettedalen- Viavatna (kraftutbygging).

Viktige opplevingsområde og døme på bruk og tilrettelegging

Kva for område har spesielt høge verdiar knytt til sær preg, mangfald, heilskap og inntrykksstyrke? Kva for besøksgrupper eller besøkstypar etterspør slike opplevelingar? Kva for område har det vi kan kalle kjerneverdiar for opplevelingane til dei ulike besøksgruppene vi har i dag? Kva for område tåler tilrettelegging utan å miste særpreget? Kor mange kan bruke området samstundes utan at opplevelingane blir reduserte? Kan vi styre bruken i tid og rom?

Dei aktuelle karta viser kva for data som er digitalisert og lagt inn for verdsarvområdet med innfallsportar i fylkesatlas per januar 2018.

Dette er gjort i lag med verneområdeforvaltinga. Oversiktskarta som viser grad av kulturpåverknad (urørt preg til tettstad/bypreg) og typar av tilrettelegging og bruk er meint som grunnlag for diskusjonar av overordna karakter og for strategisk profilering, planlegging og forvaltning av verdsarvområda med innfallsportar.

Temakarta gjer det lettare å peike ut opplevingsområde med kjerneverdiar viktige for ulike besøksgrupper. «Purist-urbanistskalaen» høver i grove trekk til områdeinndelinga for kulturpåverknad (urørt preg-bypreg) og typar av tilrettelegging (infrastrukturkarta for sommar og vinter). Inndelinga av besøksgrupper kan gjerast meir detaljert ved å sjå på kva for «personas» (erketypar av besøksgrupper) som er aktuelle brukarar i ulike opplevingsområde. Slik innsamling av kunnskap om strategisk viktige besøksgrupper og deira kundereiser er viktige for utvikling av (nye) opplevelingar og for planlegging og langsiktig arealforvaltning. Nordnorsk reiseliv (2017) har jobba fram 17 slike arketypar av aktuelle besøkstypar for den nordlege landsdelen. Slike undersøkingar kan vere aktuelle også for verdsarvfjordane.

Geirangerfjord-området: Landskapsområdet Geiranger og Geirangerfjorden er «indre-fileten» i nord-området. Kjerneverdiar er knytt til det ikoniske landskapsbildet med bratte fjellsider, utbroten fjordline, fossar og fjordgardar i kulturlandskapet kring den tettbygde bygda i fjordbotnen. Utsikta frå dekk på veg inn fjorden og frå Ørnesvingen, Flydalsjuvet og Dalsnibba langs nasjonal turistveg er brukt i marknadsføringa av heile Noreg. Stadkjensla er knytt til ein godt bevart tettstad med småskala rom mellom husa, til nærbondesamfunn med fjorden og stranda. Sentrum absorberer gjester frå cruiseskip og turbussar, samstundes som området framstår som ganske opprinneleg og ekte. Fjellvegen opp til Strynefjellet er vinterstengd. Det heilskaplege området har kvalitetar viktig for alle besøksgruppene, men til ulike tider på året.

Nærøyfjord-området: Landskapsområdet Nærøyfjorden er «indre-fileten» i sør-området og opplevingsverdiane er knytt til eit smalt og svingete fjordløp med høge, skrånande lisider og fleire små landskapsrom. Området har eit frodig og naturnært preg, utan store inngrep som vegar, kraftliner, lys og støy. Fjordcruise og friluftsliv i eit særprega kulturlandskap med små grasgrøne bøar langsetter strandlinja. Det heilskaplege området har kvalitetar viktig for alle besøksgruppene. Eit ikonisk landskap med universelle verdiar, viktig for marknadsføringa av heile Noreg. Fretheim/ Flåm kai og Aurlandsfjorden har liknande funksjonar som Geiranger, men har heilt andre kvalitetar. Flåm kai

har terminalpreg, med store parkeringsareal, stor djupvasskai og sentrumsmiljø som verkar aude utanfor turistsesongen. Flåmsbana og E-16 gjer området lett tilgjengeleg. Staden appellerer ikkje til alle besøksgruppene.

Pressområde og område for avlasting og utvikling

Med pressområde meiner vi her små eller store reisemål (punkt, strekningar og område) der besøket medfører slitasje. Det vil seie at bruken ikkje lenger er berekraftig – for natur og miljø, for lokalsamfunn og lokal verdiskaping eller for marknadane og besøksnæringane.

Strakstiltak er viktig, men tilrettelegging kan føre til meir ferdsel. Før ein vel tiltak, er det viktig å stille seg nokre grunnleggjande spørsmål.

Kva er det som skjer her? Kven er aktørane? Kor stor er den lokale verdiskapininga? Kva er tålegrensa for innbyggjarane? Kva for gjester ynskjer vi å satse på? Kven vi vil gje gode opplevingar, no og i framtida?

Korleis styre slik at folk får gode opplevingar? Veit vi meir om gjestene, treff tiltak betre. Det gjer det og lettare å utvikle nye tilbod og område på rett måte, om vi ynskjer å spreie aktivitetane eller avlaste turmål. For å styre besøksstraumar og besøkande si åtferd har vi ei verktøykasse med tre rom merka før, under og etter. Det er tiltak som følgjer kundereisa; som informerer og førebur gjestene før dei kjem, informerer og styrer dei under opphaldet hjå oss, og måtar å halde kontakt på for å få tilbakemeldingar og gjenbesøk etter at dei er reist/komne heim. Besøksforvaltning er eit vidt arbeidsfelt.

Overordna plankart med strategi besøksforvaltning

For å kome fram til strategiar for besøksforvaltning trengst det ein grundig og demokratisk prosess i alle kommunane. Dette prosjektet hadde ikkje ressursar til å drive slike prosessar, men vi har grunnlag nok til vise døme på korleis ei slik overordna ressursforvaltning av opplevingsområde og tilrettelegging kan visast på kart.

Vi har med vilje teikna kartet for hand, som ei **ide-skisse**, basert på innspel frå ulike hald: Verneområdestyret for Nærøyfjorden er kome langt i arbeidet med besøksstrategiar, og ynskjer m.a. ei oversikt over kva for område som skal ha lite tilrettelegging og mykje tilrettelegging i framtida. På folkemøta har det vore mykje snakk om pressområde. Reiselivet ynskjer avlastingsområde, slik at fleire kan få ei god oppleveling på ein gong. Innfallsportar og ferdelsmønster er viktige for besøksforvaltning, både på fjorden, i bygda og til fjells. Saman med temakarta som blir utvikla digitalt i fylkesatlasen, har kommunane no eit godt grunnlag for å gå vidare med SWOT-analysar og strategidiskusjonar på grendenivå.

Nærøyfjord-området har eit stort samanhengande område med lite tilrettelegging. Det er behov for mykje tilrettelegging og ulike former for trafikkstyring langs dei mest trafikkerte ferdelsårene og besøkspunkta frå Stalheim og ut Nærøyfjorden, frå Vatnahalsen/Rallarvegen ned Flåmsdalen til Flåm kai, Undredal og frå Flåm til Aurlandsvangen og Skjerdal.

Pressområde: Fretheim/Flåm og Gudvangen og besøkspunkta Bakka og Undredal har utfordringar med masseturisme, infrastruktur, bulyst og trivsel. Stalheim (innfallsport, besøkspunkt, attraksjon) og Stegastein (trafikkutfordringar, toalett, innfallsport/besøkspunkt, attraksjon).

Utviklingsområde: Bakka og Stalheim er også utviklingsområde (verdsarvhus), Stegastein er avlastingsområde (alternativ fjordutsikt Bakkanosi). Andre område som ynskjer utvikling og har stort potensiale for å ta i bruk verdsarven til meir verdiskaping er Jorddalen (verdsarvhus) Myrkdalen (hytter, alpinanlegg, turområde), Vik, Vangsnæs og Feios (innfallsportar), Fresvik (innfallsport, verdsarvhus), Myrdal og Vatnahalsen (innfallsport) og Aurlandsvangen (verdsarvsenter).

Geirangerfjord-området har to store område med lite tilrettelegging. Området er delt av aksen som følgjer nasjonal turistveg fra Eidsdal via Geiranger og Dalsnibba opp til Strynefjellet. Det eine går langs heile austsida av Sunnylvsfjorden, over Geirangerfjorden ned til Sunnylvsbygda. Det andre fjellområdet strekker seg fra Tafjorden til Geiranger. Det er behov for mykje tilrettelegging og ulike former for trafikkstyring i Geiranger og Flydal – Opplendskedal.

Pressområde: Geiranger har utfordringar med masseturisme (verdsarvsenter, infrastruktur, bulyst og trivsel). Besøkspunkt Dalsnibba er godt rigga for masseturisme (innfallsport, besøkspunkt, attraksjon).

Utviklingsområde: Hellesylt har press i sentrum (trafikk, cruisekai), men er samstundes både avlastingsområde for Geiranger og utviklingsområde (innfallsport, verdsarvhus). Skageflå og Herdalssetra kan få redusert verdiar knytt til verdsarven og også endre landskapskarakter ved stor trafikk. Utviklingsområde er Flofjellvegen



(avllasting Geiranger), Ljøbrekka (avllasting Geiranger, Skageflå), Stranda (Strandafjellet), Eidsdal og Eide (parkering Eidsdal, innfallsport), Norddal (innfallsport, avlasting Geiranger), Sylte/Valldal (innfallsport) og Tafjord (innfallsport, avlastning Herdalen og Geiranger). Det er ynskje om å etablere verdsarvhus i fleire av bygdene.

Gjesteundersøkingar og lokal verdiskaping

For å styre godt, treng vi altså informasjon om gjesten/kundegruppene og kundereisa. Kva etterspør kunden? Korleis er kundereisa? Kva for kundegrupper legg mest att når det gjeld lokal verdiskaping? Kva for kjerneverdiar blir det viktig å ta omsyn til i samband med profilering, marknadsføring, tilrettelegging og forvaltning?

Forholdet mellom reiseliv og lokalsamfunn

Det er viktig å leggje til rette for gode møte mellom dei som bur her og dei som kjem på besøk. Det er også viktig å leggje til rette for gode møte mellom lokalbefolkning og styresmaktene. Dette er også føremålet med kommunane sine samfunnsplanar. UNESCO legg stor vekt på reell brukarmedverknad og involvering av lokalsamfunn i planlegging og forvaltning. Det er ein føresetnad for berekraftig utvikling på lang sikt.

Flåm og Geiranger er dei to sentrale reisemåla i kvart sitt område, med nokre hundre innbyggjarar og nærmare 1 000 000 besøkande i løpet av året. Innbyggjarane ynskjer framleis turismen velkommen, men det er lokal usemjø om omfang av turismen og måten den skal forvaltas på. Fleire meiner det skal setjast strengare miljøkrav til cruiseturismen og leggjast betre til rette for handtering av masseturismen (Turtum, 2016 og Svaland, 2016).

Den største frustrasjonen når det gjeld besøk og manglande styring av besøksgruppene, er det lokalbefolkinga i Geiranger, Flåm, Undredal, Gudvangen og Bakka som målber. Dette er kartlagt av studentar og forskrarar, og på parkmøte og folkemøte. Gode møteplassar er viktig. Dialogkonferansane i Flåm i 2015 vart til på bakgrunn av at innbyggjarane etterlyste høve til meir aktiv medverknad og eit sterke leiarskap frå kommunen si side for å balansere hensynet til reiselivet med omsynet til lokalsamfunnet. (Nærøyfjorden verdsarvpark, 2015)

Vegen vidare - besøksforvaltning lokalt og regionalt

Kommunane står no overfor mange store og små utfordringar når det gjeld besøksforvaltning i og inntil verdsarvområda. Geiranger sin eksistens er avhengig av ein langsiktig berekraftig utvikling av turisttrafikken (jf. forstudie til masterplan, Geiranger utvikling, 2018). Lokalsamfunna i Nærøyfjorden vurderer ukontrollert og ukoordinert masseturisme på fjorden som ei av dei største utfordringane. (Stokke et al, 2017). Fleire av dei vedkjem også regionale og nasjonale styresmakter.

Kommunane har svært ulike utgangspunkt for å jobbe med besøksforvaltning. Nokon har overturisme, andre har lite turisme . Det som er klart, er at politikarar og forvaltarar som ikkje gjer noko med besøks-forvalting, tek eit stort og aktivt val, som får store konsekvensar for natur, miljø, lokalsamfunn og næringsliv. Det er no samla eit breitt kunnskapsgrunnlag som er utarbeidd i lag med mange aktørar. Tida er inne for å ta besøksforvaltninga inn i offentleg forvaltning, både kommunalt, regionalt og nasjonalt. Siste kapittel foreslår måtar å gjere det på.

Føreord	03
Samandrag	05
Innhald	15
1. Innleiing	17
1.1 Føremål med prinsipp for besøksforvaltning i verdsarvområda	17
1.2 Definisjon av arbeidsområde	18
1.3 Kvifor treng vi besøksforvatning no?	20
1.4 Kundereisa	20
1.5 Kort om rammeverket	21
1.6 Metode	22
2. Kunnskapsgrunnlaget	23
2.1 Landskapsanalyse	23
2.2 Omgrep og definisjonar knytt til landskapsanalysen	24
2.3 KART Landskapsområde	26
2.4 KART Landskapstypar	28
2.5 KART Landskapsbilde – OUV VII	30
2.5 KART Utviklingstrend Landskapsbilde OUV VII	32
2.6 KART Geologiske prosessar – OUV VIII	34
2.7 KART Utviklingstrend Geologiske prosessar OUV VIII	36
2.8 KART Naturpreg/kulturpreg- Sommar	38
2.9 KART Naturpreg/kulturpreg- Vinter	40
2.10 KART Fylkesatlas- felles informasjonsdatabase?	42
2.11 KART Naturpreg/kulturpreg + ferdelsmønster- Sommar	44
2.12 KART Naturpreg/kulturpreg + ferdelsmønster- Vinter	46
2.13 KART Ferdsel på fjorden- Sommar	48
2.14 KART Ferdsel på fjorden- Vinter	50
2.15 KART Aktivitetar og opplevingar	52
2.16 Sårbare naturverdiar	54
2.17 Reiselivet – Besøk og verdiskaping	54
2.18 Digitale kartdata for besøksforvaltning	58
2.19 Koordinert besøksforvaltning som reiskap for berekraftig reiselivsutvikling	58
2.20 Sjøfart og utslepp i verdsarvfjordane	61
2.21 Andre forskingsprosjekt	63
2.22 Andre planar og relevant kunnskap	65
2.23 Oppsummering av kunnskapsgrunnlaget	70
2.24 Kva treng vi å vita meir om?	71
3. Visjon, mål og strategiske grep for verdsarvområda med innfallsport – Tilrådingar	73
3.1 Visjon	73
3.2 Prinsipp for god besøksforvaltning	73
3.3 Mål for berekraftig besøksforvaltning av vestnorsk fjordlandskap	74
3.4 Strategi	75

4. Tiltråding og tiltak – utvalde område	83
Geiranger	84
Hellesylt	86
Eidsdal sentrum	87
Nærøyfjorden	88
Fresvik	90
Jordalen	91
5. Vegen vidare – Besøksforvaltning lokalt og regionalt	93
6. Kjelder	99

1.1 Føremål med besøksforvaltning i verdsarvområda

Besøksforvaltningsarbeidet skal :

- Styrke kjerneverdiane knytt til natur og landskap
- Involvere lokalsamfunn i berekraftig planlegging og forvaltning
- Legge til rette for eit spekter av berekraftige aktivitetar og opplevingar

Prosjektet skal teste ut om kartlegginga av verdsarvverdiar knytt til landskapsområde tilfredsstiller behova til ein fyrste generasjons besøksforvaltningsplan. Arbeidet skal danne grunnlag for overvaking, rapportering og ivaretaking av verdiane knytt til verdsarvstatusen og andre viktige natur- og kulturverdiar på nasjonalt, regionalt eller lokalt nivå.

I samband med forvaltningsplanar oppmodar UNESCO til å ta alle viktige natur- og kulturarvverdiar med, slik at planen kan fungere for lokal forvaltning like mykje som for rapportering til nasjonale styresmakter og UNESCO. Strategiar som ein treng for å forvalte viktige ressursar har ein indre driv, vil bli følgde opp over tid, bli reviderte og tekne i bruk. UNESCO har erfart at berre planar som fungerer lokalt og som blir tekne i bruk, kan bidra til å sikre ei berekraftig utvikling.

UNESCO samarbeider tett med IUCN Og ICCROM (natur- og kultur-institusjonar som m.a. foreslår kva for område som kan koma på verdsarvlista). IUCN og ICCROM har no fått oppdraget med å sy sammen manualane for forvaltning av naturarv, kulturarv eller mix-område til eitt felles dokument (2014-2020). To viktige prinsipp blir vektlagt: Vi skal forvalte både natur og kultur på ein heilskapleg måte, og vi skal lage ein plan som inkluderer og involverer ulike lokalsamfunn og interessegrupper. (Linking nature and culture og People Centered Approaches). Desse to prinsippa gjennomsyrer også UNESCO sin nye strategi for berekraftig reiseliv og UNESCO sine strategiar for besøksforvaltning (Court and Wijesuriya, 2015).


Det tredje prinsippet vi legg til grunn er at vi skal ta vare på opplevings- område og leggje til rette for berekraftig utvikling av besøksnæringane. Det inneber ei utvikling som både marknadane (besøksgruppene) ynskjer og reiselivet kan leve av.

Besøkande kan ha reist både kort og langt. Difor seier vi at besøksforvaltningsplanen er ein ny form for samfunnsplan.

Lokal-samfunn



Innfallsporter - Geirangerfjordområde, kart 01




Verneform

- Landskapsvernombjøde (LVO)
- Verdsarvområde (UNESO)
- Naturreservat (NR)

29.12.2017

Kartgrunnlag: Kartverket, oktober 2017
oppdatert av ALGARD NATURVERKSTAD og
NATURVERSTADEN VALDRELS

0 2,5 5 10 15 1 Km N



Store besøksstraumar




Mindre besøksstraumar

1.2 Definisjon av arbeidsområde

Natur- og kulturkvalitetane som ligg til grunn for verdsarvstatusen bråsluttar sjeldan ved ei administrativ grense, som t.d. ei vernegrense. Dei unike og særprega naturgeografiske og geologiske kvalitetane og dei spektakulære og inntrykkssterke landskapsbilda utanfor verneområda kan mange stader vere like viktige for opplevingar og aktivitetar som dei verna områda innanfor.

For praktisk besøksforvaltning er det difor viktig å kjenne forholda både i og inntil verneområda. For det første betyr det at dei besøksstraumane og aktivitetane som skjer utanfor verdsarvområda kan påverke verdsarven og verdsarvstatusen. Styresmaktene må difor rapportere jamleg til UNESCO og fortelje korleis ein handterer dette. For det andre betyr det at ein også kan oppleve og legge til rette for meir aktiv bruk av slike område i reiselivssamanheng utanfor vernegrensa. Difor jobbar vi nært med verneområdeforvaltninga i utarbeiding av besøksstrategiar.



Dei kartlagde landskapsområda og innfallssportane som ligg utanfor verdsarvområdet i Sogndal og Lærdal kommunar i Nærøyfjordområdet er dusa ned. Desse kommunane er ikkje med i prosjektet, og analysane for besøksforvaltning er difor ikkje gjennomført for desse områda. Norddal kommune slutta seg formelt til prosjektet på slutten av prosjektperioden, det er ikkje gjennomført like grundige analysar i Norddal kommune.

«Me
må gå frå å ha
mainstream-turisme,
til ein meir berekraftig
turisme», folkemøte,
Flåm, 21.04.15

1.3 Kvifor treng vi besøksforvaltning no?

Besøkspress og overturisme som trugar verdsarvverdiane er kjende fenomen frå attraksjonar som Venezia, Barcelona, Taj Mahal og Machu Picchu. For mange besøkande på ein gong fører til slitasje på lokalbefolking, naturmiljø og landskap. Det gjev igjen reduserte opplevingar for gjestene som kjem for å oppleve desse fantastiske områda (Becker, 2014). Nærøyfjorden og Geirangerfjorden er attraksjonar i same verdsklasse, dei største reisemåla har ekstreme besøkstal i forhold til innbyggjartal, og dei same problema er i ferd med å utvikle seg her hjå oss.

1.4 Kundereisa

Endringane er vel så store når det gjeld sjølve måten vi reiser på. Vi er i ferd med å bevege oss frå serviceøkonomi til opplevingsøkonomi. Reiselivsindustrien har lenge handla mest om massekonsument og avslappande feriar, no vil turistane ha gode og meiningsfulle opplevingar og aktive reiser som er spesielt tilpassa deira ynskje. Dei set gjerne saman reisa sjølv, og ikkje minst: dei marknadsfører i aukande grad opplevingane og reisemåla sjølve.

I 2010 gjekk om lag 800 turfolk dei 11 kilometrane opp på fjellet ovanfor Odda og ut på Trolltunga. I 2014 var det 40 000, i 2017 over 85 000.). Eksplosjonen av besøkande på Trolltunga har vist oss kor raskt turistane gjennom sosiale media finn fram til og skapar nye reisemål.

Trendane tyder på at reisemål og destinasjonsselskap får stadig mindre arbeid med marknadsføring og pakking, dette skjer alt meir gjennom nye kanalar, utanfor lokal kontroll. Område med store besøksstraumar kjem til å måtte jobbe hardt for å ta vare på kjerneverdiane i dei gode opplevingane. For å få til det, må ein nå gjestene med informasjon og tilrettelegging, før dei kjem, under opphaldet og etter.

Rett tilrettelegging til rett tid, gjennom heile kundereisa, gjev mange
Tilrettelegging i hele kundereisa

*Tilrettelegging
gjennom heile kundereisa
som viser høgdepunkta.
Heile reiseopplevinga er
viktig for totalinntrykket,
for minna ein sit att med,
for om gjestene kjem tilbake
og for det dei fortel til andre.
(Hansen, 2014)*



gode opplevingar (Hansen, 2014). Det er viktig å ivareta behova ulike marknadars og opplevingsgrupper har når det gjeld naturkvalitetar, tilretteleggingsgrad og servicetilbod. Utarbeiding av strategiar må difor skje på bakgrunn av kunnskap og verdival. Slik kan ein styre utviklinga i nært samarbeid med reiselivet lokalt, regionalt og nasjonalt, og bruke heile verktøykassa for å nå gjestene gjennom heile kundereisa.

1.5 Kort om rammeverket

Internasjonalt - UNESCO «Naturarv av universell verdi»

Innkskrivingsteksten viser at våre fjordområde er innkskrivne på naturarvlista med grunnlag i naturkvalitetane, som det einaste området i Noreg så langt. Innkskrivingsteksten understrekar at kulturarven bidreg til å forsterke landskapsverdiane, men er ikkje likestilt som verdsarvverdi. Når vi rapporterer til UNESCO er det status og forvaltning av verdsarven vi dokumenterer.

Nasjonalt

Klima- og miljøverndepartementet (KLD) er øvste ansvarlege koordinerande styresmakt for verdsarvområda. KLD si avdeling for kulturminneforvalting er peika ut som nasjonalt kontaktpunkt for konvensjonen. Fagdirektorata ved Riksantikvaren (RA) og Miljødirektoratet (MDir) har ansvar for faglig oppfølging av konvensjonen på kvar sine felt: RA for kulturarven og MDir for naturarven.

Regionalt

Verna område: Mest heile verdsarvområdet er verna som landskapsvernombord, samt nokre mindre naturreservat. Bruken her blir først og fremst styrt gjennom Naturmangfaldlova og verneforskrift. Forvaltninga er lagt til lokale verneområdestyre (kryssar kommunegrensene).

Verdsarvområde: Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv (SGV) vart stifta i 2009 av Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane Stranda og Norddal. Stiftinga sitt føremål er å *utvikle kompetanse innan vern, bevaring og formidling av naturarven Vestnorsk fjordlandskap, å drive ei berekraftig utvikling av det unike verdsarvområdet, å representerere ein arena for vitskapeleg forsking på området, samt vere premissleverandør overfor myndigheter*, i tråd med artikkel 5 e) i UNESCO-konvensjonen, samt anna som elles står i naturleg samanheng med dette.

Nærøyfjorden Verdsarvpark er ein regionalpark for berekraftig bygdeutvikling etablert kring Nærøyfjordområdet og vart stifta i 2008 av Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss. Regionalparkens fremste mål er m.a. å vere pådrivar for ei natur- og kulturbasert samfunnsutvikling med forankring i verdsarvstatusen til Nærøyfjordområdet, og ta vare på og verne om verdsarvverdiane gjennom utvikling og bruk. Regionalparken og partnarane der er kjende for arbeid knytt til ressurskartlegging, lokal verdiskaping, bulyst og besøksforvaltning. Ein av partnarane, Aurland Naturverkstad, tok initiativ til prosjektet og prosjektleiinga vart lagt til Nærøyfjorden verdsarvpark.

Andre interkommunale og regionale planar: Masterplanarbeid Geiranger og Nærøyfjorden. Andre interkommunale eller regionale planar.

Lokalt

Innfallsportane er regulert av kommunane gjennom Plan- og bygningslova. Det same gjeld bygdene som ligg inne i verdsarvområdet, som Geiranger i nordområdet og Undredal, Gudvangen og Bakka i sørrområdet.

1.6 Metode

Berekraftig besøksforvaltning har fleire viktige dimensjonar som inneber behov for ny kompetanse og ei utvida verktøykasse for offentleg forvaltning. Informasjon og tilrettelegging femner om heile **kundereisa** (før, under og etter opphaldet på reisemålet). Kunnskap om aktuelle **besøkstyper** og deira **behov** blir difor viktig.

Kartlegging og ivaretaking av **kjerneverdiane**, kva **kjerneforteljingar** ein vil dra fram og forvaltning av **opplevelingsområde** må vere tilpassa eigna metodar for forvaltning og styring av ulike besøksgrupper, anten dei har reist kort eller langt. Kunnskap om besøksgruppene vil gjere det lettare å leggje til rette for utvikling av nye berekraftige tilbod (opplevelingar, service, samferdsel)

Besøkande kan vere både **lokal befolkning** og **dei som har reist langt**. I dei mest populære verdsarfjordane er berekraftig utvikling, **bulyst** og besøksforvaltning same sak. For å sikre god forvaltning av natur og kulturlandskap må besøksforvaltninga bli ein del av **samfunnsplanlegginga** og ein del må løysast gjennom arealplanarbeidet ref. Tema som friluftsliv og folkehelse, tilrettelegging av friluftsområde, **allmannaretten** og **ferdsel** i utmark, jakt, fiske, kulturminne, kulturlandskap, beitetiltak og attgroing, samferdsel, servicetilbod, bulyst og rekruttering heng direkte saman med **profiling** (korleis vi ynskjer å framstå, kva vi vil vise fram) og andre delar av besøksforvaltninga.

Det er gjennomført **analysar** av **landskapsressursar**, **verdsarvverdiar**, **gjesteundersøkingar**, lokal **verdiskaping** og **tolegrenser** for lokal-samfunna i regi av prosjektet. Det er gått opp nye løyper for digitalisering av viktig **infrastruktur** for **reiseliv**, **friluftsliv** og besøksforvaltning i nært samarbeid med verneområdeforvaltarane. Karta er ikkje fullstendige, men data blir lagt ut på **fylkesatlas** etter kvart som ein får digitalisert dei. Dette er kartdata som ein kan setje i saman slik ein ynskjer og kople med andre **digitale databasar**. Temakart med **overlay-analysar** er viktige innan mange typar offentleg og privat planlegging og forvaltning. Dei er eit viktig bidrag til verktøykassen for besøksforvaltning.

Vi viser ein del døme på temakart i denne rapporten. Mange av dei høver godt for utvikling av **arealplanar**, **temaplanar** (turruter/stiar- og løyper, viktige landbruksområde, kulturlandskap) og **fagrapporitar** (sårbarheitsanalysar, ferdselsteljingar, mv). Sogn og Fjordane fylkeskommune har teke på seg å legge inn kartdata for heile verdsarvområdet med innfallsportar. Verneområdeforvaltar for Nærøyfjorden og prosjektmedarbeidarar frå Geirangerområdet bidreg med kvalitetssikring av data.

Det er framleis mykje vi ikkje veit, men vi er blitt meir klar over kva vi ikkje veit, og kva vi treng å vite meir om. Store mengder med tal treng ikkje alltid gje oss betre løysingar. **Løysingar som gjeld verdival** og omdømme ligg like gjerne i spørsmålet som i svaret. Det er snakk om å ta i bruk den innsikta vi har fått, velje retning og bestemme oss for å ta rolla som utviklingsaktørar. Det gjeld for alle, anten vi jobbar med berekraftig forvaltning av natur og landskap, lokalsamfunn eller næringsliv.

2 Kunnskapsgrunnlag

Verdsarvområda skal **rapportere til UNESCO** om korleis dei tek vare på verdiane, og vise til planlegging og iverksetjing av tiltak dersom verdsarven står i fare for å blir degradert eller truga på anna vis. Kunnskapsinnhenting og kompetansebygging som gjer at vi kan ta kunnskapen i bruk er viktig.

Landskapskvalitetane heng nøye saman med integriteten til verdsarvområdet. Landskapet og landskapskvalitetane er også ein svært viktig del av ressursgrunnlaget for reiselivsnæringa i fjordane. Forvaltninga etterlyste meir kunnskap, spesielt om landskapskvalitetar og verdsarverdiar, besøksgrupper og lokal verdiskaping. (Lykkja og Knagenhjelm, 2014). Dette kapitlet oppsummerer funn frå dei ulike delprosjekta og temakart med samanstillingar (overlay-analysar).

Fleire viktige utgreiingar er starta opp i Vestlandsregionen, og resultata kjem no ved avslutninga av dette besøksforvaltningsprosjektet. Det gjeld td. sårbarheitsanalysar for verneområda (NINA, in prep), strategi for utbygging av Flåmsbana (des. 2017), Cruisestrategi for Vestlandet (2016) med handlingsplan (utkast nov. 2017). Resultata kom for seint til å bli innarbeidd i denne rapporten.

Begge fjordane er store **cruisedestinasjonar**, og her går diskusjonane høgt om tema som lokal verdiskaping, utslepp og klimapåverknad. Cruisestrategien for Vestlandsregionen 2016-2020, slår i kap. 11.4 fast at desse «verdsarvområda er særleg verdifulle for norsk reiseliv og samstundes sårbare», og at «...det må det stillast spesielle krav til utviklinga slik at ein ikkje reduserer den unike posisjonen som desse områda har i internasjonal samanheng. Ein må ikkje kome i den situasjonen at ein misser status som Noregs einaste reine naturarvområde på UNESCO si liste over verdas natur- og kulturarv». (Hordland Fylkeskommune et al, 2016)

2.1 Landskapsanalyse

Med utgangspunkt i UNESCO sine vurderingar av landskapsverdiar (kriterium vii og viii) og forvaltningsbehov slik dei er attgjevne i forvaltningsplanane for dei to fjordområda (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2008, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 2008), vart det ut-arbeidd ein overordna landskapsanalyse for verdsarvområdet med innfallsportar. Analysen skulle danne grunnlag for besøksforvaltningsplan for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap med innfallsportar (Lykkja et al, 2016).

Målet var å få ei fyrste oversikt over landskapskvalitetar og hovudkjenneteikn ved dei ulike landskapstypane, og ei områdevis vurdering av OUV-en (kriterium vii og viii); status (tilstand), tåleevne (endringskapasitet), utviklingstrend for område som dei besøkande direkte eller indirekte påverkar gjennom bruk/som er viktig for besøksnæringane (brukarinteresser) og som besøksforvaltninga dermed skal handsame.

2.2 Omgrep og definisjonar knytt til landskapsanalysen

Den europeiske landskapskonvensjonen understrekar at landskapet er ein felles ressurs og eit felles ansvar. I landskapet møtest mange ulike slags verdiar og ressursar – kulturelle, økologiske, estetiske, sosiale og økonomiske. Landskapskonvensjonen fordrar difor medverknad i plan-legging og forvaltning. Den norske **Plan og bygningslova** av 2008 legg konvensjonen til grunn for si landskapsforståing. Det gjeld også **naturmangfaldlova** og **kulturminnelova**.

Den europeiske landskapskonvensjonen:

«Landskap betyr eit område, slik folk oppfattar det, med eit sær preg som er eit resultat av påverknad frå, og samspelet mellom, naturlege og /eller menneskeskapte faktorar»

I arbeidet med landskapsanalysen har brukarane delteke med data og lokalkunnskap gjennom folkemøte, seminar, fagmøte og ulike innspelsrundar. Metoden er skildra i utkast til landskapsanalyse for Nærøyfjordområdet og Geirangerfjordområdet (Lykkja et al, 2016) og bygger på metode skildra Framgangsmåte for vurdering av landskapskarakter og landskapsverdi. (Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren. 2010).

Kartlegging av landskapskarakter og landskapstype

Landskapet er delt inn i *landskapsområde*, basert på det norske referansesystemet for landskap (Puschmann, 2005). Slike område kan ha fleire landskapsrom med tilnærma like kjenneteikn og eigenskapar knytt til landform, geologi, vatn og vassdrag, vegetasjon, landbruk, infrastruktur. Ei samla skildring av desse komponentane kallar vi landskapskarakteren. Område med om lag same landskapskarakter kan grupperast i ulike *landskapstypar*. Landskapskarakteren skildrar eit område slik det framstår. Eit område kan endre karakter, og koma over i ein ny landskapstype. Men dette er ikkje ei verdivurdering. Sjå temakart over landskapsområde og landskapstypar.

Kartlegging av OUV vii, Geologiske prosessar

Vurdering av verdsarvverdi er gjort i ein eigen analyse. Metoden legg til grunn at ein slik fangar opp *OUV kriterium viii, framifrå geologiske prosessar, på områdenivå*. På temakarta kalla *OUV vii, Geologiske prosessar*. Verdisetting etter ein tre-delt skala.

Kartlegging av OUV viii, Landskapsbilde

Den romlege landskapsanalysen har også ei overordna vurdering av visuelle og estetisk-romlege landskapskvalitetar knytt til hovudkategoriane mangfold, heilskap og inntrykksstyrke. Desse kategoriane inngår også i ein vidareutvikla versjon i metoden Landskapsanalyse for kommuneplanlegging (RA – Mdep, 2010??).

Metoden legg til grunn at ein slik fangar verdiane UNESCO skildrar i *OUV kriterium vii, framifrå vakre landskap, på områdenivå*. På temakarta kalla OUV viii, Landskapsbilde. Verdisetting etter ein fem-delt skala.

Kartlegging av opplevingsområde

Metoden fangar opp dei landskapsromma som ein opplever når ein Prinsipp for besøksforvaltning - Vestnorsk fjordlandskap

ferdast gjennom landskapet, og det som pregar desse. Den romlege inndelinga høver slik for ei inndeling i opplevingsområde, noko som er aktuelt for å utvikle besøksstrategiar på overordna nivå. Inndeling etter ein femdelt skala frå natur-kulturmønster, basert landskapskarakter og tilrettelegging (reiselivsmessig infrastruktur) og kor eigna områda er for hovudgrupper av opplevelingar knytt til purist-urbanist-skalaen, sommar og vinter.

Inndelinga byggjer på kjennskap til området og til kundegruppene og deira bruk. Det er behov for meir undersøkingar og forsking på kva for ynskje og behov ulike målgruppe/gjestetypar/kundegruppe har til landskapsbilde og kvalitetar i landskapet, kva for stadkjensler dei verdset og i kva grad dette heng saman med tilrettelegging og tilgjenge.

Kartlegging av bruk/status og utviklingstrend

På bakgrunn av feltarbeid og lokalkjennskap er det i samarbeid med brukarar, forvaltning og fagspesialistar gjennom prosjektet utarbeidd ei vurdering av kor mykje brukt ulike område er. Der ein ikkje har eksakte data/teljingar, er det gjort eit skjønnsmessig vurdering i lag med kjentfolk og basert på tal frå turbøker mv.

I samband med landskapskartlegginga er det og gitt ei vurdering av utviklingstrend for landskapsbilde og geologiske prosesser (innanfor vernegrensene kalla OUV vii landskapsbilde og viii geologiske prosesser). Dette er gjort med bakgrunn i metodar utarbeidd ved Great Barrier Reef i Australia (Day, 2010). Skildringar og områdekart viser om trendane gjeld heile landskaps-område eller er avgrensa til punkt, liner/strekningar eller areal/ delområde.


Grunnlag for å vurdere endringskapasitet og tåleevne

Kartlegginga kan slik også danne grunnlag for å vurdere endringskapasitet og tåleevne, der vi ser eller kjenner til problematikk og konkrete planar. Kartlegginga kan slik nyttast i samband med ulike typar av konsekvensvurderingar og for å vise endring over tid (rapportering til UNESCO kvart 6. år).

*Landskapskartlegginga legg til grunn at UNESCO har gjort ei svært grundig vurdering av landskapskvalitetane, og at det for forvaltning av verdsarv-området er viktigare med ei **innbyrdes vurdering** av kvalitetar og forvaltningsbehov, enn å vurdere dei i forhold til kringliggjande fjordlandskap. Karta og skildringane er revidert i samband med besøksforvaltningsprosjektet.*

Dei fleste karta er lagt ut på fylkesatlas for Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Døme på temakart er vist i denne rapporten. Karta viser status for 2017 og kven av områda som har ein landskapskarakter med negativ trend (der området er i ferd med å endre verdi frå til dømes A+ til A-). Planlagde (ikkje gjennomførte) tiltak er ikkje med i vurderingane. Karta gjev oversikt og høve til å gå ned på detaljnivå der ein ser at det er nødvendig med over-vaking og tiltak for å oppretthalde verdiane eller forbetra desse.

Karta gjev høve for å vurdere effekt (konsekvensar) av planlagde tiltak der område står i fare for å bli degradert, eller der tiltak kan auke verdien. Oversiktskartlegginga forenklar forvaltninga og lettar samstundes rapporteringa til UNESCO vesentleg.




2.3 Landskapsområde

Landskapsanalysen tek utgangspunkt i ei romleg-visuell inndeling av landskapet i landskapsområde og ei systematisk skildring av hovudkomponentane i landskapet: Hovudforma i landskapet, geologisk innreiing, vatn og vassdrag, vegetasjon, jordbruk og anna primærnæring, kulturhistorie, djupne og kulturelle preferansar. Landskapsområda får geografiske referanse knytt til stadnamn. Eit område kan ha eitt eller fleire landskapsrom med tilnærma like kjenneteikn og eigenskapar. Landskapskarakteren er summen av komponentane og samansetjinga av desse gjev området sær preg og identitet. Område med om lag like kjenneteikn eller landskapskarakterar kan grupperast landskapstypar.

01 GEIRANGER	14 HOLEDALEN	25 EIDSDALEN NEDRE	LITTLEJORDHORNET
02 FLYDAL- OPPLENDSKEDAL	15 HESTEBREEN-	26 EIDSDALEN ØVRE	36 LINGE-SYLTE-FJØRA
03 DALSNIBBA-RUNDEGGA	SKJERDINGDALSBU	27 GEITFJELLET-GRØTET	37 VALDDALEN
04 LANGAVATNET	16 SUNNYLVSFJORDEN	28 NORDDAL	38 HERDØLA-DAMPFOSSEN
05 VESTERÅSDALEN	17 STRANDADALEN-HERDALEN	29 DYRDALEN	39 RUSET-SELBOSKARDBYGDA
06 BLÅHORNET-NOKKENIBBA	18 STRANDA SENTRUM-	30 HERDALEN	40 TAFJORDEN
07 GEIRANGERFJORDEN	BYGDA ANSOK	31 STORÅSMYRANE	41 TAFJORD BYGD
08 LJØEN-KORSFIORDEN	19 STRANDA-ANSOK	32 GRÅSTEINDALEN	42 ONILSAVATNET
09 STREKANE	20 VASSETSÆTRA	33 TORVLØYSA-	43 RØDALEN
10 HELLESYLT	21 HEIMSTE BLÅHORNET-	SÆTERTVERRFJELLET	44 KALDHUSDALEN
11 SUNNYLVSBYGDA-HELSET-	FLOSTEINSNIBBA	34 BLÅFJELLET-	45 ZAKARIASVATNET
FRØYSA	22 LIABYGDA	STORBARDEN	46 SLETTDALEN-VIAVATNA
12 HOLE-BJØRDAL	23 NORDDALSFJORDEN-EIDSDAL	35 TOLLEKNIVSEGGA-	47 KILSTIMARKENE
13 NEDSTEVATNET	24 SKORENE-TVERRFJELLET	KALLSKARET-	

Landskapsområde - Nærøyfjordområdet, kart 04



29.12.2017

Kartgrunnlag: Kartverket | oktober 2017
utarbeidet av AURLAND NATURVERKSTAD og
NATURVERKSTADEN VALDØRS


0 2,5 5 10 15 Km

Verneform

- Landskapsvernombjørde (LVO)
- Verdsarvområde (UNESO)
- Naturreservat (NR)

01 GUDVANGEN	20 KVAMMADALEN	37 NONHAUGFJELLET	54 VINJE
02 NÆRØYFJORDEN	21 BLEIA- BLÅSKAVLEN	38 DYRDAL	55 OPPHEIMSvatnet
03 BEITELEN	22 ERDALEN	39 LANGAFJELLET-	56 STALHEIM- FYRE
04 AURLANDSFJORDEN- UNDREDAL	23 LÆRDALSFJORDEN	RIMSTIGFJELLET	57 NÆRØYDALEN
05 UNDREDALEN	24 LÆRDALSØYRI	HANDADALSEGGI	59 JORDALEN
06 SYRDALSBREEN	25 LÆRDAL NEDRE DEL	40 FRESVIKBREEN	59 FRESVIKJORDALEN-
07 FLENJAEGGI	26 REVSNES- FODNES	41 KIERINGAFJELLET	BERDDALEN-MULEN
08 GRINDAFLETENE	27 VINEDALEN	42 BERDAL- HAUGASETE	60 TUNDALEN- STOREDALEN
09 UPSETE- MJØLFJELL	28 KAUPANGER	43 FEIOS- HERMANNSVÆRK	61 RAMBERA
10 VATNAHALSEN	29 SOGNEFJOREN- FRØNNINGEN	44 VANGSNES-HELLA- BALESTRAND	62 BLÅSKAVLEN
11 FLÅMSDALEN	30 ÅSEN (FRØNNINGEN)	45 MÅLSNES	63 SKJERDALEN-VOLDEDALEN
12 FLÅM	31 NORDHEIMSDALEN	46 VIK	64 ØVSTHUSDALEN
13 FRETHEIM (FLÅM KAI)	32 AURLANDSDALEN YTRE	47 FLATAFJELLET	65 SOLEIBAKKANE
14 AURLANDSFJORDEN- VANGEN	33 MULAKAMBEN- GAGERNES	48 OVRISDALEN-SELJADALEN	66 NISEDALESFJELLET
15 TARVEN	34 SOGNEFJORDEN- VERPESNESET- HØNSANESET	49 BØADALEN	
16 AURLAND	35 FRESVIK	50 VIKAFJELLET	
17 VASSBYGDI	36 FRESVIKÅSEN	51 SKJELINGEN- MÅLSET	
18 AURLANDSDALEN		52 KVASSDALEN-HOLEDALEN	
19 AURLANDSFJELLET		53 MYRKDALEN	

Landskapstypar - Geirangerfjordområdet, kart 05



29.12.2017 Kartgrunnlag: Karmen.net, oktober 2017
Oppgitt av: ALGÅND NÅRDUNIVERSITET OG
NÅRDUNIVERSITETEN VALDØRS

0 2,5 5 10 15 Km N


2.4 Landskapstypar

Kartlegginga har teke utgangspunkt i ein metode for romleg oversøktskartlegging av landskapet, basert på Referansesystemet for landskap (Puschmann, 2005). Utgreiinga av landskapet i samband med opprettinga av Geiranger-Herdal landskapsvernombjøde, var gjort etter ein tidlegare versjon av denne metoden (Melby, 2000).

Kva er det som er typisk for verdsarvområdet? Skildringane er utvida for å fange opp kulturhistorie og andre ikkje-synlege kulturelle referansar etter metoden Landskapsanalyse i kommuneplanen (RA, 2010). Namngjevinga av landskapstypar følgjer same oppbygging som metoden Landskapstypar etter NiN, Naturtypar i Norge (NiN Landskap 2.0).

Innskrivinga viser at ingen av dei to områda kunne blitt verdsarvområde åleine. Men, til saman har dei alle typane og førekommstane som trengst for å fortelje historia om fjordlandskapet og korleis dei er blitt til- og framleis er under utvikling. Så kva er det som skil dei to fjordområda? Oversiktskarta viser at Geiranger har tindelandskap, storforma fjordløp utan strandsone og opnare daldrag. Nærøyfjord-området har ingen tindar, men brelandskap og kvasse ryggar mellom nedskorne, smale og svingute dalar. Nærøyfjorden er smal og variert fjordløp, med gardar langsmed strendene og store åslandschap mot hovudfjorden. Kan vi bruke kartlegginga for å fange opp noko av kjerneverdiane og skrive dei kjerneforteljingane som kan profilere dei to fjordområda?

Landskapstyper - Nærøyfjordområdet, kart 06




29.12.2017

Kartgrunnlag: kartverket | 01/2017
utarbeidet av: AURLAND NATURVERKSTAD og
NATURVERSTADEN VALDØRS

0 2,5 5 10 15 Km N

A1 - Åslandskap med infrastruktur	FJ1 - Kupert lågfjell med urørt preg
A2 - Åslandskap med infrastruktur, myr og jordbrukspreg	FJ2 - Kupert lågfjell med infrastruktur
A3 - Åslandskap med infrastruktur og jordbrukspreg	FJ3 - Småkupert høgfjell med vidder og urørt preg
B1 - Brelandskap	FJ4 - Småkupert høgfjell med vidder og infrastruktur
DN1 - Nedskoren dal med infrastruktur	FJ5 - Kupert høgfjell med urørt preg
DN2 - Nedskoren dal med infrastruktur og jordbrukspreg	FJ5/DN5 - Kupert høgfjell med urørt preg og nedskoren dal med urørt preg
DN3 - Nedskoren dal med innsjø og infrastruktur	FJ5/DOS - Kupert høgfjell med urørt preg og open lågfjellsdal med infrastruktur
DN4 - Nedskoren dal med innsjø, infrastruktur og jordbrukspreg	FJ6 - Kupert høgfjell med infrastruktur
DN6 - Nedskoren lågfjellsdal med infrastruktur	FJ7 - Høgfjell med tindelandskap og urørt preg
DO0 - Open lågfjellsdal med urørt preg	FJ8 - Høgfjell med tindelandskap, brear og urørt preg
DO1 - Open dal med infrastruktur	FN1 - Nedskore fjordlandskap med urørt preg
DO2 - Open dal med infrastruktur og jordbrukspreg	FN2 - Nedskore fjordlandskap med infrastruktur
DO3 - Open dal med innsjø og infrastruktur	FN3 - Nedskore fjordlandskap med infrastruktur og jordbrukspreg
DO4 - Open dal med innsjø, infrastruktur, jordbrukspreg	FO1 - Ope fjordlandskap med infrastruktur
DO5 - Open lågfjellsdal med infrastruktur	FO2 - Ope fjordlandskap med infrastruktur og jordbrukspreg
DO6 - Open lågfjellsdal med infrastruktur og jordbrukspreg	
DO7 - Open lågfjellsdal med innsjø og infrastruktur	
DO8 - Open høgfjellsdal med infrastruktur	

Landskapsbilde OUV VII - Geirangerfjordområdet, kart 07



29.12.2017 Kartgrunnlag: Kartverket, oktober 2017
Opprinnelse: ALGOG AND NATURVERKSTAD OG
NATURUNIVERSITETEN VALDRELS

0 2,5 5 10 15 Km N


2.5 Landskapsbilde – OUV VII

Temakartet er utarbeidd etter vurdering av verdsarven sine kriterium VII, framifra naturvenleik, som vi her kallar Landskapsbilde. Landskapskomponentane er vurdert ved hjelp av desse verdikriteria: Mangfold/variasjon, heilskap, inntrykksstyrke, brot og kontrast, tilstand og hevd, lesbarheit, tilhøyre og identitet. Vi samanliknar område i same landskapstype og innanfor det kartlagde området.

Ved bruk av kvalitative landskapsanalyse-metodar er det graderingen mellom verdiklassar knytt til områda som er den viktigaste styringsreiskapen, ikkje det enkelte område sin individuelle verdi. Desse vurderingane gir også et godt grunnlag for kommunikasjon med berørte interessegrupper og næringsaktørar i ein tidleg fase av ulike planprosessar. Kva for landskap og landskapselement er viktige, kva betyr dei for kjerneverdiane og kjerneforteljingane i dette landskapet?

Prosjektet testar ut om denne landskapstilnærminga kan fungere for å få til ein god dialog mellom brukargrupper og forvaltning, der målet er å utvikle eit felles plan- og forvaltningsgrunnlag.

Landskapsbilde OUV VII - Nærøyfjordområdet, kart 08



A+ Eineståande landskap av nasjonal eller internasjonal verdi. Svært høge og eineståande kvalitetar innan hovudkategoriane mangfold, heilskap og/eller inntrykksstyrke.


A- Landskapskvalitetar av regional til nasjonal verdi med svært høge verdiar knytt til mangfold, heilskap og inntrykksstyrke.

B+ Vanleg førekommende landskap på regionalt nivå, med god regional verdi i høve mangfold, heilskap og /eller inntrykksstyrke.

B- Vanleg landskap av god lokal verdi, vanleg førekommende landskapsverdar lokalt i høve mangfold, heilskap og inntrykksstyrke.

C Vanleg landskap av lokal verdi med betydelege og uheldige inngrep som påverkar mangfold, heilskap og/eller inntrykksstyrke, og slik reduserer landskapskarakteren samla sett.
(verdien ikke registrert i området)

Utviklingstrend Landskapsbilde OUV VII - Geirangerfjordområdet, kart 09



29.12.2017

Kartgrunnlag: Kartverket, desember 2017
Oppdatert av: ALGARD NATURVERKSTAD og
NATURVERKSTADEN VALDREI

0 2,5 5 10 15 Km N

2.5 Utviklingstrend Landskapsbilde OUV VII

Verdsarvrådet skal rapportere til UNESCO kvar 6. år om korleis vi tek vare på verdiane som er innskrivne som verdsarv under kriterium VII og VIII. Områdeanalysane viser kvar vi finn verdsarvverdiar som har ein negativ utviklingstrend, det vil seie at dei står i fare for å bli degradert. For å følgje med utviklinga, rår UNESCO styres-maktene til å gjere mellombels analysar kvart 3. år. Kartet viser kva for område ein skal jobbe med først. Områdevurderingane (sjå namn kart 3 og 4) gjev oss samstundes høve til å ta omsyn til resten av området og andre verdiar som er viktige for korleis vi opplever landskapet. Det er viktig for besøkande og for dei som bur her og jobbar her.


Geirangerfjord-området 2017: Dei mest særprega landskapsområda med høgaste verdi når det gjeld landskapsbilde er Geiranger, Geirangerfjorden, Holedalen (utanfor VO), Hestbreen-Skjerdingdalsbreen, Dyrdalen, Herdalen, Herdøla-Dampfossen og tindelandskapa Skorene-Tverrfjellet, Torvløysa-Sætertverrfjellet, Tollevsknivsegga-Kallskaret og Blåfjellet- Storbarden (kart 5).

Hestbreen-Skjerdingdalsbreen, Dyrdalen og tindelandskapa Skorene-Tverrfjellet, Torvløysa-Sætertverrfjellet, Tollevsknivsegga-Kallskaret og

Blåfjellet-Storbarden har ein positiv utviklingstrend. Geirangerfjorden, Herdalen og Herdøla-Dampfossen er noko endra, men er vurdert til å ha ein stabil utviklingstrend. Landskapsbilde med ein negativ utviklingstrend finn vi i Geiranger (attgroing, nedbygging, utbygging), Flydal-Opplendskedal, Dalsnibba (vegbygging, kraftutbygging), Slettedalen-Viavatna (kraftutbygging) og Tafjorden (attgroing).

Holedalen (utanfor VO) er plassert i kategorien usikker trend. Dvs. det er vanskeleg å sjå i kva retning landskapskarakteren blir påverka (Kart 7) Lykkja et al, 2015).

Utviklingstrend Landskapsbilde OUV VII - Nærøyfjordområdet, kart 10



29.12.2017

Kartprinsipp: Kartverket i oktober 2017
utarbeidet av AURAND NATURNÆRVERKSTAD og
NATURNÆRVERKSTADEN VALDREI

0 2,5 5 10 15 Km N

Utviklingstrend

- | | | | | | | | |
|---|-------------------------------------|--|------------------|--|---|--|---------------|
| | God og stabil til positiv utvikling | | Stabil situasjon | | Negativ utvikling i tilbakegang/degradering | | Usikker trend |
|---|-------------------------------------|--|------------------|--|---|--|---------------|


Vestnorsk fjordlandskap vart innskrive som verdsarvområde i 2005. Det vart ikkje laga kart over landskapsressursar og verdiar den gongen. Denne kartlegginga viser status per 2017 til bruk for seinare rapportering.

Nærøyfjord-området 2017: Dei mest særprega landskapsområda med høgaste verdi (A+) når det gjeld landskapsbilde er Fresvikbreen, høgfjellsdalene frå Helgedalen til Handadalseggi, Nærøyfjorden, Undredal, Flåmsdalen (utanfor VO) og Aurlandsdalen (utanfor VO) (kart 6).

Fresvikbreen og høgfjellsdalane har ein positiv utviklingstrend. Nærøyfjorden og fjordløpet med Undredal er noko endra, men stabil. Landskapsbilde

med ein negativ utviklingstrend finn vi ytre del av Aurlandsfjorden (nedlegging og attgroing), Fretheim (Flåm kai), Flåm og Flåmsdalen (utanfor VO, nedbygging, infrastruktur og attgroing), Myrdalen (utanfor VO, hyttebygging og infrastruktur) og Skjelingen-Målset på Vikafjellet (utanfor VO, kraftutbygging). (Kart 8) Ref landskapsressursanalysen.

Geologiske prosessar OUV VIII - Geirangerfjordområdet, kart 11



2.6 Geologiske prosessar – OUV VIII


Temakartet med samla vurdering av verdsarven etter kriterium VIII, naturlege geologiske prosessar knytt til berggrunn, landformer og endringar av desse gjennom rifting, heving, erosjon, forvitring og sedimentasjon, der vatn og brear er sentrale element.

Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda. Dei naturlege geologiske prosessane knytt til danning og utvikling av fjordar er aktive og ikkje påverka av menneskeverk.

Dette er ei grovinndeling basert på geologiske undersøkingar, arbeid som vart gjort i samband med oppretting av landskapsvernområda, innskrivingsteksten og forvaltningsplanane for verneområda, vassdragsrapportar mv. I tillegg er karta drøfta med ekspertar som er spesielt godt kjende i området. Kunnskapsgrunnlaget tilsa ei tredeling av verdisetjinga. (Lykkja et al, 2016).

Områda utanfor verdsarvområdet (grøn strek) har ikkje verdsarvstatus og skal ikkje overvakast og rapporterast til UNESCO. Kringliggjande område og innfallsportar er viktige for forvaltninga av den samla verdsarverdien, og framstår som muleheitsområde for opplevingar og attraksjonsutvikling.

Geologiske prosesser OUV VIII - Nærøyfjordområdet, kart 12



29.12.2017

Kartgrunnlag: Kartverket | oktober 2017
utviklet av ARKLAND NATURVERKSTAD og
NATURVERKSTADEN VALDREID

0 2,5 5 10 15 Km N


+++ Mange forekomstar med høge til svært høye verdiar. Viktige og særprega geologiske prosesser er gjennomgående og pregar landskapskarakteren i mykje av/heile området. Svært viktige, særprega eller typiske forekomstar er i augefallande og utformingane pregar landskapskarakteren.

++ Enkelte forekomstar av høg verdi. Viktige geologiske prosesser pregar området, enkelte svært store eller iaugefallande forekomstar pregar delar av området.

+ Få forekomstar med jamt gode til høye verdiar. Få forekomstar med jamt gode til høye verdiar. Viktige geologiske prosesser førekjem spreidd eller i avgrensa omfang, geologiske prosesser av vanleg, lokal verdi.

Alle element som er nødvendige for å oppretthalde OUV-en er hovudsakleg intakte.

Utviklingstrend Geologiske prosessar OUV VIII - Geirangerfjordområdet, kart 13




2.7 Utviklingstrend Geologiske prosessar OUV VIII

Verdsarvrådet har ansvar for ivareta verdiane og rapportere status kvart 6. år til UNESCO. Dei geologiske prosessane i verdsarvområdet (OUV VIII) føreset minst mogleg menneskeleg påverknad og inngrep. Naturprosessane følgjer naturlovene og treng ikkje skjøtsel, dei treng rom for naturleg utvikling. Her er det mennenaska sin bruk og deira besøk i området som treng forvaltning. For å vurdere utviklingstrendar må ein ha ein analyse av no-situasjon (tilstand og hevd). Analysen (Lykkja et al, 2016) baserer seg på metodar utvikla i Australia (Day, 2013). Der ein fangar opp negative utviklingstrendar er det grunn til å gå vidare med meir detaljerte undersøkingar, vurdere tåleevne (endringskapasitet) og om det er behov for aktiv forvaltning.

Geirangerfjord-området 2017: Dei viktigaste geologiske områda finn vi Heimste Blåhornet-Flosteinsnibba (utanfor VO) og Sunnylvsfjorden og Geirangerfjorden. Vidare eit stort samanhengande område med dalar og tinderekker frå Øvre Eidsdalen til og med Tafjorden og bygda Tafjord, sørover til Sætertverrfjellet og Blåhornet-Nokknibba, over Flydal-Opprendsksedal til Holedalen (utanfor VO) og Hestebreen-Skjerdingdalsbreen.

Alle fjellområda med høgast verdi, samt Sunnylvsfjorden og Geirangerfjorden har positiv utviklingstrend. Øvre Eidsdalen har usikker trend, Herdøla –Dampfossen, Tafjorden, Tafjord bygd og Flydal-Opprendsksedal har noko endring, men stabil situasjon. Tre andre område i har negativ utviklingstrend: Geiranger (veg, tettstad, hamn, attgroing), Dalsnibba-Rundegga (kraftutbygging, veg) og Slettedalen-Viavatna (kraftutbygging).

Utviklingstrend Geologiske prosessar OUV VIII - Nærøyfjordområdet, kart 14



Utviklingstrend


- God og stabil til positiv utvikling
- Stabil situasjon
- Negativ utvikling, i tilbakegang/
degradering
- Usikker trend

Nærøyfjord-området 2017: Dei viktigaste geologiske områda finn vi fremst i Myrdalen (utanfor VO) og i eit samanhengande område frå Nærøyfjorden og Nærøydalen og Jorddalen, høgfjellsdalane over til Fresvikbreen og fjellområda mot Rambera og Midtbakkefjellet. Vidare Flåmsdalen frå Flåm kyrkje til Vatnahalsen (utanfor VO) og Aurlandsdalen (utanfor VO), breområdet Blåskavlen på Aurlandsfjellet (utanfor VO), Skjerdalen-Leim (utanfor VO) og Aurlandsfjorden, høgfjellsplatået kring Grånosi, Storebotnen og Bleia og ut i Sognefjorden utanfor Revsnes og Frønningen.

Fjellområda med svært høg geologisk verdi har

positiv utviklingstrend, medan fire dalar har negativ utviklingstrend, dvs. dei naturlege geologiske prosessane blir begrensa/hindra/endra. Nærøyfjorden (bølgeerosjon frå båtar og slitasje), Nærøydalen og Jorddalen (vegbygging, ras- og flaumsikring), Flåm (utanfor VO, veg, jernbane, ras- og flaumsikring). Andre område med negativ utviklingstrend er Vatnahalsen (utanfor VO, veg, jernbane og kraftutbygging), Fretheim/Flåm kai (utanfor VO, tettstad, hamn, veg, jernbane, flaumsikring), Aurland og Vassbygdi (utanfor VO, veg, kraftutbygging) og nedre del av Lærdalen med Lærdalsøyri (utanfor VO, tettstad, veg, flaumsikring).

Naturpreg/kulturpreg - Sommar - Geirangerfjordområdet, kart 15



29.12.2017 Kartgrunnlag: kameratet i oktober 2017
Oppdatert av: ALGARD NATURVERKSTAD OG
NATURUTDIDEN VALDREI

0 2,5 5 10 15 Km N

2.8 Naturpreg/kulturpreg - Sommar

Oversiktskarta som viser grad av kulturpåverknad (urørt preg til tettstad/turistsenter/bypreg) og typar av tilrettelegging og bruk er meint som grunnlag for diskusjonar av overordna karakter og for strategisk profilering, planlegging og forvaltning av verdsarvområda med innfallsportar. Vurderingane er gjort opp mot andre landskapstypar innanfor verdsarvområdet med innfallsportar. Temakarta gjer det lettare å peike ut oppleavingsområde med kjerne-verdiar viktige for ulike besøksgrupper. «Purist-urbanistskalaen» (Vistad og Vorkinn, 2012) høver i grove trekk til områdeinndelinga for kulturpåverknad (urørt preg- bypreg) og typar av tilrettelegging (infrastrukturkarta for sommar og vinter).


Geirangerfjord-området: landskaps-området Geiranger og Geirangerfjorden er indrefileten i nord-området. «Kjernerneverdiar er knytt til det ikoniske landskapsbildet med bratte fjellsider, utbroten fjordline og kulturlandskapet med fossar og fjordgardar kring den tettbygde bygda i fjordbotnen. Utsikta frå dekk på veg inn fjorden og frå Ørnesvingen, Flydalsjuvet og Dalsnibba langs nasjonal turistveg er bruk i marknadsføringa av heile Noreg.

Stadkjensla er knytt til ein godt bevart tettstad med småskala rom mellom husa, til nærboka kontakt med

fjorden som har ei relativt naturleg strandlinje gjer at området framstår som opprinnlege og ekte, også utan cruiseskip og turbussar. Fjellvegen opp til Strynefjellet er vinterstengd. Det heilskaplege området har kvalitetar viktig for alle besøksgruppene, men til ulike tider på året.

Dei mest urørde områda her er fjellområda, og fleire av dei har spektakulære tindelandskap, noko ein finn lite av i Nærøyfjorden.

Naturpreg/kulturpreg - Sommar- Nærøyfjordområdet, kart 16



29.12.2017

Kartgrunnlag: Kartverket | oktober 2017
utarbeidet av AURLAND NATURVERKSTAD og
NATURVERKSTADEN VALDØRS

0 2,5 5 10 15 Km N

- 1 Urørt preg
- 2 Naturnært preg- enkel tilrettilegging
- 3 Kulturlandskap - nokon tilrettilegging
- 4 bygder - god tilrettilegging
- 5 Tettstad - sværtgod tilrettilegging


Nærøyfjord-området: Landskapsområda Fretheim/Flåm kai og Aurlandsfjorden har liknande funksjonar som Geiranger, men har heilt andre kvalitetar: Flåm kai har terminalpreg, med store parkeringsareal, stor djupvasskai og bygningsmiljø som verkar aude utanfor turistsesongen. Flåmsbana og E-16 gjer området lett tilgjengeleg. Store mengder besøkande. Staden appellerer ikkje til alle besøksgruppene.

Nærøyfjorden er «indrefileten» i sør-området og opplevingsverdiane er knytt til eit smalt og svingut fjordløp med høge, skrånande lisider og fleire små landskapsrom.

Området har eit frodig og naturnært preg, utan store inngrep som vegar, kraftlinjer, lys og støy. Fjordcruise og friluftsliv i eit særprega kulturlandskap med små grasgrøne bør langsetter strandlinja.

Det heilsakplege området har kvalitetar viktig for alle besøksgruppene. Eit ikonisk landskap med like høge verdiar som Geiranger, viktig for marknadsføringa av heile Noreg.

Naturpreg/kulturpreg - Vinter - Geirangerfjordområdet, kart 17




2.9 Naturpreg/kulturpreg - Vinter

Geirangerfjordområdet: Fleire område har vinterstengde vegar og framstår difor med meir urørt preg/mindre kulturpåverknad enn i sommarhalvåret. Det gjeld spesielt fjelldalane, også fjellovergangen mellom Geiranger og Strynefjellet. På våren er det eitt område som er

meir kulturpåverka enn om sommaren. Det gjeld Dyrdalen i Norddal kommune, som har oppkjørte skiløyper og er eit populært utfartsområde når det ikkje er rasfare.

Naturpreg/kulturpreg - Vinter- Nærøyfjordområdet, kart 18



29.12.2017


Kartgrunnlag: Kartverket | oktober 2017
utarbeidet av AURLAND NATURVERKSTAD og
NATURVERKSTADEN VALDØRS

0 2,5 5 10 15 Km

- 1 Urørt preg
- 2 Naturnært preg- enkel tilrettilegging
- 3 Kulturlandskap - nokon tilrettilegging
- 4 Bygder - god tilrettilegging
- 5 Tettstad - svært god tilrettilegging

Nærøyfjordområdet har mange fjelldalar med stølsvegar og anleggsvegar knytt til kraftutbygging, som damanlegg mv. Dei fleste av desse vegane er vinterstengde, nok som gjev store samanhengande område med urørt preg/ mindre kulturpåverknad enn i sommarhalvåret. Det gjeld spesielt fjelldalane mellom Jordalen, Oppheimsvatnet og Myrdalen. Fleire område er svært populære startpunkt for fjellskiløping. Vikafjellet er vinterbrøyt, men ligg verutsett til og blir ofte stengd ved dårlig ver. Snøvegen,

som har nasjonal turistvegstatus og går over Aurlandsfjellet, er også vinterstengd. Vegen er brøytta eit stykke opp mot gjellet på både sider. Dette er populære utfartsområde på seinvinteren, noko som gjer det aktuelt å tenkje heilårleg tilrettelegging både når det gjeld skilting, parkering og sanitæranlegg.





2.10 Fylkesatlas - felles informasjonsdatabase kart 19-23


Det er gått opp nye løyper for digitalisering av viktig infrastruktur for reiseliv, friluftsliv og besøksforvaltning i nært samarbeid med verneområdeforvaltarane. Sogn og Fjordane fylkeskommune har teke på seg å legge inn kartdata for heile verdsarvområdet med innfallsportar. Verneområdeforvaltar for Nærøyfjorden og prosjektmedarbeidarar frå Geirangerområdet bidreg med kvalitetssikring av data.

Karta er ikkje fullstendige, men data blir lagt ut på fylkesatlas etter kvart som ein får digitalisert dei. Dette er kartdata som ein kan setje i saman slik ein ynskjer og kople med andre digitale databasar. Temakart med overlay-analysar er viktige innan mange typar offentleg og privat planlegging og forvaltning. Dei er eit viktig bidrag til verktøykassen for besøksforvaltning.

Digitalisering og koordinering med eksisterande database er under utvikling. Dette er gjort i samarbeid med fylkesatlas, ein planreiskap som alle planleggjarar er kjend med og brukar mykje. Når stiane er digitalisert i felt, kan ein zoome inn utan at dei ligg feil i terrenget.

Døme: På kart 23, ser ein at det er viktig å samla inn meir detaljerte data slik at det er mogleg å bruke karta i detaljplanlegging og arbeid. Her har utedoen vore digitalisert på kartgrunnlag 1: 50 000, noko som gjer at den kjem på feil plass når ein zoomer inn. Stiar som ikkje er digitalisert (gps) i felt får like store feilmargin.





2.11 Naturpreg/kulturpreg + ferdseismønster - Sommar

Geirangerfjord-området: har to store områder med lite tilrettelegging langs austsida av Sunnylvsfjorden over Geirangerfjorden til Sunnylvsbygda og fjella mellom Tafjorden og Geiranger.


Området er delt av aksen som følgjer nasjonal turistveg fra Eidsdal via Geiranger og Dalsnibba opp til Strynefjellet. Det er behov for mykje tilrettelegging og ulike former for trafikkstyring i Geiranger og Flydal – Opplendskedal.

Pressområde: Geiranger har utfordringar med masseturisme (verdsarvsenter, infrastruktur, bulyst og trivsel. Besøkspunkt Dalsnibba er godt rigga for masseturisme (innfallsport, besøkspunkt, attraksjon).

Utviklingsområde: Hellesylt har press i sentrum (trafikk, cruisekai), men er samstundes både avlastingsområde (Geiranger) og utviklingsområde (innfallsport, verdsarvhus).

Skageflå og Herdalssetra kan fort endre karakter ved stor trafikk. Utviklingsområde er Flofjellvegen (avlastning Geiranger), Ljøbrekka (avlastning Geiranger, Skageflå), Stranda (Stranda-fjellet), Eidsdal og Eide (parkering Eidsdal, avlastning Geiranger, innfallsport), Norddal (avlastning Geiranger og innfallsport), Sylte/Valldal (innfallsport ferje Geiranger) og Tafjord (innfallsport, avlastning Herdalen og Geiranger).

Naturpreg/kulturpreg + ferdsmønster - Sommar - Nærøyfjordområdet, kart 25



- 1 Urørt preg
- 2 Naturnært preg- enkel tilrettilegging
- 3 Kulturlandskap - nokon tilrettilegging
- 4 bygder - god tilrettilegging
- 5 Tettstad - sværtgod tilrettilegging

Om trent kor mykje brukt 2017


- Ekstremt mykje brukt, 10 000 og meir
- Svært mykje brukt, 5 000- 10 000
- Mykje brukt, 1 000- 5 000
- Ein del brukt, 100- 1 000
- Lite/svært lite brukt

Nærøyfjord-området har eit stort samanhengande område med lite tilrettelegging. Det er behov for mykje tilrettelegging og ulike former for trafikkstyring langs dei mest trafikkerte ferdelsårene og besøkspunkta frå Stalheim og ut Nærøyfjorden, frå Vatnahalsen/Rallarvegen ned Flåmsdalen til Flåm kai, Undredal og frå Flåm til Aurlandsvangen og Skjerdal.

Pressområde: Fretheim/Flåm og Gudvangen og besøkspunkta Bakka og Undredal har utfordringar med masseturisme, infrastruktur, bulyst og trivsel. Stalheim (innfallsport, besøkspunkt, attraksjon) og

Stegastein (trafikkutfordringar, toalett, innfallsport/besøkspunkt, attraksjon).

Utviklingsområde: Bakka og Stalheim er også utviklingsområde (verdsarvhuse), Stegastein er avlastingsområde (alternativ fjordutsikt Bakkanosi). Andre område som ynskjer utvikling og har stort potensiale for å ta i bruk verdsarven til meir verdiskaping er Jorddalen (verdsarvhuse) Myrdalen (hytter, alpinanlegg, turområde), Vik, Vangsnes og Feios (innfallsportar), Fresvik (innfallsport, verdsarvhuse), Myrdal og Vatnahalsen (innfallsport) og Aurlandsvangen (verdsarvsenter).




2.12 Naturpreg/kulturpreg + ferdseismønster - Vinter

Geirangerfjordområdet: Fleire område har vinterstengde vegar og framstår difor med meir urørt preg/mindre kulturpåverknad enn i sommarhalvåret. Det gjeld spesielt fjelldalane, også fjellovergangen mellom Geiranger og Strynefjellet. Frå Eidsdalen går det mange skiløyper opp og inn i landskapsområdet Geitfjellet- Grøtet og innover i Gråsteindalen. På våren er det eitt område som er meir kulturpåverka

enn om sommaren. Det gjeld Dyrdalen i Norddal kommune, som har oppkjørte skiløyper og er eit populært utfartsområde når det ikkje er rasfare. På andre sida av Sunnylvsfjorden er det mange skiløyper opp mot toppane mellom Heimste Blåhornet – Flosteinsnibba.

Naturpreg/kulturpreg + ferdsmønster - Vinter - Nærøyfjordområdet, kart 27



1 Urørt preg

2 Naturnært preg- enkel tilrettilegging

3 Kulturlandskap - nokon tilrettilegging

4 Bygder - god tilrettilegging

5 Tettstad - svært god tilrettilegging

Om trent kor mykje brukt 2017

Ekstremt mykje brukt, 10 000 og meir

Svært mykje brukt, 5 000- 10 000

Mykje brukt, 1 000- 5 000


Ein del brukt, 100- 1 000

Lite/svært lite brukt

Nærøyfjordområdet har mange fjelldalar med stølsvegar og anleggsvegar knytt til kraftutbygging, som damanlegg mv. Dei fleste av desse vegane er vinterstengde, nok som gjev store samanhengande område med urørt preg/ mindre kulturpåverknad enn i sommarhalvåret. Det gjeld spesielt fjelldalane mellom Jordalen, Oppheimsvatnet og Myrdalen. Fleire område er svært populære startpunkt for fjellskiløping, td. frå Stalheim, Jordalen og Vikafjellet.

Vikafjellet er vinterbrøyt, men ligg verutsett til og blir ofte stengd ved därleg ver. Snøvegen, som har nasjonal turistvegstatus og går over Aurlandsfjellet, er også vinterstengd. Vegen er brøyt opp mot gjellet på både sider. Dette er populære utfartsområde på seinvinteren, noko som gjer det aktuelt å tenke heilårleg tilrettelegging både når det gjeld skilting, parkering og sanitæranlegg.

Ferdsel på fjorden - Sommar - Geirangerfjordområdet, kart 28



Kartgrunnlag: Kartverket | 2018
oppnådd av AURLAND NATURVERKSTAD
NATURVERKSTADEN VALDRES
23.04.2018

0 2,5 5 10 15 Km N

2.13 Ferdsel på fjorden - Sommar


Geirangerfjordområdet: Ferdsel på fjorden har vore eit sentralt tema i Geiranger i fleire år, spesielt med fokus på utslepp til luft og til sjø. (ref. Sjøfartsdirektoratet si utgjeing og målingar av Prof. Löffler)

Stor trafikk kan redusere tryggleiken, men òg naturopplevinga folk ynskjer å få med seg. Konflikt mellom ulike grupper av farty; cruise, ferje, skyssbåtar, småbåtar, RIB, padlarar. Støy frå sjølve båtfarten (motorar, fløyter osb), guiding over høgtalaranlegg, musikk.

Geirangerfjorden har fleire selskap som jobbar innanfor opplevingar på fjorden, både utleige og opplevingar med kajakk/kano og opplevingar med rib-båtar.

Stranda kommune har tre hamner – Geiranger, Hellesylt og Stranda hamn (ikkje ISPS) Antall cruisepassasjerar vart 311 805 i 2016. (Rapport, sjøfartsdirektoratet, 2017)

Ferdsel på fjorden - Sommer - Nærøyfjordområdet, kart 29



Om trent kor mykje brukt 2017

- Cruise, ein del, 100-1 000
- Cruise, ekstrem, 10 000 og meir
- Ferja, ekstrem, 10 000 og meir
- Fjordcruise, ein del, 100-1 000
- Fjordcruise, ekstrem, 10 000 og meir

- Kajakk, ein del, 100-1 000
- Kajakk, mykje, 1 000-5 000
- Kajakk, svært mykje, 5 000-10 000

Landingsplasser

- Kaianlegg, frå cruisekai til flytebrygge
- Strand, landingsplass for småbåt og kajakk

Basert på kartet fra 2018
Foto: Statens Kartverkskart fra 2018

0 2,5 5 10 15 Km


Nærøyfjordområdet: Høg ferdsel på fjorden gjev utfordringar knytt til bølgjer og erosjon, støy frå motorar og høgtalarar, utslepp til luft og vatn, søppel. Tiltak som skapar gode besøksopplevelingar og

reduserer slitasje på landskap og miljø, lokalbefolking og gjester, og som gir langsiktig gevinst for det næringslivet ein vil byggje opp. Bølgjeslag og erosjon frå båtar: Bølgjeslag frå båtar fører til utvasking av strandsona (erosjon, washing) i ulik grad. Motorstøy og høgtalarar med musikk og guiding på ulike språk forringar naturopplevelingane for dei som ferdist på og langs fjorden, og for dei som bur langs fjorden.

Aurland kommune sitt sjøareal omfattar Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden, og hamnene Flåm, Gudvangen, Aurland, Undredal, Dyrdal, Styvi og Bakka. Heile sjøarealet ligg innanfor UNESCO sitt verdsarvområde Vestnorsk Fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. 421 000 reisande over kaiene i Gudvangen og 423 000 reisande over kaiene i Flåm i 2016. (Rapport, sjøfartsdirektoratet, 2017)

Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden har fleire selskap som jobbar innanfor opplevelingar på fjorden, både utleige og opplevelingar med kajakk/ kano og opplevelingar med rib-båtar.

Ferdsel på fjorden - Vinter - Geirangerfjordområdet, kart 30




2.14 Ferdsel på fjorden - Vinter

Geirangerfjordområdet: Geirangervegen er vinterstengt frå november til mai og er avhengig av ferga frå Hellesylt. Dette gjer Geiranger meir sårbart med tanke på å auke besøk utanfor høgsesongen.

Fyrste cruiseskip til Geiranger i 2018 kom 3. mai og siste cruiseskip vil førebels kome den 25. oktober.

Ferdsel på fjorden - Vinter- Nærøyfjordområdet, kart 31




Om trent kor mykje brukt 2017 Landingsplasser

- Cruise ein del
- Fjordcruise mykje
- Ferja ekstremt
- Båt
- Strand

Nærøyfjordområdet: Kapasiteten er størst om sommaren, men mellom anna Flåm guideservice gir no eit heilårs-tilbod på opplevelingar i verdsarvfjordane, med turar gjennom heile vinteren. Det er ein tydeleg trend til auke av aktivitetar om vinteren, òg på fjorden. Fyrste cruiseskip til Flåm i 2018 kom 14. mars og siste cruiseskip vil førebels kome den 9. oktober.

Aktivitetar og opplevingar- Geirangerfjordområdet, kart 32



29.12.2017 Kartgrunnlag: Karmen.net, oktober 2017
Oppgitt av: ALGARD NATURVERKSTAD OG NATURVERKSTADEN VALDALS

0 2,5 5 10 15 Km N

2.15 Aktivitetar og opplevingar

Kartet illustrerer område med attraksjonar, aktivitetar og opplevingar som dei som møtte opp var opptekne av på folkemøta våren 2015. Lister over tema og område danna grunnlag for spørjeundersøkingane som TØI gjennomførte. Sirklane viser kor mange som har nemnt same attraksjon/ aktivitet/oppleving. I Geirangerområdet jobba folk over heile kommunen (mindre areal, folk brukar same område i større grad enn i sør-området). Difor vart det større sirklar der. Tankekarta viser tema som kom fram på dei ulike møta.


VALLDAL:

fangstanlegga
valldøla
zakariasdammen
gudbrandsjuvet
øvstestølen
muldalsfossen
aktivitetsparken
muldalen
nedtestølen
olavsvegen

HELLESYLT:

Lygnstøylsvatnet
kviteggja peer_gynt_senteret
badehuset flofjellet
postvegen hægstad_gård
norangdalen moldskreddalen
helsetkopen fjellgardane
fjordlandskapet

Aktivitetar og opplevingar - Nærøyfjordområdet, kart 33




29.12.2017

Kartgrunnlag: kartverket | October 2017
utviklet av AURLAND NATURVERKSTAD og
NATURVERKSTADEN VALDØY

0 2,5 5 10 15 Km

Antall treff nemt på folkemøter



VIK:

finnabotnen
finden
fridjov_den_frökne
haugane
sylringen
refsdal_kraftstasjon
bringebær_festivalen
kyrkjene
moa
strandsitjarmiljøet
gamalosten

FLÅM:

fjordlandskapet
rallarvegen
undredal_stavkyrkje
aurlandsfjellet
brennafossen
otternes
aurlandsdalen
stegasteir
fossenegalleri_vinjum
flåmsbana
laerdalstunnelen
landskapsrommet
undredal
snøvegen

VOSS:

kjelfossen
rimstigen
nærøyfjorden
nálisivle_gard
grottene
stalheimsfossen
stalheimskleiva
jordalsnuten
landskapsrommet

2.16 Sårbare naturverdiar

Sårbarheitsanalyse for Nærøyfjorden landskapsvernområde

Analysen er under arbeid når dette dokumentet er laga. Der vert det jobba med vurdering av kor sårbare utvalde lokalitetar i Nærøyfjorden landskapsvernområde er for ferdsel. Lokalitetane er:

- Landgangslokalitetar ved Nærøyfjorden
- Den nye Sivlestien langs Stalheimskleivi
- Ferdselsruta gjennom Slettedalen

Sårbarheitsanalyse for landskapsvernområde og naturreservat i Geirangerområde

Analysen er ferdigstilt parallelt med sluttføringa av denne rapporten. Der vert det jobba med vurdering av kor sårbare utvalde lokalitetar i landskapsvernområde og naturreservat i Geirangerområdet er for ferdsel. Lokalitetane er:

- Kallskard-råsa (frå Herdalssonen , via Kallskarstølen til Kallskaret naturreservat)
- Skageflå-råsa (Skagehola-Skageflå-Homlongsætra-Homlong)

2.17 Reiselivet – Besök og verdiskaping

Delprosjekt om gjesteundersøkingar og lokal verdiskaping. Transportøkonomisk institutt, TØI-rapport 1585/2017


Berekraftig reiseliv er ein integrert del av forvaltninga i verdsarvområda. Undersøkinga skulle kaste lys over kva gjestene meiner om området og opplevingane der, og kor mykje besøket deira betyr for lokal verdiskaping.

Første del av prosjektrapporten viser resultata frå ei spørjeundersøking blant besøkande i dei to verdsarvfjord-områda (gjort på staden) og frå ei oppfølgjande E-postbasert undersøking. Undersøkingane fokuserer på eigenskapar ved dei besøkande og deira reise, kjennskap til verdsarvstatusen, kjennskap til og bruk av området sine attraksjonar og aktivitetar, kor tilfreds dei var med ulike sider av reiselivsproduktet på staden og kjøp av varer og tenester lokalt. Andre del av rapporten analyserer besøksvolum, turismesrelatert omsetning og verdiskaping, nærmere bestemt i kommunane Aurland, Lærdal og Vik, samt i Stranda og Norddal (dei siste to vurdert samla sett).

Datagrunnlaget blei i hovudsak henta inn i 2015, og resultata i rapporten sin fyrste del blei fyrst offentleggjort i 2016 i TØI sitt arbeidsdokument (50948/2016). Rapporten sin andre del (verdiskapingsanalysen) blei fyrste gong rapportert til oppdragsgjevar som upublisert dokument i januar 2017.


Gjesteundersøking. Kort oppsummering av funn (del 1 av TØI-rapporten):

- Det er generelt sett veldig samanfallande oppfatningar av natur-/ landskapselementa og dei menneskeskapte elementa si betyding for turistane si oppleving av dei to verdsarvområda: Natur- og landskapselementa har gjennomgåande stor betyding i både Nærøyfjorden og Geiranger.
- I dei besøkande sine auge er det spesielt fjord- og fjellandskapet som karakteriserer dei to verdsarvområda, medan enkeltelement som strendene langs fjorden eller grottene er mindre synlege samanlikna med andre naturinntrykk.
- Menneskeskapte element er og av gjennomgåande stor betyding for turistopplevelinga av dei to områda, om enn noko mindre enn landskapsopplevelinga. Kulturlandskapet har størst betyding, medan den visuelle opplevelinga av cruiseskip er noko lågare. Heilskapsinntrykket av byggestil og estetikk er og positivt (oppfatninga av kommersielle reklameskilt er likevel litt meir varierande).
- Når det gjeld graden av tilfredsheit med trafikkforholda er det ein viss ulikskap mellom dei to områda. I begge områda er trafikken i sentrum, parkeringsforholda i sentrum samt trengsel og køar i desse områda sett på som noko mindre tilfredsstillande, og spesielt gjeld det Geiranger. Tilrettelegginga for gåande og syklande vert og sett på som betre i Nærøyfjorden enn i Geiranger. Også når det gjeld vurdering av ureining og støy kjem Geiranger noko dårlegare ut enn Nærøyfjorden.



- Tryggleiken ved aktivitetar på land og på fjorden sjåast på som særleg høg i begge områda.
- Geirangerfjorden verdsarvområde scorar høgst på informasjon om verdsarven, noko som truleg har samanheng med høg tilfredsheit med Norsk Fjordsenter Geiranger.

Figur 3.10 Tilfredsheit med trafikkforholdene i Nærøyfjorden/Geirangerfjorden verdsarvområde. Absolutt gjennomsnittskåre, skala 1-7.



Figur 3.13. Hvor tilfreds er du med disse sidene av Nærøyfjorden/Geirangerfjorden verdensarvområde?


Absolutt gjennomsnittskåre, skala 1-7

- Totalintrykket er godt og at turistane er godt tilfreds med turisttilboda i begge fjordområda, og særleg turistinformasjonen lokalt. Overnattingstilboda og turistvertane si serviceinnstilling er verdsett.
- Prisnivået er det ein lågare grad av tilfredsheit med.
- I begge områda er det mange som opplever å ha god kontakt med lokalbefolkinga og ikkje minst er mange særleg godt tilfredse med dei to verdsarvområda si generelle atmosfære og autentisitet (ekteheit).
- Det er også ein viss del av de besøkande som kunne tenkje seg å bidra med eige arbeid for å ivareta verdsarven.

Tabell 3.21. Grad av tilfredshet med ulike tilrettelegginger og tilbud om landbaserte friluftsaktiviteter. Prosent

	Svært lite tilfreds						Svært tilfreds	Vet ikke	Gjen- nom- snitt	(N)	
	(1)	(2)	(3)	(4)	(5)	(6)					
<i>Nærøyfjordområdet:</i>											
Vandrestier med skiltmerking	2	2	3	10	21	22	29	12	100	5,57	(195)
Guidede aktiviteter på land	1	1	3	8	12	10	10	57	100	5,31	(185)
Sykkelutleie	1	2	2	4	7	6	9	70	100	5,31	(181)
Guidet tur med hest	2	1	2	4	2	1	1	88	100	3,86	(179)
Sykkelveier i området	1	2	5	9	7	8	9	61	100	4,97	(184)
<i>Geirangerfjordområdet:</i>											
Vandrestier med skiltmerking	0	0	2	10	23	28	25	12	100	5,74	(189)
Guidede aktiviteter på land	0	0	2	7	10	10	10	62	100	5,49	(177)
Sykkelutleie	0	0	3	5	5	4	3	80	100	4,91	(169)
Guidet tur med hest	0	0	1	3	1	3	1	90	100	5,00	(166)
Sykkelveier i området	1	4	3	6	9	9	3	66	100	4,67	(175)

Figur 1 Betydningen av verdensarvstatus for at man har kommet til området. Personer som kjente til verdensarvstatusen på forhånd. Prosent



Lokal verdiskaping. Kort oppsummering av funn (del 2 TØI-rapporten)


Nøkkeltal for Nærøyfjordområdet (verdiskapingsanalyse)

Vi finn ein samla turismrelatert omsetnad i Aurland i 2015 på om lag 472 millionar kroner, eksklusive mva. Dette fordeler seg slik:

- Ca 175 millionar i overnatting og servering,
- 132 millionar kroner i inntekter ved Flåmsbana,
- 116 millionar kroner i diverse varehandel (inkludert bensin)
- 48 millionar kroner i verksemd som driv aktivitetar, guiding etc.

Omsetnaden på ca 472 millionar kroner gjev ei verdiskaping på ca 175 millionar kroner, som (blant anna) gjev ca 105 millionar kroner i skapte lønnsinntekter i Aurland kommune.

Omsetnad i Lærdal i 2015 relatert til turistar som og vitjar stader i Aurland kommune er berekna til om lag 65 millionar kroner (eks. mva).



Figur 3.1 Variasjoner i detaljhandelsomsetning etter termin og kommune 2015. Januar – februar satt lik 100. Kilde: SSB detaljhandelsstatistikk

Vanskar med å berekne besøkstal og overnattingstal for Vik kommune, samt få bedrifter med tilgjengelege rekneskapsstal, gjer at ein ikkje har kunne berekna turismrelatert omsetnad og verdiskaping for Vik. Det er anslått at varehandel og bensinsal til turistar tilsvara om lag 31 millionar kroner i 2015.

Nøkkeltal for Geirangerfjordområdet (verdiskapingsanalyse)

Samla turistrelatert omsetnad i Stranda kommune er berekna til ca 349 millionar kroner eksklusive mva. Dette fordeler seg slik:

- 179 millionar kroner på overnatting og servering,
- 87 millionar kroner i diverse varehandel (inkludert bensin)
- 83 millionar kroner på aktivitetar og guiding.

Tilsvarande er det berekna ei samla turismrelatert omsetnad på 68 millionar kroner (eksklusive mva) i Norddal i 2015. Av dette

- ca 27 millionar kroner i overnatting og servering,
- 40 millionar kroner i diverse varehandel (inkludert bensin)
- ca 1 million kroner i aktivitetar/guiding.

Samla turismrelatert verdiskaping i Stranda og Norddal er berekna til 113 millionar kroner eksklusive mva, av dette lønnsinntekter på 104 millionar kroner.

2.18 Digitale kartdata for besøksforvaltning

Gjennom prosessarbeidet med besøksforvaltningsprosjektet vart det tydeleg at det mangla kart over infrastruktur for reiselivet og ein felles plattform for slike digitale kartdata.

Døme på temakart som vi har vist i denne rapporten er henta frå data som vi har lagt inn i fylkesatlas. Arbeidet blir gjort i samarbeid med verneområdeforvaltninga i dei to fjordområda. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg inn data for heile verdsarvområdet med innfallsportar. Sensitive kartdata er kun tilgjenglege for forvaltninga, andre data er ope for alle som ynskjer å bruke dei for utvikling av berekraftige reiselivstilbod, og anna planlegging og forvaltning.

Dette arbeidet er ikkje ferdigstilt på grunn av omfanget av digitaliseringa.

Felles digitalt kartgrunnlag – Fylkesatlas

Frå sida: «Fylkesatlas er ei kartteneste frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Hovudmålet for Fylkesatlas er å gje tilgang til ei rekke tematiske geodata frå ulike kjelder. Her finnes fleire relevante datasett som er inkludert i Det Offentlege Kartgrunnlaget (DOK). Det er oppretta brukargrensesnitt med fokus på ulike tema.

Rettar og bruk: Rett til bruk av eksterne kartdata i Fylkesatlas er tufta på medlemskap i Norge Digitalt.

All ikkje-kommersiell bruk av tenestene i kartportalen er gratis, men det må visast til Fylkesatlas og Norge digitalt. Vi tek etterhald om feil i kart og feil eller manglar i datasett. Karta er ikkje rettsleg bindande, og bruk av tenesta kan ikkje erstatta vanleg saksgang.»

2.19 Koordinert besøksforvaltning som reiskap for berekraftig reiselivsutvikling

TØI og NMBU fekk og i oppdrag å sjå nærare på korleis samhandling og koordinering mellom dei ulike aktørane knytt til verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap fungerer (delprosjekt 2). Arbeidet var knytt opp mot hovudformålet med prosjektet; å bidra med kunnskapsgrunnlag for ein heilskapleg besøksstrategi. Det vart og ei form for følgjeforsking der forskarane og bidrog med innspel til prosessane undervegs i prosjektet. Teksten nedanfor er eit samandrag frå notatet som oppsummerer forsking og andre FoU-aktiviteter knytt til del 2 av forskingsdelen av prosjektet (Stokke et al, 2017).

Verdensarvrådet skal sammen med bl.a. kommunene, fylkene og verneområdestyrrene forvalte disse verdifulle landskapene på en bærekraftig måte. Disse områdene har flere lag med ulike forvaltnings-systemer, noe som setter store krav til koordinering og samhandling. Meste-parten av verdensarvarealene er vernet etter naturmangfoldloven, mens grender og innmark som ikke er vernet hovedsakelig forvaltes av kommunene etter plan- og bygningsloven. Tidligere forskning har vist at koordinering på tvers av ulike forvaltingssystemer er en krevende oppgave (Stokke & Haukeland in press).

Nærøyfjordområdet

Intervjuene viste at forvaltningen av turistaktivitetene på fjorden er en spesiell stor bærekraftutfordring. Dagens forvaltning er fragmentert, og det er nødvendig at noen tar et helhetlig lederskap. Nærøyfjorden verdsarvpark har forsøkt å ta en slik rolle, og man har kommet et stykke på vei, men gjennom partnerskapet kommer man ikke lenger enn til frivillighetens grenser.

Begrensningene for å oppnå koordinert forvaltning gjennom partnerskap er at sentrale aktører som Aurland Hamnevesen og SNO ikke er med partnerskapet, at partene ikke har et felles kunnskapsgrunnlag og felles virkelighetsforståelse, og videre at noen aktører som bl.a. Aurland Hamnevesen er relativt autonome og kan i stor grad operere på egenhånd med basis i egen økonomi og lovverk. Intervjumaterialet viser også at den formelle forvaltningen ikke helt er klar for en ny rollefordeling som styring gjennom partnerskap fordrer, med Nærøyfjorden verdsarvpark i spissen.

Vi ser det derfor som avgjørende at Parkens stiftere, de fire kommunene Aurland, Vik, Lærdal og Voss, samt Sogn og Fjordane fylkeskommune, i sterke grad kommer på banen for å forankre strategier og tiltak i en besøksstrategi i form av kommunal eller interkommunal plan etter plan- og bygningsloven. På den måten får man forankret arbeidet i etablerte formelle demokratiske organer, hvor man balanserer ulike interesser opp mot et overordnet mål.

Det er videre viktig at arbeidet koordineres og forankres i det interkommunale verneområdestyret for Nærøyfjorden landskapsvernombordet og tilhørende verneområder (som utgjør ca 98 % av denne delen av verdensarvområdet), og som på oppdrag fra Miljødirektoratet også skal utarbeide en besøksstrategi knyttet til verneområdene. Verneområde-forvalter har da også samarbeidet tett med Parken i dette arbeidet.

Nærøyfjorden verdsarvpark har også bidratt sammen med andre lokale og regionale aktører i Nærøyfjorden og Geirangerfjorden til å løfte utfordringene knyttet til turisttrafikken på fjorden opp på agendaen til Sjøfartsdirektoratet. Dette har medført forslag til strengere krav til verdensarvfjordene. Sterkere nasjonal styring mener vi en vei å gå for å løse bærekraftutfordringene på fjorden slik de ble identifisert av våre lokale informanter, samt å ta bærekraft- og UNESCO-målene for verdensarvfjordene på alvor.

Samtidig viser dette at Parken har maktet å sette dagsorden og gjennom nettverk regionalt og nasjonalt også fått gjennomslag får viktige saker. En nærmere undersøkelse av grenda Bakka i Nærøyfjorden viser også at Nærøyfjorden Verdsarvpark er en viktig integreringsaktør mellom offentlig og private parter (Clemetsen & Stokke in press).

Geirangerfjordområdet

Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv har organisert sitt partnerskap gjennom Grøn Fjord 2020. Ei masteroppgåve om Grøn Fjord partnerskapet i Geirangerfjord-området knytt til forskningsprosjektet viser at det også her er krevjande å oppnå koordinert forvaltning for å ei berekraftig reiselivsutvikling gjennom partnerskap (Kongsvold 2017). På samme måte som i Nærøyfjorden er en hovedutfordring at

det er ulike virkelighetsforståelser av både av problem, omfang knyttet til reiselivet generelt og cruiseturismen spesielt, og hva som bør være løsningen på problemene. Stranda hamnevesen har bl.a. trukket seg fra Grøn Fjord-samarbeidet for de opplevde at deres synspunkter ikke ble hørt i tilstrekkelig grad. Det blir imidlertid påpekt at Grøn Fjord har fungert bra som tilrettelegger for mer miljøvennlig atferd blant lokale reiselivsbedrifter og organisasjoner.

Bedre koordinering for å løse bærekraftutfordringene knyttet til reiselivet kan oppnås ved at medlemmene i Grøn Fjord-partnerskapet forankres tydelig i de moderorganisasjonene som de representerer. Kongvold påpeker spesielt at kommunen, i dette tilfellet særlig Stranda kommune, må koples mer aktivt opp mot de pågående prosessene om mer bærekraftig reiselivsnæring gjennom Grøn Fjord-samarbeidet, og dermed ta et tydeligere lederskap. Kommunen kan også i større grad formalisere prosessene etter plan- og bygningsloven for å sikre legitimitet og gjennomslagskraft.

Forholdet mellom reiseliv og lokalsamfunn

To masteroppgåver såg nærmere på forholdet mellom reiseliv og lokalsamfunn i Flåm og Geiranger (Turtum, 2016 og Svaland, 2016):
Et felles funn er at man i begge bygdene ønsker turismen velkommen, men det er lokale uenigheter omkring omfanget av turismen og måten turismen forvaltes på. Gjennom intervjuene ble det avdekket at flere mener at det bør settes strengere miljøkrav til cruiseturismen og samtidig sørge for bedre tilrettelegging for masseturismen.

I masteroppgavene etterlyses også et sterkere lederskap fra kommunens side for å balansere hensynet til reiselivet med hensynet til lokalsamfunnet, bl.a. gjennom aktiv bruk av planredskapene etter plan- og bygningsloven hvor aktiv medvirkning fra berørte parter og innbyggere er en viktig del.

Konklusjon

Studiene bekrefter at vi mangler en helhetlig forvaltning av verdensarvfjordene, og både Nærøyfjorden verdsarvpark og Grønfjordpartner-skapet er opprettet som et svar på dette. Begge aktørene har sammen med andre lokale og regionale aktører bidratt til å løfte utfordringene knyttet til turisttrafikken på fjorden opp på agendaen til Sjøfartsdirektoratet, noe som nylig har vedtatt strengere krav om mindre utslipp fra cruisebåter til luft og vann i verdensarvfjordene.

Dette viser at Nærøyfjorden Verdsarvpark og Grøn-fjord-samarbeidet i tett samarbeid med andre aktører har maktet å sette bærekraftmål på dagsorden, og gjennom nettverk med regionale og nasjonale aktører har fått gjennomslag. Sterkere reguleringer av cruisetrafikken i verdensarvfjordene mener vi en vei å gå for å løse bærekraftutfordringene på fjorden slik de ble identifisert av våre lokale informanter, samt å ta bærekraft- og UNESCO-målene på alvor.

En annen lærdom er at kommunene og deres ansvar for plan- og bygningsloven må koples tydeligere på det pågående arbeidet med besøksstrategi for Vestnorsk fjordlandskap. Dette må også skje i et nært samspill med verneområdestyrene for de to landskapsvernombordene og tilhørende verneområder i hhv. Nærøyfjorden og Geirangerfjorden.

2.20 Sjøfart og utslepp i verdsarvfjordane

Klima- og miljødepartementet (KLD) gav Sjøfartsdirektoratet oppdrag med å undersøke miljøutslepp fra cruise og anna båttrafikk og bad om framlegg til avbøtande tiltak for dei tre verdsarvfjordane Nærøyfjorden, Aurlandsfjorden og Geirangerfjorden. Kunnskap som gjeld samferdsel og infrastruktur er viktig i besøksforvaltninga, og tiltaka som er skissert her må takast med inn i dei lokalt tiltaksplanane. I Geiranger er det fleire FoU-prosjekt på gang som gjeld liknande problemstillingar.

Rambøll kartla utslepp til luft og sjø frå cruiseskip, Hurtigruten og lokal trafikk i de tre utvalde fjordane. Dette var viktig for å vurdere risikoen for moglege helseeffektar og skadelege effektar på naturmiljøet i dei tre fjordområda. Sjøfartsdirektoratet kartla sjølv gjeldande regelverk, både det som gjeld reguleringa og forvaltninga av verdsarvområda, og regelverk knytt til utslepp frå skip. I prosessen har det vært fleire møte med ulike interessentar, som og har kome med skriftlege innspel. I tillegg har dei ulike problemstillingane vore diskutert med Klima- og Miljødirektoratet, Kystverket og KLD.

Fleire tilleggsundersøkingar er under utarbeiding, mellom anna ser ein på kor stor effekt fartsreduksjonar får for utslepp frå skipstrafikken i fjordane. Nedanfor har vi teke med eit utdrag frå rapporten Utslipp til luft og sjø fra skipsfart i fjordområder med stor cruisetrafikk (Sjøfartsdirektoratet, 2017).

Rapport om utslipp frå skipsfart i verdensarvfjorder

«Verdensarvområder som fyrtårn.»

Verdensarvområder skal ha en høy status i Norge. Dette slås fast i stortingsmelding, Meld. St. 35 (2012-2013), Framtid med fotfeste;

"Det norske ambisjonsnivået for å gjennomføre forpliktelsene som følger av konvensjonen, er høyt: Norske verdensarvområder skal utvikles som fyrtårn for den beste praksisen innenfor natur- og kulturminneforvaltning, jf. St.meld. nr. 26 (2006–2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand."

Resultatene fra dette kartleggingsarbeidet, bør derfor ses på som et innspill for å sikre at intensjonen i stortingsmeldingen nås. Dette inkluderer både tiltak som rettes mot utslippene og tiltak som kan styrke forvaltningen av verdensarvfjordene.

NOx over grensen i perioder

Ut fra de naturvitenskapelige vurderinger og undersøkelser som er gjort fremkommer det at nivået av nitrogenoksid (NOx) i Geiranger og Flåm til tider overskridet verdier som kan ha en negativ helse-messig påvirkning. I tillegg bidrar NOx sammen med sot/røykpartikler og vanndamp, til dannelse av røykskyer i fjordene. Kombinasjonen av eldre skipsmaskineri, utslipp, antall skip og meteorologiske forhold medfører i perioder mye røykdannelse.

Kartleggingen som ble gjennomført i prosjektet viser at utslipp til sjø i fjordene i liten grad forekommer fra cruiseskipene, men at det fra Hurtigruten og lokal skipstrafikk slippes ut noe kloakk og gråvann.

De fleste skipene som trafikkerer fjordene er bygget før år 2000 og har motorer uten moderne renseteknologi. Dette fører blant annet til utslipp

av partikler, svoveloksider (SOx) og NOx. Utslipp av SOx er imidlertid ikke så stort at det førersaker overskridelse av varslings-klasser. Dette skyldes at drivstoffet som benyttes i fjordene har lavt svovelinnhold eller at det brukes scrubbere (eksosvaskesystemer).

Skipenes driftsmønster, som blant annet hastighet, motorbelastning, samkjøring av motorer og liggetid ved kai/anker, har også betydning for mengden forurensende utslipp til luft.

Forslag om konkrete tiltak

Basert på resultatene fra kartleggingen, foreslår Sjøfartsdirektoratet flere tiltak for å redusere utsippene og den negative påvirkningen på miljøet i Geiranger-, Nærøy- og Aurlandsfjorden:

- *Krav om at skip skal ha et NOx-utslipp som ikke overstiger verdiene gitt i MARPOL Vedlegg VI, regel 13.4 (Tier II) innen 2018 og regel 13.5 (Tier III) innen 2020*
- *Kun tillate bruk av drivstoff med lavt svovelinnhold, uavhengig av om skip har rensesystem (scrubber) eller ikke*
- *Synlig utslipp av røyk fra skip skal ikke ha en tetthet som reduserer gjennomsiktigheten med mer enn 50 % under kaldstart eller 10 % under seilas*
- *Rapporteringskrav innføres for alle skip som går inn i verdensarvfjordene*
- *Redusere antall skipsanløp totalt eller per dag/uke*
- *Fastsettelse av maksimal hastighet i definerte soner i fjordene for å holde forbruk av drivstoff og utslipp til et minimum*
- *Forbud mot utslipp av scrubervann*
- *Forbud mot utslipp av gråvann*
- *Forbud mot utslipp av kloakk, urensset og renset*
- *Ved fastsettelse av forskriftskrav, må det tas hensyn til når ikrafttredelse av kravene gjøres i forhold til næringens muligheter til å innrette seg. Bestemmelserne må også gi åpning for dispensasjoner.”*

Overvaking av luftkvalitet i Geiranger

Universitetet i Bonn og Professor Löffler står som fagleg ansvarlege for målingane som er gjennomførte i Geiranger i ei årrekke. I 2015 og i 2017 vart målingane utvida med mobile stasjonar og i tillegg vart det starta opp støymålingar. Det vart lagt fram ein rapport i 2016 og det er venta ein ny rapport på bakgrunn av målingane i 2017. Folkehelseinstituttet har uttala seg i brev av februar 2018.

Dei tyske forskarane har funne at det på somrane er relativt lite luftutskifting i dalen, og at ein finn relativt høge forekomstar av skadelege utslepp (støv og gassar) der, sjølv om dei årlege utsleppa samla sett ikkje overstig lovlege grenser (University of Bonn, 2017). Følgjande er saksa frå oppsummeringa i denne rapporten:

“According to the World Health Organization (2013) air pollution especially by traffic born particulate matter (PM) is a widespread

problem. The health effects of the finer fractions of PM, especially dust particles < 10 µm (PM10) and very fine particle smaller than 2.5 µm (PM2.5) are well documented, and there is no evidence of a safe level of exposure or a threshold below which no adverse health effects occur. Even at relatively low concentrations the burden of air pollution on health is significant.

Our air quality monitoring program in the Geiranger area focuses on investigating the sources, the quantities, the mechanisms of spatiotemporal distribution of PM and accompanying gaseous pollutants, and their climatic driving forces in a long-term perspective.

After a pilot phase between May 2015 and September 2016, we here report on the results from September 2016 until September 2017.

PM, especially nanoparticles (PM1), were found to play the major role in contaminating the area. This also holds true for the report period 2016/2017, although concentrations and spatial distribution were different from the previous period. This can be interpreted by different constellations of explanatory variables, first and foremost by varying weather conditions.

Since the last report in 2016, our understanding of the mechanisms behind the observed patterns of air pollution has developed. The mountain climatology in the area is complex: radiation determined thermal air convection, cold air streams and accumulation, Foehn effects, etc. serve as the main drivers for the spatial distribution of pollutants in specific topography. But also different fractions of PM help to detect sources and distribution mechanisms.

This second report delivers a new set of examples of how air quality develops under certain conditions in different periods. From a scientific perspective the results are again very challenging and contribute to the understanding of 4-dimensional air pollution mechanisms.

We conclude that compared to the small volume of air exchanged in the valley the amount of emissions (dust, and gases) is relatively high, although on an annual average does not exceed the legal limits.”
(University of Bonn, 2017)

2.21 Andre forskingsprosjekt SUSTRANS

Målet med forskingsprosjektet ”Sustainable Transportation in Rural Tourism Pressure Areas” (SUSTRANS) er å bistå beslutningstakarar med å forbetre transportsystema i sårbare rurale naturområde. Området kring Geirangerfjorden er eit case her.

Prosjektomtalen

«I høysesong er trafikkorker og lokal forurensning synlige problemer i områder som Flåm, Geiranger og Lofoten. I et lengre tidsperspektiv vil degradering av miljøkvalitet og naturskjønnhet være kritiske bekymringer.

Beslutningstakere og andre aktører har behov for å vurdere ulike forbedringstiltak for et bærekraftig transportsystem i disse områdene.



Dette kan være å se ulike fremkomstmidler samlet sett, og vurdere både sosiale, økonomiske og miljømessige aspekter.

Prosjektet blir ledet av NTNU, og er et samarbeid med Høgskulen i Volda, Sintef og Universitetet i Bonn. Prosjektet går fra 2017 til 2020». Besøksforvaltningsprosjektet og TØI leverer data hit.

Destinasjonsutvikling basert på brukaroppleving – Pilot for saumlause vandreopplevingar i fjordlandskap.

Brukarinsikt frå forprosjektet skal gi Visit Sognefjord og bedrifter i Aurland strategiske verktøy for å etablere ein opplevingsbasert vandredestinasjon i fjordlandskapet bestående av heilskaplege vandreprodukt. Prosjektet har mål om å:

- 1) Auke kunnskapen om korleis kommersielle og ikkje kommersielle element påverkar vandreopplevinga for turistane.
- 2) Auke kunnskapen om korleis dei lokale aktørane kan forbetre vandreopplevinga til turistane.
- 3) Gi brukarinsikt som bidreg til å løyse organisatoriske utfordringar på vandredestinasjonen.

Ein ventar at prosjektet gjennom å fokusere på opplevinga til turistane vil gje innspel til korleis ein kan forvalte opplevingsområda betre.

Prosjektet er dessverre lite koordinert med besøksforvaltningsprosjektet pga. sein oppstart.

Tourism Elasticity

Prosjektet skal kartlegge fleksibilitet / elastisitet og potensiale for auka inntening, dvs. korleis ein kan få meir verdiskaping lokalt frå turismen. Prosjektet skal undersøke kva som skjer ved "Frustrert / stimulert forbruk". Brukar turistane mindre enn budsjett? Kva er barrierene? Brukar dei meir enn planlagd? Var det verdt det og kvifor? NCE Tourism / Fjord Norge, VestForsk, UiS & TØI. (Grøtte, 2015) Prosjektet kom for seint i gang til å koordinerast med besøksforvaltningsprosjektet.

Sustainable Cruises

Berekraftig cruise skal skaffe meir kunnskap om og optimalisering av sosiale, miljømessige og økonomiske effektar av cruiseturisme. Det starta opp som eit regionalt bedriftsprosjekt. Næringsa støttar behovet for dokumentasjon og forsking knytt til tematikken, men reiselivsbedriftene har ikkje evne til å gå inn finansielt i eit rent forsikningsprosjekt av denne typen. Prosjektet vart rigga som eit regionalt offentleg prosjekt, men kom for seint i gang til å koordinerast med besøksforvaltningsprosjektet.

Hordaland fylkeskommune v/næringsseksjonen har teke rolla som prosjektansvarleg. Vestlandsforsking er prosjektleiar og FoU-ressurs i prosjektet. Prosjektet er eit viktig verktøy for å kunne arbeide fram eit empirisk grunnlag for framtidig strategi og handlingsplan for cruiseverksemda i regionen. (Hordland Fylke, 2015)

Verdsarvsenter og verdsarvhús – lokale FoU-senter

Besøksforvaltningsprosjektet har gjennom samarbeid med desse institusjonane vist kor viktige dei er som møteplassar for folk, for forsking og utvikling, formidling og forankring, og for nyskaping.

Geiranger og Nærøyfjorden starta opp med lokal forankring og kunnskap om berekraft og formidling av verdsarvverdiar frå ulike ståstadar. Geiranger hadde eit informasjonssenter som i 2015 fekk status som nasjonalt verdsarvsenter. Verdsarvsenter får stønad til drift over statsbudsjettet på lik linje med nasjonalparksenter. Fjordsenteret er ein møteplass for forvaltning, forsking og formidling av verdsarven. Etter kvart vert det jobba meir i lag med bygdene og dei ulike næringane. Det fyrste verdsarvhuset er under planlegging, etter ide frå Nærøyfjorden. Fjordsenteret har mange prosjekt i lag med skulane.

Eit av dei største prosjekta til Stiftinga Geiranger verdsarv er Grøn Fjord 2020. Prosjektet vart sett i gang med midlar frå verdiskapingsprogrammet for regionalparkar og kviler på tre grunnpilarar: Ivareta verdsarv-verdiane, samarbeide i unik entreprenørskapsånd og pådrivar for lønsam klima- og miljøvenleg utvikling.

Gjennom samabeidsrørsla Grøn Fjord 2020 ynskjer ein å ta ein posisjon der Grøn Fjord Partnarskap skal vere eit internasjonalt fyrtårn for utvikling av klima- og miljøvenlege løysningar for menneskeleg aktivitet i verdsarvsområdet. Visjonen er Sporlaus ferdsel.

I Nærøyfjorden bygde ein over tid opp verdsarvparken som ein av dei første regionalparkane i Noreg. Her valde ein å starte med sterkt involvering av innbyggjarane og oppbygging av organisasjonen gjennom partnarskap i lag med bygdefolket. Samstundes vart det bygd opp stor kunnskap og lokale kompetansebedrifter innan regional forvaltning og berekraftig utvikling. "Verdiskaping skjer i møtet" er deira slagord.

Ivaretaking av kulturlandskap, formidling (interpretasjon) og satsing på lokal matforedling var andre viktige tema. Med utgangspunkt i Sogn Jord- og hagebruksskule og Slow-food-rørsla vart etter kvart organisasjonen Sakte skipa, der ein med vekt på berekraft etter kvart har teke opp mange lokale bedrifter med eit breitt tilbod. Fleire bygder har no få verdsarvhús, medan ein framleis jobbar med å finne ut korleis verdsarvsenteret skal formast.

2.22 Andre planar og relevant kunnskap

Det vil alltid vere avgjerande at planar frå ulike forvaltningsledd har ei felles forståing av visjon og mål for området og verdiane ein skal forvalte. Besøksforvaltning må difor sjåast i samanheng med og innarbeidast i ulike plandokument som gjeld dei aktuelle områda. Nedanfor er også andre døme på planar og prosessar som innhentar ny og viktig bakgrunnskunnskap.

Besøksstrategiar for verneområde

For dei som har store verneområde i nærleiken, er utarbeiding av besøksstrategiar ein viktig planprosess å ta del i. Her blir det innhenta og oppdatert mykje viktig kunnskap og teke strategiske val som er viktige for eit stort omland. Det er ein institusjon med innebygd drivkraft når det gjeld arbeid med besøksforvaltning, som er stabil og lokalt forankra. Difor må det vere god kontakt mellom planleggjarar og områdeforvaltarar. Dette blir også understreka av forsking på området (Stokke et al. 2017).

Alle store verneområde skal ha utarbeidd besøksstrategiar innan 2020. Besøksforvalningsprosjektet har jobba nært med områdeforvaltar i Nærøyfjorden, som har køyrd parallelle løp med utvikling av besøksstrategi for verneområda i Nærøyfjordområdet. Det har vore eit nært samarbeid om møte og møteplassar, kartlegging i felt, forsking og utviklingsarbeid, formidling og forvaltning, både i og inntil verneområda. I Geirangerfjord-området har ein ikkje kome så langt med besøksstrategiane endå, men det er digitalisert ein del infrastruktur for reiselivet.

Samarbeidet har skapt eit godt fagmiljø på tvers av sektorar og institusjonsgrenser, løyst ut meir innhenting av kunnskap og fleire felles løysingar, enn om folk hadde jobba kvar for seg. Det er m.a. innsamla data og utarbeidd ei mengd digitale temakart som blir brukt av forvaltinga på tvers av vernegrensene. (Nornes, in prep). Kartdata blir lagt inn på fylkesatlas av Sogn og Fjordane fylkeskommune på vegne av heile verdsarvområdet med innfallsportar. Overføring av besøksforvaltning som strategi til lokal og regional samfunnsplanlegging var tema for ei masteroppgåve i prosjektet (Andreassen, 2014).

Berekraftig reisemål

Indre Sogn har i 2017 starta opp program for kvalifisering for Innovasjon Norge sitt destinasjonsmerke for berekraftige reisemål. Prosessane er integrert i arbeidet med masterplan for reiselivet. Arbeidet skal ende opp i ein handlingsplan for ei samla utvikling av reiselivsnæringa for Sogn 2020-2035. Geiranger starta opp tilsvarende arbeid tidlegare, men det stoppa opp i periodar.

Berekraftig reisemål utviklast gjennom mange aktørar og langsiktige prosessar, nett som arbeidet med å ta vare på verdsarven. Destinasjonsselskapa er medlemsbedrifter med begrensa økonomi. Det er mange ulike tema og planar som vedkjem næringa, og mange møte å gå på. Ved å hekte nye planarbeid på pågåande prosessar oppnår ein å forsterke samarbeid og forankre planane raskare.

Mange overordna målsetjingar (Visit Sognefjord, 2017) gjeld besøksforvaltning og vedkjem forvaltninga av verdsarvområdet:

- Sikre berekraftig utvikling av regionen for alle: innbyggjarar og besökande
- Identifisere og utnytte moglegheitene som ligg i ei brei verdiskaping, sette felles målsettingar

- Styringsverktøy, oversikt over kva som må til for å nå målsettingane, gap-analyse (kunnskapsgap)
- Optimal arealmessig plassering av tilbod
- Avklare mogleg fellesgodefinansiering og ivaretaking av fellesgode
- Faglig forankring/fakta som grunnlag for val av strategiar
- Etablere/forsterke nettverk og kommunikasjonslinjer (offentlig og private) på tvers av bransjar

Cruise-strategi for Vestlandsregionen

Arbeidet med å utarbeide cruisestrategi og handlingsplan for denne pågår no. Frå framlegg til handlingsplan har vi saksa følgjande:

«Cruisetrafikken til Vestlandsfylka har dei seinare åra auka kraftig, og utgjer etter kvart ein viktig del av den samla reiselivsnæringa på Vestlandet. Om lag 70 prosent av all cruisetrafikk i Noreg skjer i dei fire Vestlandsfylka. Det er i alt 17 hamner som tek i mot cruiseskip på Vestlandet, alt frå Bergen som største cruisehamn i Noreg til nokre av dei minst nyitta cruisehamnene i Noreg».

I følgje ei prognose som er utarbeidd av Transportøkonomisk Institutt kan talet på cruiseturistar doblast mot 2041 (Dybedal et al, 2015).

Det er mange mogleheiter knytt til denne auken. Samstundes fører auken med seg ein del utfordringar. Mange utfordringar er knytt til overturisme. Cruisestrategien viser til at for mykje cruisetrafikk kan gje store ulemper for lokalbefolkinga. Ei anna utfordring er utsleppa frå cruiseskipa medan dei ligg til kai, der både luft- og vassforureining kan vere eit problem (folkehelse, klima, profil og omdømme).

Det er svært ønskeleg at fleire reiselivsbedrifter kan levere aktivitetar og opplevelingar til cruiseindustrien. Det er ein del utfordringar knytt til å skape auka positive ringverknadar til reiselivsnæringa i nærlieken av hamnene, med andre ord auka verdiskaping og betre lønsemd for reiselivsbedrifter som leverer til cruiseindustrien. Cruisestrategi-rapporten inneheld ei SWOT-analyse som gjev ei god oppsummering av problemstillingane.

Kommunale planar i Geiranger- og Nærøyfjordområdet

Besøksforvaltning er samfunnsplanlegging. Folkemøte, fagmøte, referansegruppe og andre rådgjevande organ som er i sving i samband med ein offentleg planprosess eignar seg godt for å drøfte fleire liknande problemstillingar. Sjå døme på planar og planprogram for rullering av planar som vedkjem besøksforvaltning, eller der besøksforvaltning inngår.

- **Kommuneplan**, kommunedelplanar og reguleringsplanar.
- **Planprogram** for rullering av handlingsplan, økonomiplan, kulturminneplan, strategisk næringsplan, landbruksplan og hamneplan.
- **Temaplanar:** Viktige friluftsområde, sti- og løypeplan/turruteplan.
- **Fagrapporatar:** Kjerneområde for kulturlandskap og landbruk.

Områdereguleringsplan for Geiranger frå 2017

«Geiranger opplever i sommarsesongen ei kraftig tilstrøyming av turistar, og vegsystem og parkeringskapasitet er ikkje dimensjonert for å takle den store trafikkmengda. Turistar kjem sjøvegen med cruiseskip, Hurtigruta, ferje og småbåtar og langs vegen med bussar, bobil og privatbilar. For å lette presset på sentrum legg planen til rette for utbygging av djupvasskai og parkeringsareal ved strandsona sør for Grande, og gangveg mellom Grande og sentrum. Dette har også miljømessige fordelar, ved at behovet for tenderbåtar på fjorden går ned. Som eit meir langsigkt tiltak er også parkeringstunnel lagt inn i planen. Planen legg samtidig stor vekt på å ivareta særpreget og verneverdiane i Geiranger.» Frå planomtalen. Både bygging av cruisekai, veg og tunellbygging vedkjem direkte verdiane.

Detaljregulering for utbetring av innseglinga til Flåm, 2017

Kystverket har i 2017 starta ein planprosess for å utbetre innseglinga til Flåm hamn. Detaljreguleringa skal legge til rette for å gjennomføre utdjupingstiltak ved Fretheimsgrunna og to mindre grunnar vest for Åtranessgrunna i Aurlandsfjorden. Reguleringsplanen skal også avklare kor overskotsmassane kan deponerast.

Heile botnen i Aurlands-fjorden er innskriven i verdsarven med spesielt viktig og interessant geologi i eit ungt fjordlandskap som er i stendig utvikling. Noko det geologisk ustabile og ras-utsette Joaset-området som frå 2017 er konstant overvaka pga. fare for fjellskred vitnar om.

Planane inneber direkte inngrep med sprenging av grunnar og deponi av massar i verdsarvområdet. Det er utarbeidd ein eigen konsekvensanalyse der geologien i Aurlandsfjorden er spesielt omtala.

Områderegulering Flåm sentrum, Aurland kommune.

Innbyggjarane i området har gjennom parkmøte, dialogkonferansar og andre folkemøte sagt at bulyst og besøksforvaltning er to sider av same sak i Flåm. Aurland kommune held no på med planarbeid for Flåm sentrum, der målet er å definere handlingsrommet for utvikling av Flåm som ein berekraftig bu-, arbeids- og besøksstad.

Studentoppgåver – strategisk landskapsplanlegging

Nærøyfjorden verdsarvområde- Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling i Vestnorsk Fjordlandskap. Studentoppgåve, NMBU. 2014

«Studentene ble delt i fem grupper med ansvar for hvert sitt primære geografiske område: Flåm/Undredal, Aurlandsvangen/Aurlandsdalen, Vik/Fresvik, Lærdal og Nærøyfjorden/Stalheim. Hver gruppe har gjennomført en overordnet beskrivelse for sitt område med dokumentasjon av natur- og kulturforhold, landskap, bosetning, næringsvirksomhet, reiseliv, etc., hvor man har studert sitt område i en regional sammenheng knyttet til Nærøyfjorden verdensarvpark.»

Geirangerfjorden verdsarvområde Besøksforvaltning og

lokalsamfunnsutvikling i Vestnorsk Fjordlandskap. Studentoppgåve, NMBU 2016.

«Hovedmålet i kurset er å gjøre studentene i stand til å kunne utvikle strategier som integrerer plan, forvaltning, stedsutvikling, vern og næringsutvikling knyttet til natur- og kulturressursene i en regional landskapssammenheng.

Et viktig utgangspunkt er den europeiske landskapskonvensjonens rammer. Kurset skal gi kunnskap i bruk av verktøy for å analysere landskap, identifisere ressurser for utvikling, forstå mobiliseringsprosesser og medvirkning, og kunne bidra til kommunikasjon og formidling i forhold til ulike aktører og interessegrupper. Videre skal studentene få innsikt i lokal og regional planlegging og forvaltning av landskap og lokalsamfunn.»

Masteroppgåver knytt til tema

Overføring av besøksforvaltning som strategi til lokal og regional samfunnsplan-legging, Ninett Delén Andreassen, NMBU 2014.

Hovedproblemstillingen for masteroppgaven: «*Hvordan kan besøksforvaltning som en integrert strategi i lokal og regional samfunnsplanlegging styrke landskapets sær preg som grunnlag for identitet og bred verdiskaping?*»

Lokalsamfunn og bæreevne i verdensarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap. Et lokalt perspektiv på reiseliv- og lokalsamfunnsutvikling i Geiranger. Marit Svaland, NMBU, 2016. Kort om oppgåva: «*Planverket brukt i dette studiet viser at lokalsamfunn og reiseliv er representert i planene, men at det varierer hvor mye fokus som tillegges de to forskjellige sidene. Informantene i studiet viste til forskjellige ulemper og fordeler som la grunnlag for informantenes holdninger til reiselivet og tilhørende utvikling i Geiranger.*»

Geologistudentar ved Universitetet i Bergen

har dei siste åra brukt Geirangerfjordområdet som caseområde på Masteroppgåver. Den fyrste oppgåva vart levert i desember 2017. Tre andre er underveis. Kartlegging, dateringar og analyse av landskapsutvikling i ulike delar av området. Oppgåvene vil bidra til å auke kunnskapen om korleis dette landskapet har blitt til, og kva prosessar som har skjedd til ulike tider.

Skulane i Geiranger har og gjort undersøkingar om:

- Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling i Geiranger
- Lokalsamfunnsutvikling i bygda Norddal
- Oppvekst som ressurs for stedsutvikling i bygda Norddal
- Reiseliv og landbruk i Eidsdal
- Bærekraftig reselivsutvikling i Geirangerfjorden
- Geiranger og Herdalen LVO- ei begrensning eller ein ressurs?
- Utvikling av fjordgardene langs Geirangerfjorden

2.23 Oppsummering av kunnskapsgrunnlaget

Landskap og miljø

Dei fleste besøkande kjem for å oppleve den reine naturen og det storslagne fjordlandskapet. Dei norske turistane legg meir merke til kulturlandskapet. Landskapsanalysane syner at verdsarvverdiane i ferd med å bli degradert (observert negativ trend) i enkelte landskapsområde.

Båttrafikk fører til bølgeslag og utvasking av strandsona, særleg i Nærøyfjorden. Stor ferdsel fører til slitasje og erosjon i enkelte sårbare område. Vegbygging, flaumsikring og vern mot skred medfører ofte inngrep som hindrar dei geologiske prosessane som formar fjordlandskapet. Andre og meir sakte endringar i landskapet er knytt til attgroing, nedlegging og fråflytting. Planlagde utbyggingar knytt til hamner, kaianlegg, vegar, tunellar og mudring/sprenging av skipslei kan koma i direkte konflikt med dei innskrivne verdsarvverdiane.

Lokalsamfunn og lokal verdiskaping:

Oppslag i media og debattar på folkemøte og dialogkonferanser viser at ein nærmar seg innbyggjarane sine tålegrenser ved dei mest trafikkerte turiststadane. Dei akutte problema er knytt til manglende styring med parkering, trafikk på smale vegar og utilfredsstillande sanitære tilbod (Lykkja og Knagenhjelm, 2014, Nærøyfjorden verdsarvpark, 2015).

Begrensa areal forsterkar trenden med auka bustadprisar, og oppkjøp av bustader som feriehus eller for utleige kan skvíse fleire fastbuande ut og gjere det vanskelegare for ungdom å etablere seg. Berekraftig reiseliv legg vekt på at ein skal ta lokalbefolkinga sine problem på alvor. Eit triveleg lokalmiljø er også triveleg for dei som kjem på besøk.

Næringsliv og marknadar:

Ulike marknadar etterspør ulike kvalitetar. Blir det for mange av ei turistgruppe, kan det redusere trivsel og attraktivitet for andre grupper. Trendane i reiselivet viser at gjestene legg stadig meir vekt på meiningsfulle opplevelingar. (Hansen, 2015 og Hansen og Lykkja, 2018). Gjesteundersøkingane viser at cruiseturistar og rundreiseturistar som kjem langvegs frå førebels ikkje reagerer på trengsel og därleg tilrettelegging, medan norske turistar reagerer på støy, trengsel og forureining.

Geiranger er eit besøkspunkt og reisemål med høg attraksjonsverdi. På sommaren har ein stor gjennomfartsturisme. Sentrum med kaiområdet er då prega av store mengder med turistar som kjem med buss, ferje, hurtigrute eller cruiseskip. I tillegg er det mange bilturistar og campingplassen er som regel full. Dei turistane som søker ro og fred, finn seg gjerne andre stader, og er difor truleg ikkje fanga opp av denne gjesteundersøkinga (pers. med. Juvet landskapshotell og Fjordsenteret).

Det betyr at nokre område må jobbe med strategiar for veksthandtering, medan andre ynskjer å utvikle turisttilbod og kan ha gode alternative opplevelingar som kan avlaste pressområda. Dei vil sjå på strategiar for vekst og volumauke. Besøksforvaltninga må ta omsyn til heile skalaen.

2.24 Kva treng vi å vita meir om?

Korleis ligg vi i løypa i forhold til andre verdsarvområde?

Susanne Becken og Cassandra Wardle publiserte i 2017 ei undersøking om kor langt ein har kome med reiselivsplanlegging og besøksforvaltning i verdsarvområde med naturarv eller natur- og kulturarv (mix-område). Dei undersøkte 229 verdsarvområde i engelsk- og spansktalande land. Dei såg på om områda hadde besøkstal og målingar av besøk, økonomisk verdiskaping, og om planane tok opp i seg UNESCO sine prinsipp for berekraftig besøksforvaltning.

Nokon av dei mest populære områda i utviklingsland hadde svært gode og oppdaterte planar. Berre 42% av verdsarvområda hadde forvaltningsplanar som var tilgjengelege via internett. Men nesten alle som hadde slike planar, hadde og integrert reiseliv i planane sine. 11 verdsarvområde hadde eigne besøksforvaltningsplanar. Fleire verdsarvområde rapporterte om besøksforvaltning gjennom årlege rapportar og handlingsplanar.

UNESCO sin verdsarv-manual for naturarv-område, Managing Natural World Heritage (2012) vart brukt for å vurdere om dei hadde utvikla slike planar og forvaltningspraksis. Rapporten har og døme på beste praksis. Nedanfor er den same sjekklisten som forskarane brukte teke med, for å få ein peikepinn på om verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap er på rett veg med dette prosjektet.

UNESCO si sjekkliste Managing Natural World Heritage (2012)

som i løpet av dei neste fem åra skal jobbast saman med manualen for kulturarv til ein felles manual. (Kommentarar i parentes gjeld verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap)

1. Knyter reiseliv til verdsarvforvaltning og vern av verdsarven/

OUV, anten som eigne besøksforvaltningsplanar eller som integrert del av forvaltningsplanar. (tilrettelegging/infrastruktur og opplevingsområde er knytt opp mot OUV. Eigen besøksforvaltningsstrategi, kan også innarbeidast i handlingsdelen til forvaltningsplan ved rullering/inngå i andre regionale planar, kommuneplanar og verneområdeplanar)

2. Sonering (inndeling av område for svært lite bruk og mykje bruk, grad av tilrettelegging, og innspel til formidling av kjerneverdiar)

3. Involvering av lokalsamfunn (involvering og medbestemming gjennom parkmøte/Grøn fjord 2020, dialogmøte, destinasjonsselskap, partnarskap)

4. Forstår kva turistane/dei besøkande synest om staden

(gjesteundersøkingar, intervju korleis dei opplever verdsarvområdet)

5. Besøkstrendar (gjesteundersøkingar, utvikling av marknadar og straumar)

6. Måling og undersøkingar/forsking (gjennomført, og meir er på gang, cruisetrafikk mv)

7. Måling/overvaking (budsjett for måling, overvaking, besøksteljing, sårbarheitsanalysar, FoU-strategi, samarbeid med univ/høgskular mv)

- 8. Indikatorar** (lite gjort her, måling av besøk, planar om oppfølging, val av tellepunkt, restaurering, arbeid utført av verneområdeforvaltar og SNO)
- 9. Tåleevne, bereevne** (øvre grense besøkstal td. cruiseskip per dag, tiltak som lågare fart på fjorden, sosial bereevne i lokalsamfunn)
- 10. Tilrettelegging** (infrastruktur og tilbod for besøkande i verdsarvområda)
- 11. Løyver** (konsesjonar gitt innanfor verneområde)
- 12. Formidling/Interpretasjon** (eigen formidlingsstrategi/plan under utarbeiding)
- 13. Rapportering** (årleg rapport, UNESCO-rapportering kvart 6. år, verdiskaping, restaurering, kulturlandskapstiltak)
- 14. Samarbeid med innfallsportar og destinasjonar** (samarbeid med berekraftig reisemål/destinasjonsutvikling, samordning i overordna planar, verneområdeplanar, kommuneplanar og regionalplanar? Innspel til nasjonale planar og prosjekt?)
- 15. Sikre at «reiselivsnæringa har ordna forhold til verdsarvområdet».**
(Felles forståing er i ferd med vekse fram. Samordna profilering og marknadsføringsstrategi manglar).

Dei tre siste elementa er viktige i UNESCO-manualen, men er ikkje gitt eigen tal der. Dei er derimot gitt stor plass skriftleg. Dei to siste er litt vanskelegare å kartlegge. Når det gjeld samarbeid med innfallsportane og i forhold til overordna planar meiner UNESCO at «Verdsarvområda bør vere integrerte i regionale og nasjonale planar for reiseliv, og bør, der det er mogleg, påverke desse planane»

God kontakt og ordna forhold mellom reiselivet og verdsarvområda inneber også at forvaltarane må ha ei forståing for og kjenne til reiselivsmarknadane, korleis reiselivsnæringane er organisert, og kva for visjonar og mål reiselivsnæringa har når det gjeld marknadsføring av verdsarvområda.

Lettare tilgang til besøkstal og statistikk.

Skal ein lykkast med tilrettelegging for ulike typer opplevingar i ulike små og store opplevingsrom, må ein ha ein overordna plan for styring/regulering av ferdsel. Spreiing av trafikk i tid og rom blir viktig. Meir kunnskap om kundereisene og lettare tilgang til besøkstal og statistikk vil lette dette arbeidet. Det er truleg viktig å utabeide døme på mange ulike måtar å styre på (skissere moglege verktøy i verktøykassa)

Digitale tenester knytt til mobiltelefon osv. er på full fart inn i som forvaltnings- reiskap. Big Data –teknologien blir gjort lettare tilgjengeleg og stadig rimelegare.

Vidare innhenting av data og kunnskap.

(jf. FoU-strategi for verdsarvområdet)

3 Visjon, mål og strategiske grep for verdsarvområda med innfallsportar – tilrådingar

3.1 Visjon

Visjon og hovudmålsetjingar dannar grunnlag for val av besøksstrategiar, dvs. framgangsmåtar med tilhøyrande tiltak som vi kan gjennomføre for å nå dei langsiktige målsetjingane, slik som UNESCO legg føringar for. Denne fyrste generasjonen besøksstrategi for verdsarvområdet med innfallsportar heng nært saman med strategiane for verneområdet, men har noko vidare rammer.

Ei berekraftig og langsiktig forvaltning av verdsarven ligg i botnen (den øvste sirkelen). Utarbeiding av visjonar for besøksforvaltning må ta utgangs-punkt i dei overordna visjonane for forvaltninga av verdsarvområdet. Denne finn vi i innskrivingsteksten og i forvaltningsplanane for Geirangerfjorden og Nærøyfjorden landskapsvernombordet

**Visjon Vestlandsk fjordlandskap:
Gode møte - med berekraftig besøksforvaltning**

3.2 Prinsipp for god besøksforvaltning

Denne prosjektrapporten leverer ingen ferdig plan eller løysing på korleis den praktiske besøksforvaltninga skal takast vidare i dei ulike delområda. Men den presenterer overordna prinsipp for forvaltning av verdsarvområde og innfallsportar til slike viktige område, og tilrå framgangsmåtar som underbyggjer dei viktige prosessane som bør halde fram eller starte opp for å oppnå meir berekraftig forvaltning.

Utfordringane er å setje saman grupper av folk som er løysingsorienterte, skape gode møteplassar der ein kan avklare roller, ansvarsområde og interesseområder, og utvikle eit samarbeidsklima der ulike interessegrupper kan få lov å bidra til felles beste.

Gode prosessar startar med å fange opp signal frå dei ulike lokalsamfunna i planområdet. Det neste er å målbere eller synleggjere desse ynskja og behova i arbeidet med å utvikle overordna besøksstrategiar og ta desse med vidare i ein eigen forvaltningsplan eller inn i andre aktuelle planar. Det same gjeld for reiselivet/ marknadane/næringslivet, den tredje sirkelen. Ulike delar av reiselivet har ikkje sjeldan motstridande interesser. Berekraftige løysingar blir utvikla best i samarbeid med alle interessegruppene.

Med eit slikt grunnlag kan ein gå vidare og sjå nærmare på utvalde område. Anten fordi det skjer mykje aktivitet og er viktige for utvikling av opplevelingar, eller fordi lokalsamfunnet oppfattar det som eit pressområde med (areal)brukskonflikter eller fordi lokalsamfunn og næringslivet gjerne vil utvikle reiseliv og/eller har kvalitetar som gjer at ein kan avlaste andre pressområde (utviklingsområde/ avlastingsområde).

3.3 Mål for berekraftig besøksforvaltning av Vestnorsk fjordlandskap:

Ta vare på natur og landskap, og ta særlege omsyn til den innskrivne verdsarvverdien.

Kjerneverdiane knytt til verdsarven er viktige for framtida. Tenke globalt – handle lokalt. Avlaste pressområde, skjerme viktige og sårbare område og iverksetje tiltak som gjer ein forskjell. Innfallsportane til verdsarvområda er viktige for å avlaste sårbare område, samstundes som ein her har infrastruktur og handlingsrom som gjer det lettare å utvikle næring knytt til verdsarven.

Ta vare på lokalsamfunna og legge til rette for fortsatt landbruksdrift.

Fjordlandskapa med dei til-liggjande fjellområda er også viktige og verneverdige kulturlandskap. Det særprega kulturlandskapet er teke med som tilleggsverdi til verdsarven (OUV VII Landskapsbildet). Bruken av innmark og utmark har samstundes viktig nasjonal, regional og lokal verdi knytt til fjordfolket sin kultur og identitet. Landbruksdrift er difor ei viktig næring å stimulere for å opprethalde. Levande bygder og kulturlandskap heng saman. Kulturlandskapet representerer store opplevingsverdiar for besøksnæringane.

Legge til rette for besøk og for utvikling av berekraftig reiseliv.

Satse på kvalitet og sær preg. Sikre gode opplevelingar for ulike besøksgrupper, skape nye opplevingspunkt, opplevingsruter og rundreiser gjennom å legge til rette eit utval av våre lokale, nasjonale og internasjonale attraksjonar som tålar slik eksponering. Samarbeide for å løfte i lag. Utvikle kunnskapsturisme i og inntil verdsarvområda for å bygge opp lokal kompetanse og kunnskap og rekruttere ungdom til ei berekraftig besøksnæring. Gjerne i nært samarbeid med landbruket. Det er viktig å stimulere til nye næringar for dei som held kulturlandskapet ved like.

3.4 Strategi

Ein god strategi må ha tydelege mål i botn. Skissa til besøksforvaltning i verdsarvområde tek føre seg seks konkrete strategiar som kvar for seg jobbar med ulik tilnærming, men som saman styrkar heilskapen i målsetjinga. Sjå meir om kvar strategi på dei neste sidene.

«*Det
er greitt at nokon
stader ikkje er tilgjen-
gelege. Det er ein del
av kvaliteten*»,
folkemøte, Geiranger,
30.04.15

- A. **Involvere** lokalsamfunn og lokalt næringsliv i alle steg, frå kartlegging og analyse til medbestemming og utvikling. (Kapittel 4)
- B. **Kartlegge** kjerneverdiar og tilstand på overordna nivå. (Status for overvaking og rapportering av endringar)(Kapittel 2)
- C. **Velje ut** konkrete tiltaksområde for strakstiltak og meir langvarige tiltak. (Kapittel 3)
- D. **Samarbeide** for å utvikle berekraftige lokalsamfunn, produkt, tilbod og opplevelingar. (Kapittel 1-5)
- E. **Samarbeide** om styring, forvaltning og rammeverk, inkludert rapportering til UNESCO. (Kapittel 1 og 2)
- F. **Innarbeide** besøksforvaltning i offentleg planlegging og forvaltning. Utvikle planreiskapar som td. temakart og kartdatabasar. (Kapittel 1 og 2)

A. Involvere lokalsamfunn og lokalt næringsliv for kartlegging, analyse, medbestemming og utvikling

Skape møteplassar for dialog og samarbeid

Verdiskaping skjer i møte mellom folk. Mykje god opplæring og kompetanseheving har skjedd gjennom fagdagar, parkmøte, kurs, seminar og konferansar, gjennom uformelle møte fagfolk imellom– og ikkje minst i direkte dialog med kunden. Dialogkonferansar har vore viktige for å bringe saman grupper med ulike verdisyn og interesseomsetnad. Vertskapskurs og kursing av lærarar, elevar og studentar, har bidrege til meir kunnskap om verdsarven og om formidling (interpretasjon) og tilrettelegging for gode opplevingar. Slike møteplassar skapar samhandling, og gjev innsikt i ulike ståstadar og verdisyn. Felles forståing for verdsarven og landskapet vi skal forvalte kan hjelpe til å finne beste løysing for dei overordna måla. Vi har sett at det er behov for ei meir bevisst og systematisk utarbeiding av temakart og handlingsplanar for fleire plantema. Slike prosessar krev stor brukarmedverknad og skapar gode møteplassar mellom aktørane, inkludert reiselivet.







Grøn Fjord er eit godt døme på møteplass for faginstansar.

B. Kartlegge kjerneverdiar og tilstand på overordna nivå. Status for overvaking og rapportering av endringar.


Det er viktig å sikre god og langsiktig forvaltning av opplevingsområda, og vurdere kva for alternative område som kan avlaste verneområda og som toler meir tilrettelegging og bruk. Det er gjennomført gjesteundersøkingar og analysar av landskap, verdsarvverdiar, lokal verdiskaping og for lokalsamfunna i regi av prosjektet. Det er gått opp nye løyper for digitalisering av viktig infrastruktur for reiseliv, friluftsliv og besøksforvaltning i nært samarbeid med verneområdeforvaltarane.

Temakarta høver godt for utvikling av arealplanar, temaplanar (turruter/ stiar- og løyper, viktige landbruksområde, kulturlandskap) og fagrapportar (sårbarheitsanalysar, ferdssels-teljingar, mv).

Temakarta er under utvikling og registreringane er ikkje full-stendige, men data blir lagt ut på fylkesatlas etter kvart som ein får digitalisert dei. Dei er eit viktig bidrag til verktøykassen for besøksforvaltning.



Konkrete tiltaksområde - Geirangerfjordområdet, kart 34



C. Velje konkrete tiltaksområde

Kartlegginga av dagens situasjon inneber ei gruppering av landskapsområda i opplevingsområde etter kor tilgjengeleg og tilrettelagte dei er for ulike besøksgrupper. Vi foreslår ein femdelt skala, inndelt etter den såkalla purist-urbanistskalaen, og som er tilpassa lokalsamfunnet sine ynskje og behov.

Velje ut område med lite tilrettelegging

Ivareta dei mest urørte og særprega områda, lite tilrettelegging her. Vurdere brukargrupper og tålegrenser for bruk, foreslå profilering og formidlingsstrategi, strakstiltak og tiltak dei neste 10 åra.


Velje ut område med mykje tilrettelegging

Tilrettelegging for masseturisme, vurdere brukargrupper og tålegrenser for bruk, foreslå profilering og formidlingsstrategi, strakstiltak og tiltak dei neste 10 åra.

Pressområde, strakstiltak og tiltak på lang sikt

Område med utfordringar innan natur og landskap/verdsarv, lokalsamfunn, besøksoppleving og reiseliv. Vurdere brukargrupper og tålegrenser for bruk, foreslå profilering og formidlingsstrategi, prioritere tiltaksområde i verdsarvområdet med innfallsportar som ligg i Norddal, Stranda, Vik, Voss og Aurland kommunar.

Konkrete tiltaksområde - Nærøyfjordområdet, kart 35



Avlastingsområde- utviklingsområde med strakstiltak og tiltak på lang sikt

Område med lite reiseliv i dag, men der ein ynskjer å satse meir på reiseliv, og som kan fungere som avlastingsområde for pressområda. Dette er område der ein gjennom føre var- prinsippa har høve til å utvikle berekraftig reiseliv med utgangspunkt i natur og landskap/ verdsarv, lokalsamfunn, besøksoppleving.

Vurdere brukargrupper og tålegrenser for bruk, foreslå profilering og formidlingsstrategi, prioritere tiltaksområde i verdsarvområdet med innfallsportar som ligg i Norddal, Stranda, Vik, Voss og Aurland kommunar.

Tilrettelegging for ferdsel på fjorden og langs land

Ferdsel er ei hovudutfordring. Utvalde leier og ilandstigningspunkt. Vurdere brukargrupper og tålegrenser for bruk, foreslå profilering og formidlingsstrategi, prioritere tiltaksområde i verdsarvområdet med innfallsportar som ligg i Norddal, Stranda, Vik, Voss og Aurland kommunar (td. kajakk, båt, fiske)

Tilrettelegging for ferdsel i bygda og på fjellet, utvalde stiar/løyper og turmål

Utvalde stiar og tilrettelegging for ulike tema/ aktivitetar (stor/mellomstor/liten ferdsel). Koordinering med sti og vandreprosjektet, landbruksplan mv.

Vurdere brukargrupper og tålegrenser for bruk, foreslå profilering og formidlingsstrategi, prioritere tiltaksområde i verdsarvområdet med innfallsportar som ligg i Norddal, Stranda, Vik, Voss og Aurland kommunar (td. kajakk, båt, fiske)

D. Samarbeide for å utvikle berekraftige lokalsamfunn, produkt, tilbod og opplevelinger

Kompetansebygging, motivering og mobilisering av lokale tilbydarar

Besøksforvaltning er ein vedvarande prosess for å sikre ei berekraftig utvikling for natur og landskap, for lokalsamfunn og for besøksnæringane. Dette er eit utkast til fyrste overordna plan eller strategi for forvaltning av besøkstypar, besøksgrupper og besøksstraumar. Vi treng meir kunnskap og kompetanse på alle nivå i forvaltninga, i alle sektorar og på tvers av fagretningar og disciplinar.

Ved å lytte til kvarandre, freiste å forstå ynskje og behov, og ta omsyn til desse, kan vi bidra til nyskaping på mange måtar som kan koma kommunar, verneområdeforvaltning, reiseliv og anna næringsliv, skular, lag og foreiningar i lokalsamfunnet til gode.

Kompetansebygging, motivering og mobilisering av store eksterne tilbydarar:


Fagfolk og praktikarar i UNESCO, hjå styresmaktene for reiseliv, samferdsel, transportselskap på land og sjø og cruisenæringa sine store nasjonale og internasjonale nettverk; Gjennom samplanlegging kan vi jobbe på tvers og lære av kvarandre, vi kan nytte høvet til å byggje opp kompetanse og jobbe fram nyttige strategiar som gjer at vi kan ta ulike delar av besøksnæringane i ei meir berekraftig retning, på ein måte som passar oss og vårt ambisjonsnivå.

E. Samarbeide om styring, forvaltning og rammeverk

Formelt sett forvaltar kommunane områda med heimel i m.a. Plan og bygningsliva (PBL), medan verneområdestyra forvaltar verneområda med heimel i verneforskrifter og Naturmangfaldlova (NML). Det er utarbeidd verneforskrifter og forvaltningsplanar. Verdsarvstiftingane og verneområdeforvaltarane samarbeider om den daglege forvaltninga av verdsarven innanfor og utanfor verneområdegrensene gjennom forvaltningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap. Men når det gjeld reiseliv skjer mesteparten av aktivitetane utanfor verneområda, og slik ynskjer ein også at det skal vere. Det er der infrastrukturen og

Kven er det som tek vare på verdsarven? Vi har sett at det er mange som har eit ord med i laget når det gjeld bruk og ivaretaking av verdsarvområdet. Kven har eigentleg handa på rattet og kven tek avgjerder der mange har ulike interesser? Og korleis kan vi jobbe saman for ei god og effektiv forvaltning?

Fragmentert forvaltning Kven **bestemmer** der mange folk har ulike interesser?



investeringane er gjort med tanke på å ta imot store folkemengder Verneområda har lite tilrettelegging, medan innfallsportane kan riggast for intensiv bruk.

Figuren over viser kven som har handa på rattet, og kva for instansar og aktørar vi må involvere på ulike vis for å utvikle prinsipp og planar for besøksforvaltning for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap med innfallsportar. Denne oversikta er viktig for lettare forstå kva roller ein har og kva for mulegheiter vi ser for samarbeid og fordeling av ansvar og oppgåver. Kven styrer og kven tek vare på verdsarven? Rollene tilhøyrer styresmakter på fleire nivå (multi-level government) og forvaltninga (governance) skjer både i offentleg, halvoffentleg og privat regi. Kven er det som tek vare på verdsarven? Vi har sett at det er mange som har eit ord med i laget når det gjeld bruk og ivaretaking av verdsarvområdet. Kven har eigentleg handa på rattet og kven tek avgjelder der mange har ulike interesser? Og korleis kan vi jobbe saman for ei god og effektiv forvaltning?

Omsorgen for og ivaretakinga av verdsarven er avhengig av eit godt samspel mellom desse aktørane. Undersøkingane som NMBU gjorde i samband med prosjektet viser kor viktig det er å ha integreringsaktørar som løyser ut frivillig innsats og får til samhandling og samarbeid på tvers av ulike forvaltningsnivå og administrative grenser.

Styresmakter på ulike forvaltningsnivå (multi-level government)

KLD – Klima og miljøverndepartementet (Miljøvern, planlegging, Riksantikvaren, kulturminne)

Sjøfartsdirektoratet, Fiskeridirektoratet, Kystverket, fylkesmennene, fylkeskommunane, verneområdestyra, kommunane

fjellstyra og sist, men ikkje minst: grunneigarane.

Nettverk med rådgjevande funksjonar som er sentrale når det gjeld aktiv forvaltning (governance) av desse utvida planområda er Verdsarvrådet, Verdsarvstiftingane (verdsarvparken) og Fagleg rådgjevande utval for verneområdestyra.

F. Innarbeide besøksforvaltning i offentleg planlegging og forvaltning. Utvikle planreiskapar som td. temakart og kartdatabasar.

Det er utvikla eigne tema og temakart tilpassa offentleg planlegging og forvaltning. Tema blir lagt ut på fylkesatlas etter kvart som dei blir digitalisert, og dei fleste data er opne for innsyn for ålmenta. Det blir gjort avtalar mellom fylkeskommunen og brukarane vedrørande val av tema, digitalisering, kvalitetssikring og oppdatering. (Kapittel 1 og 2).

Utvikling av planverkty og innsamlinga av digitale kartdata er også noko som trengst i mange typar communal og regional forvaltning og planlegging. Vi har mellom anna jobba fram tema som er viktige for reiselivet sin infrastruktur. Dette er tema som kommunane også treng for utarbeiding av sti og løypeplanar, eller turruteplanar som dei og blir kalla.

Testing og samarbeid med aktive kommuneplanleggjarar har vist at forvaltninga også etterspør og treng slike data ved utarbeiding av arealplanar, temaplanar og fagplanar. Kommunane får tilgang til data gjennom felles databasar som ligg på Fylkesatlas (Sogn og Fjordane) eller GisLink (Møre og Romsdal).

Forvaltninga treng kartdata til planlegging og forvaltning av tema som gjeld friluftsliv, folkehelse, næringsutvikling, samferdsel, landbruk (beiteplanar, kjerneområde for landbruk, viktige kulturlandskap og viltforvaltning) osv. I tillegg vil det vere til stor hjelp i sakshandsaming av både lokale og regionale saker der desse interessene blir berørte.

Dei ulike temakarta som vi har utvikla, fangar opp mykje av denne tilrettelegginga og den kunnskapen vi har samla inn i lag med alle brukarane og aktørane. Døme på fleire tema blir digitalisert og lagt inn på fylkesatlas. Dette gjer vi i nært samarbeid med verneområdeforvaltninga, som er med og kvalitetssikrar kva som skal ligge ope på nett og kva som av omsyn til sårbare område og dyreliv, kun er tilgjengeleg for forvaltninga. Denne stadige oppbygginga og delinga av informasjon gjer at alle får høve til å setje den saman på nye måtar, får meir forståing for samanhengane og også sjå nye mulegheiter for både forvaltning av opplevingsområde og produktutvikling.

Kartlegging av opplevingsområde bør t.d. vurderast opp mot viktige naturområde og friluftsområde, som dei fleste kommunar er i ferd med kartlegge. Infrastruktur for reiseliv overlappar med kartlegging for utarbeiding av turruteplanar, eller sti- og løypeplanar.

Turruteplanen er ei systematisert og prioritert oversikt over alle aktuelle turruter, inkludert stiar og løyper, i ein kommune der det anten er gjort tiltak eller der ein planlegg tiltak. Planen er utan juridiske, økonomiske eller arealmessige bindingar. Den kan sjåast som ein handlingplan til Kommunedelplan for fysisk aktivitet og naturoppleveling (idrett og friluftsliv). Informasjon, arealsikring, fysisk tilrettelegging (vedlikehald, klopping, merking, preparering) og tiltak som fremjer aktivitet er hovudpunkt i turruteplanen (planlagte tiltak i lag med td. folkehelsekoordinator, idrettslag mv).

4 Tilråding og tiltak - utvalde område

Kapittelet tek for seg utvalde landskapsområde i Nærøyfjordområdet og Geirangerfjordområdet, med fokus på natur/landskap/OUV, lokalsamfunn og besøksoppleveling/marknad/reiseliv.

Det finst både moglegheiter og utfordringar knytt til kvart område. Eit viktig fokus må vere å ta tak i potensialet til området, og sjå på kva som kan gjerast av strakstiltak og kva som er meir langsigtige tiltak, som byggjer opp under strategiane og målsetjingane.

Det må utarbeidast SWOT-analyse for kvart område. Dei tre utvalde områda frå kvart fjordområde er eit døme på utfordringar og potensiale, med forslag til strategiske grep. Dei er:

«*Me manglar eit reiskap å gjere tiltak etter*»,
folkemøte, Geiranger,
30.04.15

- A. **Geiranger**
- B. **Hellesylt**
- C. **Eidsdal**
- D. **Nærøyfjorden**
- E. **Fresvik**
- F. **Jordalen**



Geiranger

Geiranger har eit ikonisk landskap. Utsikt ut fjorden, som gjer ein sving, slik at ein her har eit overordna lukka fjordområde omkransa av fjell på alle kantar og med ei sjeldan intakt strandline. Heilsakleg fjordbotn med tre grender Møll, Homlung og Geiranger, som ligg i trinn oppetter den bratte dalsida. Verdifullt kulturlandskap både i sentrum av Geiranger og i dalsidene. Småskala preg på infrastrukturen gjer at sentrum har eit bygningsmiljø som er triveleg også i lågsesongen, trass i at det er rigga for masseturisme.

Målet må vere å ta vare på og forsterke verdifulle særdrag i glandene og fjordbotnen med dei høgaste landskapskvalitetane i verdsarvområdet. Legge til rette slik at dei som kjem på besök og dei som bur her kan få gode og særprega opplevelingar både no og i framtida.

Utfordringar:

Ferdsel på fjorden har vore eit sentralt tema i Geiranger i fleire år, spesielt med fokus på utslepp til luft og til sjø. (ref. Sjøfartsdirektoratet si utgreiing og målingar av Prof. Löffler)

Stor trafikk kan redusere tryggleiken, men òg naturopplevinga folk ynskjer å få med seg. Konflikt mellom ulike grupper av parti; cruise, ferje, skyssbåtar, småbåtar, RIB, padlarar. Støy frå sjølve båtfarten (motorar, fløyter osb), guiding over høgtalaranlegg, musikk.

Strategisk grep:

- Dialog med hamnestyre, cruisebåtrederi og andre aktørar som nyttar fjorden. Skape forståing for problematikken.
- Det er innført redusert fart i fjorden (Hamnestyret). Oppfølging av støymålingar og måling av forureining.
- Gode prosessar kring områdereguleringsplan for Geiranger og Masterplan.
- Byggje god kunnskap og forståing for kva premissar verdsarvstatusen legg på området.
- Opne drøftingar lokalt, men også på regionalt og dels nasjonalt nivå kring vegval og utvikling av området.
- Arbeide for samsvar mellom nasjonale ambisjonar for VA-området og utviklinga av området.
- Strengare konsesjonskrav på land og på fjord
- Stimulere til bruk av meir miljøvenleg materiell (parti/køyretøy).
- Økonomiske verkemiddel/konsesjonar
- Innføring av «Glacier Bay-modellen» el. liknande modell i verdsarvfjordane.
- Konkrete tiltak for å redusere støy
- Fleire tiltak for å gje informasjon, påverke til miljømedvitne haldningar



Ferdsel på land med mellom anna manglende parkeringsmogleheter. Få tilgjengelege parkeringsareal. «Villparkering». Manglende oppsyn/parkeringstilsyn. Folk kører rett gjennom bygda, utan stopp, fordi dei ikkje finn P-plass. Mistar mogleheter for at dei brukar pengar i bygda – ergo sit att med belastinga, men inga verdiskaping.

Restriksjonar ift. utbygging pga. verna vegar, landskapsvern, fonn- og skredfare, tsunami. Medfører at folk vert gåande i vegbanen. Dette gjeld særleg strekninga Geiranger-Grande, men òg sentrum opp til kyrkja og Hotel Union. Fossevandringa er eit godt tiltak, men ikkje nok. Også mangel på gangvegar vidare oppover Holebygda mot Flydalsjuvet.

Tomgangsgåing i sentrum ved oppvarming av bussar om morgonen + når ein ventar på sine passasjerar. Parkering (dels) i vegbana i påvente av cruisepassasjerar/påstigning. Tek opp parkeringsareal i sentrum (ved Joker) – gjer sentrum endå meir uoversikteleg og trangt, hindrar privatbilistar i å kunne stoppe/parkere.

Strategiske grep:

- Konkrete grep (strakstiltak og langsiktige tiltak) i masterplan og Områderegulering.
- Sikre større areal til parkering – strakstiltak.
- Betre regulering av parkering og trafikk i sentrum – styring.
- Sjekke mogleheter for meir miljøvenleg transport i/inntil sentrum.

Potensiale:

Geiranger som bygd og fjordbotn har sterk/ikonisk posisjon, vert brukt av mange og er eit viktig ikon for Noreg, eit fellesgode i seg sjølv.


Naturattraksjonane Storfossen (sentrum) og Storseterfossen (sherpasti).

Utsiktpunkta Flydalsjuvet og Ørnestigen.

Det autentiske bumiljøet – fleire heilårsbusette.

Strategiske grep:

- Utvikling og vidareutvikling av attraksjonar i sentrumsområdet må koma tydeleg fram i arbeid med masterplan og områderegulering. Miljøomsyn og heilskapleg-planlegging blir sjølve kjernen i arbeidet.
- Sterkt fokus på at bygda kan einast om kva som skal vere satsingsområde i framtida (kva omsyn skal takast, kva skal vernast, kva skal satsast på).
- Sikre god lokal eigarskap og bruk av verdsarvsenteret – vidareutvikling som kompetansesenter på verdsarf og natur- (og kultur-) verdiar.



Hellesylt

Hellesylt ligg som eit tettbygd sentrum inst i ein liten fjordbotn, der tre dalar møter fjorden. Her finst ferjekai, djupvasskai med cruiseanløp, småbåthamn, campingplass og industri. Tilkomst via Rv 60 og frå fjorden. Hellesylt er og startpunkt for turen til Geiranger om vinteren (med båt).

Det freida badehuset og strandsona tilfører Hellesylt sentrum unike kvalitetar. Hellesyltfossen kopla saman med dei gamle steinbygde bruene – populært motiv for dei besøkande. Gamalt trehotell ved brua som forankrar Hellesylt som eit tradisjonsrik reisemål.

Utfordringar:

Verdiskaping knytt til reiseliv har vore ei stor utfordring for Hellesylt. Det er knappheit på areal i sentrum. Dette skuldast m.a. trugsmål frå ras og tsunami, men òg at viktige industribedrifter krev mykje areal og treng også ekspansjonsmoglegheiter i framtida. Det er krevjande å avstemme slike interesser med t.d. reiselivsinteresser og utbygging av attraktive nærområde. Andre utfordringar er koordinering med Geiranger og båt-trafikken (tidsplanen til turoperatørar), tilrettelegging av opplevingar og overnattingstilbod

I sentrum av Hellesylt er mange av bustadhusa feriehus som står tomme store delar av året. Dette gjer at sentrum framstår som mindre levande og vitalt enn det kunne gjort. Sentrum manglar òg reiselivstilbod som gjer at folk vel å stoppe der, og dermed vert det berre ein ilandstigningsstad der folk straks reiser vidare.

Potensiale:

Jordbruksarealet langs Korsbrekkelta er viktig for landskaps-karakteren og eit særpreg i regionen.

Peer Gynt Galleriet som eit verdsarvhushus – formidling.


Planar om nytt Base camp hotell som satsar på naturbaserte opplevingar. Tur- og friluftsliv – Hellesylt som ein sykkelstad med særlege satsingar på Flofjellet og Norangsdalen.

Strategiske tiltak:

- Betre koordinering med Geiranger og dei andre bygdene.
- Etablere eit støtteapparat for grûnderar og eldsjeler, Stimulere til auka aktivitet og attraktivitet
- Ein heilsakapleg plan med konkrete kortsiktige tiltak og langsiktige målsetjingar.
- Jobba aktivt for å finna identiteten til Hellesylt – kva skal ein forbinde med Hellesylt?

Strategiske tiltak:

- Laga heilsakaplege turkart med turløyper, stiar, og sykkelruter.
– «Sykling i dei fantastiske dalføra»- innspel frå folkemøte.
- Badehuset som eit ikon for Hellesylt.
- Det fyrste verdsarvhushuset i området – koplingar til versarvsenteret i Geiranger, med eigen identitet.



Eidsdalen nedre/ Eidsdal sentrum (Norddalsfjorden)

Tettstadbusetnaden i Eidsdal var opphavleg ein strandsitjarpllass. Ferjesambandet Eidsdal – Linge er i dag ei hovudfartsåre i Norddalsfjorden og koplar til dømes Åndalsnes (Trollstigen) med Geiranger. Eidsdal kai ligg i landskapsområdet Norddalsfjorden. Bygda er ein av innfallsportane til verdsarvområdet, og er omkransa av verdsarvareal på begge sider oppover dalen. Tradisjonelt ei landbruksbygd, men har òg småskala reiselivsbedrifter. Fleire gamle fabrikkbygningar interessaant historie.

Utfordringar:

Ferjestrekninga Eidsdal – Linge har desidert mest attståande bilar av alle ferjestrekningar i fylket. Mangelfull kapasitet på oppstillingsplass til ferja. Stor gjennomgangstrafikk i området.

Sentrum = eit vegkryss. Lite attraktivt stoppunkt. Få tilbod i sentrum. Få stadar å setje seg ned ute. Manglar attraktive grønareal som er tilrettelagte for lokalbefolking/tilreisande. Mangelfull skilting. Sentrumsområdet ein utsydeleg/lite definert innfallsport til verdsarvområdet.

Rotete arkitektonisk uttrykk: Dels mønetak, dels flate tak på sentrale bygg i sentrum. Mange murbygg. Nokre trehus. Sterkt varierande vedlikehald på bygningsmasse. Naustrekka med fleire naust som er sterkt prega av forfall. Bygg av særleg interesse: Landhandelen TH Ytterdal, Smogehuset, Jordmorstova.

Potensiale:

Sentrum: Stor gjennomgangstrafikk er eit potensiale for auka verdiskaping. Må arbeide for å oppnå betre stoppeffektar. Ferjekaia bør/kan utvidast. Opprusting/ istandsetjing av naustrekke. Landhandelen TH Ytterdal har ein stor historisk verdi.

Opplevingar (potensiale) langs fjorden og i sentrum: fiske, sightseeing, kombinasjon med fotturar (særleg til fjell og fjordgardar). Brisesletta, Folkestien, Grytesteinråsa, Rongane. Særleg Folkestien har fleire kulturattraksjonar undervegs.


Storås Skjortefabrikk har store lokale som er tomme. Tidlegare nytta til handverksutsal og frisør. «Bakeriet» har òg lokale som står tomme og kan vere eigna for forretning. Merk at lokala er i privat eige. Kafeen er eigd av Eidsdal Næringsutvikling. God plassering. Eidsdal Næringsutvikling eig òg flytebrygga som ligg like ved kafeen.

Strategiske grep:

- Heilskapleg infrastruktur-utvikling av sentrum.
- Eidsdal som startpunkt for verdsarven.
- Bu- og næringslyst – fylle tomme bygg og setje i stand bygningsmasse.

Strategiske grep:

- Mogleg torgområde ved kaia? Vidareutviklast til eit meir triveleg uteområde mot fjorden. Mogleg utfylling (tunnellmasse) i fjorden?
- Alternativ bruk knytt til naustrekke. Tomme lokale kartleggjast og leggjast til rette for ny bruk.
- Betre informasjon og marknads- føring av attraksjonar og tilbod.
- Ei meir heilskapleg utforming av bygningsmiljøet kan gje sentrum eit meir innbydande preg.
- Langereiten natursti. Kan vidareutviklast og marknadsførast betre som eit sentrumsnært aktivitetstilbod



Nærøyfjorden

Nærøyfjorden er eit trøngt fjordlaup med stort relief og steile fjellsider opp til 1700 meter.

Fjordlaupet skiftar retning og skapar fleire lukka og avgrensa landskapsrom innetter fjorden, prega av ulike fossar, rasrenner og skredvifter.

Fv 241 går langs fjorden til Gudvangen og Bakka. Historisk postveg frå Gudvangen til Styvi. Til Styvi og Dyrdal må ein ta båt eller ferje. Stor turisttrafikk på fjorden. Mykje av strandlinja er utan inngrep.

Målet må vere å ta vare på verdas trongaste verdsarvfjord og legge til rette slik at dei som kjem på besøk og dei som bur her kan få gode og særpregra opplevingar både no og i framtida.

Utfordringar:

Ferdsel på fjorden med utfordringar knytt til bølgjer og erosjon, støy frå motorar og høgtalarar, utslepp til luft og vatn, søppel. Tiltak som skapar gode besøksopplevelingar og reduserer slitasje på landskap og miljø, lokalbefolking og gjester, og som gir langsiktig gevinst for det næringslivet ein vil byggje opp.

Bølgjeslag og erosjon frå båtar:
Bølgjeslag frå båtar fører til utvasking av strandsona (erosjon, washing) i ulik grad.

Motorstøy og høgtalarar med musikk og guiding på ulike språk forringar naturopplevelingane for dei som ferdast på og langs fjorden, og for dei som bur langs fjorden.

Strategiske grep:

- Setje i gang tiltak for å redusere erosjon.
- Dialog med cruise, charter, fjordcruise og rib for koma fram til tiltak som gir god effekt med dagens fartøy.
- Stimulere til meir forskning og utvikling for å kartlegge erosjon og utvikle båtar som gir mindre støy, mindre utslepp og mindre skadelege bølgjer.
- Finne gode måtar å regulere ferdsel på.
- Regulere kor mange som kører. Stimulere til bruk av stillegåande fartøy. Regulere fart som gir god effekt (ulike soner i fjorden) særleg nær der folk bur. Regulere bruk av høgtalarar.
- Ta vare på den reine fjorden, og sikre god luftkvalitet og levande marint miljø
- Setje grenser for utslepp
- Informasjon – skilt og kampanje i samarbeid med aktørane på og langs fjorden- alle tek med seg sitt søppel heim. Miljø-patroljar.



Ferdsel på land krev tryggleik langs vegen. Sikringstiltak.

Bakka har alt for mykje besøk i forhold til infrastruktur og kapasitet. Stor slitasje på dei som bur der. Utrivelege forhold pga. for liten kapasitet på sanitæranlegg. Mogleg å få til samarbeid mellom offentlege og private aktørar.

Slitasje, erosjon langs strandlina, mange bårlingar, camping på innmark.

Strategiske grep:

- Må skilte for rasfare, og at gåande/syklande ferdast på eige ansvar. Alternativ: båtrute som tek med syklistar. Skysstilbod gjennom tunellen? Parkering for skyss
- Bakka: WC – offentleg toalett og serviceanlegg med innlagt vatn, Parkering, Skilt og informasjon langs veg
- utedoar og reinhald – prioritera område for ilandstigning.
- Lys i tunellen og refleksvestar/lykter ved tunellinngang som ein låner og legg att på andre sida av tunellen


Potensiale:

Intakt strandlinje, mykje urørt preg ytst, nokre små grender, få fastbuande, lite infrastruktur, lite kunstig lys, buktande og variert fjordløp, trøngt og stille.

Bakka har gardar og kulturlandskap i aktiv drift. Særprega og vidgjeten lita bygd med lita kvit kyrkje.

Strategiske grep:

- Ta vare på gamle kulturlandskap og kulturminne, halde ved like open beite- og slåttemark, og aktiv landbruksdrift med dyrehald.
- Tilrettelegging for triveleg, sikker og trygg ferdsel til fots i kulturlandskapet. Stimulere til fortsatt aktiv landbruksdrift med beitedyr, god drift av landbruksareal og kvalitet på beite som produserer rein mat.
- God styring av dei besøkande (merking og tilrettelegging av ferdelsårer, tiltak i tråkksvake område, miljøpatrulje for søppel, do mm.) Økonomisk støtte til drift og skjøtsel av slått og beitemark. Merka kulturminne med informasjonsskilt



Fresvik

Bygda ligg på sørsida av Sognefjorden like ved inngangen til Aurlandsfjorden og er ein del av Vik kommune. Bygda livnærer seg først og fremst av tradisjonelt jordbruk og turisme basert på den vakre naturen og ei rik kulturhistorisk arv. Det er mest liv i bygda om sommaren når det kjem både norske og utanlandske turistar. Den vakre og frodige fruktbygda med den storslagde naturen, nærheita til breen og dei gode turmoglegheitene utgjer her den største attraksjonen.

Utfordringar:

Området ber preg av attgroing.

Fråflytting har vore ein utfordring sidan før vegen til Feios kom i 1976.

Tilrettelegging for busetnad, gardsdrift, næring og turisme.

Strategiske grep:

- Bulyst kopla med tilrettelegging for næring. Auka satsing på pendlarar.
- Skjøtsel. Skjøtselsplan.

Potensiale:

Fresvik er ei verdsarvbygd. Innfallsport frå nordvest til breen fjellet og fjorden.

Vidareutvikling av turistnæring og fleire tilbod til fastbuande
Styrka frukt- og bærproduksjon.


Nede i bygda skapar dyr på beite liv om sommaren – det autentiske bygdelivet.

Oppleving av Fresvik som aktiv jordbruksbygd. Stillheit med masse lyd, måkeskrik. Urørt natur (skog, fjell, elver) flaumstor elv

Fres Festival

Strategiske grep:

- Etablera kontorfellesskap
- Felles marknadsføring/nettside for Fresvik (oppgradera www.fresvik.net)
- Møteplassar – spesielt om sommaren.
- Verdsarvhush med parkering, toalett og formidling.



Jordalen

Jordalen er ein frodig jordbruksbygd avgrensa av steile fjellsider. Øvste del av Jordalen er busett og har gardar i aktiv drift. Elva i Jordalen har danna eit imponerande tilpassingsjuv med fossar og brusande stryk som fører ned til dalbotn i indre del av Nærøydalen. Innfallsport til nokon av dei mest urørte og storslagne fjellområda i verdsarvområdet. Historisk lite turisme men sterk aukande trend.

Utfordringar:

- Bekymra for ferdsel/stor auke og ukontrollert ferdsel
- Skulehus-grendehus-verdsarvhus. Manglar toalett, parkering, informasjon
- Dårlig skilting til Jordalen frå E16
- Jordalen – Bakkanosi – Villrein. Mange besøkande inn i urørt fjellområde. Sti gjennom myrlendt beiteområde.
- Jordalen-Jordalsnuten. Bratt og utfordrande sti, på sikt slitasjeutfordringar

Strategiske grep:

- Styring av ferdsel – Sikre villreinområde
- Verdsarvhus med fasilitetar (parkering, toalett, formidling)
- Skilting

Potensiale:

- Ekstremsport: Elvepadling, basehopping mot Nærøydalen og Nærøyfjorden
- Topptur: fotturar og skiturar. Bakkanosi og Jordalsnuten (sommar)
- Jaktinteressa er stor. Stor og genuin rotfesta kjensle for å ta vare på fjellet – forvaltning.
- Anleggsveg til Haugane over til Brekkedalen og Stalheim. Populær sykkelrute(?)

Strategiske grep:

- Målretta marknadsføring
- Styrka formidling av lokal historie.
- Legge vekt på naturkvalitetane. Verneområda. Fokus på Skjæringspunktet mellom natur og kultur.

5 Vegen vidare - besøksforvaltning lokalt og regionalt



foto eigm og brukt med lov frå Njord AS

Verdensarvområda skal ha en høg status i Norge. Dette slår Stortinget fast i fleire stortingsmeldingar. Sitatet nedanfor er henta frå St. Meld 35 2012-2013. Framtid med fotfeste.

"Det norske ambisjonsnivået for å gjennomføre forpliktelsene som følger av konvensjonen, er høyt: Norske verdensarvområder skal utvikles som fyrtårn for den beste praksisen innenfor natur- og kultur-minneforvaltning, jf. St.meld. nr. 26 (2006–2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand."

Med slike høge mål må ein ha god planreiskap. Det er verdsarv-kommunane, fylkeskommunane og fylkesmennene som gjennom verdsarvrådet har sett behovet for å utvikle planreiskap for berekraftig besøksforvaltning og sett i gang dette prosjektet.

Det er vanskeleg å ta tak i kompliserte og kontroversielle saker der ein **mangler kunnskap og kompetanse**, rollene er mange og uavklara og planverket ufullstendig. Dette blir bekrefta av intervjuet gjennomført av NMBU, som viste at forvaltninga av turistaktivitetane på fjorden er ei spesielt stor berekraft-utfordring, og at heilsakleg forvaltning og leiarskap er vurdert å vere mangelfull (Stokke et al, 2016).

Kommunane står no overfor mange store og små utfordringar når det gjeld besøksforvaltning i og inntil verdsarvområdet. Fleire av dei vedkjem også regionale og nasjonale styresmakter. Fysisk tilrettelegging for meir cruisetrafikk er døme på eit tema som vedkjem verdsarven

direkte (geologiske prosessar) og indirekte (blårøyk, forureining, trengsel vs. rein natur i storslagne landskap). Lokalsamfunna i Nærøyfjorden vurderer ukontrollert og ukoordinert masseturisme på fjorden som en av dei største utfordringane. (Nærøyfjorden verdsarvpark, 2015 og Stokke er al, 2017).

Cruisestrategien for Vestlandet tek dette på alvor og foreslår tiltak (Rogaland fylkeskommune et al, 2016). Sjøfartsdirektoratet sine undersøkingar viser at utslepp til luft er litt verre i Geiranger enn i Nærøyfjorden. Fjordområda har lite utskifting på sommaren, noko som fører til høge verdiar av skadelege stoff. (Sjøfartsdirektoratet, 2017).

Sjøfartsdirektoratet jobbar vidare med tiltak, mange av dei hører med til verktøykassa for besøksforvaltning. Difor er det viktig å ha eit nært samarbeid undervegs i prosessane. Sjøfartsdirektoratet har køyrd svært grundige og opne prosessar med høg grad av involvering. (Sjøfartsdirektoratet, 2017).

Dei tre verdsarvfjordane er underlagt eit forvaltningsregime der svært mange ulike forvaltningsorgan og rådgjevande organ har ei rolle. Områda er geografisk underlagt fleire kommunar og fylkeskommunar. Rapporten tek for seg dei ulike aktørane, kva regelverk som gjeld og kven som forvaltar dei ulike delane av regelverket.

NMBU sine undersøkingar viser at dei kommunale hamnevesena er relativt autonome og kan i stor grad operere på eiga hand, med basis i økonomi og lovverk. Dei er noko mindre interesserte i reguleringar, sjølv om ein her har gått inn for eit øvre tak på 5000 cruiseturistar per dag.

Forskarane frå NMBU meiner det trengst sterkare nasjonal styring for å løyse berekraftutfordringane på fjorden.

Planreiskap: Det trengst betre planreiskap på fleire hald. Konsekvensutgreiinga til Kystverket byggjer på metoden for konsekvensutgreiing som vegvesenet brukar. Metoden er ikkje utan vidare eigna for å vurdere verdsarvområde. Statens Vegvesen si «gamle Handbok V712» omfattar tema «verneområde» som en del av «naturmangfald». Verdisetjing etter handboka nyanserer «stor verdi» avhengig av m.a. tilstand. Ein legg til grunn at verneområde per definisjon er gitt stor verdi, og at «stor verdi» alltid må danna utgangspunktet når ei skal utgreie konsekvensar for eit verneområde.

Konsekvensanalysar og verdsarv: Men: sidan Aurlandsfjorden er verdsarv, men ikkje landskapsvernombjørg, har ein ikkje tolka det slik at verdsarv gjev like stor verdi. Her samanliknar ein t.d. grunnforholda i Aurlandsfjorden med andre fjordar, avgrensar verdsarvverdien knytt til geologi og aktive geologiske prosessar (OUV VIII) til å vere rasmateriale på fjordbotnen og legg lite vekt på fagrapportane og vurderingane utarbeidd i samband med verdsarv-innskrivinga. (Rustad, 2017). Statens vegvesen sin nye vegleiar V712 frå februar 2018, tek meir omsyn til naturressursane.

Besøksforvaltning - metodar: Fjerning eller oppretthalding av flaskehalsar er eit mykje brukt verktøy innan besøksforvaltning (direkte/indirekte begrensingar av ferdsel/ besøk). Sidan tiltaket ifølgje Kystverket ikkje har til formål å auke cruisetrafikken, vert ikkje auka cruisetrafikk behandla som ein konsekvens av tiltaket. Konsekvensar for

besøksforvaltning er difor ikkje utgreidd av kystverket, sjølv om tiltaket god kan tenkast å få stor verknad for ferdsel og besøksforvaltning.

Besøksforvaltning – plan og strategiar: Målsetjinga med ein slik fyrste generasjons besøksforvaltningsplan er å finne fram til løysingar som dekker dei viktigaste behova. Det vil seie at dei gjev mening og verdi for lokal planlegging og forvaltning. God involvering av interessegruppene og politisk og administrativ forankring av prosessane er ein føresetnad for å få det til. Prosjektet har ikkje hatt ressursar til å få til god nok forankring til å drive involvering på stad-nivå. Slike planprosessar som involverer mange brukarar, høyrer på mange måtar heime i kommuneplanprosessane (Stokke et al, 2017).

Berekraftig reisemål og masterplan for reiseliv: Besøksforvaltninga er også nært knytt opp til prosessane for utvikling av berekraftig reisemål og masterplan for reiseliv i regi av destinasjonsselskapet i Geiranger og Indre Sogn. Desse prosjekta vart forseinka, slik at det ikkje vart lett å få innspel frå dei i prosjektperioden. Dersom prosessane blir godt forankra også i kommunane, kan dei bli ein av drivarane vidare i arbeidet med å utvikle gode strategiar og tiltak.

Besøksforvaltning på områdenivå: Vedlagt ligg difor døme på korleis ein brukte desse planreiskapane vi har byrja utvikle på grenzenivå. Vi har valgt ut tre område med ulik karakter i kvart delområde. Alle prosjektkommunane er representert: Nærøyfjorden, Jorddalen og Fresvik, Geiranger, Hellesylt og Eidsdal. Døma byggjer på innspel frå folkemøte, ressursgruppemøte, kartleggingar og analysar utført av verneområdeforvaltarar, studentar og forskarar som vi har hatt med som partnarar i prosjektet.

Besøksstrategiar i verneområde: Arbeidet med å utvikle besøksstrategiar i verneområda har hatt stor verdi for verdsarvrådet sitt arbeid med å utvikle planreiskap for besøksforvaltning. Vi har utveksla kunnskap om naturverdiar, gjesteundersøkingar, og arrangert felles møte med lokalsamfunna, som har gjeve gode innspel på korleis dei opplever besøk. Her blir utfordringane knytt til besøk teikna inn som punkt, linje og delområde. Konsekvensar og avbøtande tiltak kan då drøftast opp mot effekt eller påverknad som bruk og tiltak har på heile området (heilskaplege vurderingar gjennom landskapstilnærminga).

Verneområdeforvaltninga: Verneområdeforvaltar Anbjørg Nornes skriv dette om vegen vidare (pers med). ”For å få god besøksforvaltning i verneområde og verdsarvområde, må alle som har interesse og forvaltningsansvar i områda ha felles forståing for måla med besøksforvaltninga. Innfallsportane ligg i hovudsak i randsona og utanfor verneområda. Tilrettelegging i desse områda krev god samhandling mellom lokalsamfunna, kommunane som har forvaltningsmynde, og reiselivsnæringa.”

Drivkrefter: Den største drivaren for det vidare arbeidet er knytt til kommunane og verneområdestyret sitt ansvar for å utvikle besøksstrategiar her, kopla med verdsarvrådet sitt ansvar for å rapportere til UNESCO og verdsarvstiftingane sitt arbeid i denne samanheng. Dersom ikkje verdsarvrådet får til å utvikle ein samla plan for dei to verdsarvfjordane med innfallsportar, er regionale styresmakter dei nærmaste til å utvikle regionale planar.

Vegen vidare - oppfølging 2018-2020

Revidere	Innvolvere	Koordinere	Utvikle
-Landskapsanalyse -TØI- oppdatering (kortversjon) og trender	-Lokalsamfunn, lag/organisasjonar Landskapsanalyse til landskapsressursanalyse	Nye oppgaver/roller-forretningsmodell -Kommune -Fylke -Destinasjonsselskap	-Stadanalyse for besøksforvalting - områderetta -Opplevingsområdem/ tiltak og strategiar -Tilrettelegging og styring, med finansiering av fellesgoder.

Basert på erfaringar frå prosjektpersonen og besøksforvalningsarbeid frå andre stader i Noreg, kan ein stake ut kurs for vidareføring av prosessane. Besøksforvaltning har på kort tid vorte eit nytt fagfelt innan planfaget. Samstundes opplever vi eit stort skifte, der reiselivet er i ferd med å gå frå vere ulike typar servicenæringer til opplevingsnæringer. Kunden tek over meir av marknadsføringa, reiselivsbedriftene og destinasjonsselskapene får meir tilretteleggings- og forvaltningsoppgåver.

Innan naturforvaltninga ser vi også eit stort skifte av tankebanar. I Norge har vi lenge sett at natur- og kulturlandskapet er to sider av same sak. Slik er det også med lokalsamfunna. Å legge til rette for gode opplevelinger, og å vare på opplevingsområde med ulike eigenskapar, vedkjem fastbuande like mykje som tilreisande. Difor høyrer besøksforvaltning heime i samfunnsplanlegginga.

Mange reisemål opplever ei rivande utvikling, noko alle ynskjer. Men ikkje alle er like opptekne av berekraftig utvikling. Kommunane har svært ulike utgangspunkt for å jobbe med besøksforvaltning. Nokon har overturisme, andre har altfor lite turisme.

I følgje forstudie til masterplan for Geiranger, er Geiranger sin eksistens avhengig av ein langsiktig berekraftig utvikling av turisttrafikken. Bygda må no utvikle strategiar for å handtere veksten av besøkande, samstundes som folketallet går ned, og skulen står i fare for å stenge. Den vesle fjordbygda med rundt 220 fastbuande innbyggjarar, har dagar med 16 000 besøkande på sommaren. Reiselivsnæringa har hatt stor vekst, og den er spådd å halde fram. Forprosjekt for masterplan for reiseliv er no avslutta (Geiranger Utvikling, 2018). Liknande arbeid er i ferd med å starte opp i Sogn.

Det som er klart, er at politikarar og forvaltarar som ikkje gjer noko med besøksforvalting, tek eit stort og aktivt val, som får store konsekvensar for natur, miljø, lokalsamfunn og næringsliv.

Det er no samla eit breitt kunnskapsgrunnlag som er utarbeidd i lag med mange aktørar. Alt frå lokale lokale grendar, lokalt næringsliv, kommunal forvaltning til sjøfarsdirektoratet har bidrige. Dette gir dei to verdsarvfjordområda m/innfallsportar nok grunnlag for å gå i gang med aktiv besøksforvalting.

Prosjektet foreslår følgjande framgangsmåte:

1. Revidere landskapsanalyse

Prosjektarbeidet har avdekkja manglar ved analysane, kartlagt fleire område, og vidareutvikla metoden. Desse endringane må innarbeidast i utkastet som vart levert Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2016. Karta i denne rapporten er oppdaterte.

2. Oppdatering og vidareføring av gjesteundersøkingar

TØI skal levere ein kortversjon som populærviskapleg rapport. Her bør ein i tillegg ta med oppdatert kunnskap om trendar viktige for reiselivet i fjordområda.

3. Involvere lokalsamfunn, lag og organisasjoner

For å gjere landskapsanalysen om til ein landskapsressursanalyse må alle interessegrupper med.

4. Koordinere nye oppgåver, roller og forretningsmodellar

Dei store endringane som kjem krev omstilling av reiselivsorganisasjonane og næringslivet elles, kommunane, fylkeskommunane, verneområdestyre og fylkesmenn.

Verdsarvrådet og verdsarvstiftingane har spelt viktige roller som integreringsaktørar og mobilsert stor frivillig innsats. Dette er av stor verdi når ein skal omsetje besøksforvaltning i praksis.

Utvikle konkrete framlegg til besøksstrategiar og forvaltning av opplevingsområde

Stadanalysar for reisemål og viktige opplevingsområde kan utarbeidast på bakgrunn av landskapsressursanalysane. Handlingsplanar er viktige for å prioritere tiltak og oppgåver.

Denne forvaltninga vil krevje ressursar. Dersom ikkje ressursane kjem frå styresmaktene og næringslivet, må forvaltningsbidrag frå ulike instansar og gjestegrupper utgreiaast for å finansiere forvaltningen av fellesgode.

Rapportar, analysar og planar:

Becken, S. and Wardle, C. 2017. *Tourism Planning in Natural World Heritage Sites*. Griffith Institute for Tourism, Research Report No 13.

Også som UNESCO-rapport: *UNESCO-WHA-Report13Finalfinal-1*

Clemetsen & Stokke (in press): *Managing cherished landscapes across legal boundaries – the contribution of integration actors to a functional local democracy*. In Egoz, Jørgensen & Ruggeri (red.): *Defining Landscape Democracy*. Edw. Elgar Publisher, 2018

Clemetsen & Stokke (in press): *The evolvement of Regional Parks in Norway – bottom up initiatives inspired by Swiss and other European Parks models*. Manuscript to be submitted to EcoMont. 2018

Court, Sara and Wijesuriya, Gamini. 2015. *People-Centred Approaches to the Conservation of Cultural Heritage: Living Heritage*. ICCROM

Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren. 2010. *Landskapsanalyse. Framgangsmåte for vurdering av landskapskarakter og landskapsverdi*. Forf. M. Clemetsen, Aurland Naturverkstad.

Dybedal, Petter og Haukeland, Jan Vidar. 2017. *Besøksforvalting og lokalsamfunnsutvikling i verdensarvområdene Nærøyfjorden og Geirangerfjorden. Del 1 Resultater fra spørreundersøkelser blant besøkende 2015. Del 2 Analyse av verdiskaping i verdensarv-områdene*. TØI rapport 1585/2017

Fjellheimen, VG (in prep) *Tålegrenser og tiltak – Villrein. Området Jordalen-Slettedalen-Bakkanosi. Utkast til sårbarheitsanalysar for Nærøyfjorden verneområde*.

Gundersen,V., Andersen,O., Kaltenborn,B.P., Vistad,O.I. & Wold, L.C. 2011. *Målstyrt forvaltning- Metoder for håndtering av ferdsel i verneområder*. NINA Rapport 615. 107 s. Lillehammer, 2011.

Gjerde, Helen. 2017. *Flåmsbana. Situasjonsbeskrivelse*. Jernbanedirektoratet.

Grøtte, Ivar Petter. 2013. *Berekraftig reiseliv – Miljø & lokal verdiskaping*. Foredrag på Erfaringskonferansen 2013.

Hansen, Ann Heidi, 2014. *Memorable Moments. Consumer immersion in nature-based tourist experiences*, University of Nordland, 257 s.

Lykkja, H. 2010. Bulyst og besøksstyring, Kartskisser sentrumsutvikling Undredal. Aurland Naturverkstad rapport 6-2010

Lykkja, H. og Tellnes, T. 2016. *Mulighetsstudie Okstindan. Skisser som grunnlag for besøksforvaltning*. Hemnes kommune.

Lykkja, H. 2016. *Visitor management in the West Norwegian Fjords – bridging the gaps between disciplines, sectors and administrative levels*. Abstract in Monitoring and Management of Visitors in Recreational and Protected Areas. MMW8, Novi Sad,

Lykkja, H, Knagenhjelm, T.K, Johansen, G, Skjerdal, B.E og Bjarnardottir, S. 2016. *Landskapsanalyse Vestnorsk Fjordlandskap, Del I, Nærøyfjordområdet med innfallsportar, versjon 1*, 138s + vedlegg: Skjema som skildrar 59 landskapsområde, 82 s. Lykkja, H., Johansen, G., og Bjarnardottir, S.L., 2015. Undredal.

Lykkja, H, Knagenhjelm, T.K, Johansen, G, Skjerdal, B.E og Bjarnardottir, S. 2016. *Landskap i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Del II, Geirangerfjordområdet med innfallsportar, versjon 1*, 110s + vedlegg: skjema som skildrar 44 landskapsområde, 53 s. Aurland Naturverkstad og Naturverkstaden Valdres, 2016

Lykkja, H., Johansen, G., og Bjarnardottir, S.L., 2015. Undredal. *Ressurskartlegging- analyse- moglegheiter*. Aurland Naturverkstad rapport 03-2015. 46 s.

Lykkja, H., Johansen, G., og Bjarnardottir, S.L., 2018. *Prinsipp for bærekraftig besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling i Vestnorsk fjordlandskap*. Sluttrapport. in prep.

Lykkja, H, Knagenhjelm, T.K og Johansen, G. 2014. *Landskap i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Del I: Feltnotat frå kartlegging av landskap*. Naturverkstad rapport 08-2014. 98 s.

Lykkja, H. og Knagenhjelm, T. K. Sluttrapport. *Forprosjekt – Regionalt Forskningsfond Vest. Besøksforvaltning og lokal reisemålsutvikling*.

Utvikling av metode og modellar for norsk reiselivsnæring. Aurland Naturverkstad rapport 2014.

Melby, Morten W, 2000. *Foreslått landskapsvernombord Geiranger - Herdal. Landskapsanalyse/- evaluering*. Miljøfaglig Utredning, 2000/3

Miljødirektoratet, 2015. *Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder*. M-415.

Nordnorsk reiseliv. 2017. *Opplevelsekonsepter som innovativt verktøy for å styrke konkurranseskraft og verdiskaping i nordnorsk reiseliv*. Sluttrapport for Pilotprosjekt.

Nyland, Johan. 2017. *Detaljregulering for utbetring av innseglinga til Flåm*. Planprogram, Kystverket, Flåm.

Rustad, Birgit Katrine, 2017. *Geologisk mangfold. Detaljregulering for utbetring av innseglinga til Flåm. Del 1*. Kystverket, Flåm.

Siegrist, D, Gessner, S und Ketterer Bonnelame, L. 2015. *Naturnaher Tourismus. Qualitätsstandards für sanftes Reisen in den Alpen*. Haupt Verlag, 288s.

Siegrist, red. 20 Pärke von nationaler Bedeutung- Touristische Marktanalyse und Erfolgsfaktoren'

Sogn og Fjordane fylke. 2008. *Forvaltningsplan Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden*. 2008-1.

Stokke, Knut Bjørn, Jan Vidar Haukeland & Morten Clemetsen (2016): *Koordinert besøksforvaltning som redskap for bærekraftig reiselivsutvikling. En casestudie av Nærøyfjordområdet*. I Kart og Plan, Vol. 76, nr. 4-2016, 263-275.

Vistad, O. I. & Vorkinn, M. 2012. *The Wilderness Purism Construct – Experiences from Norway with a simplified version of the purism scale.* Forest Policy and Economics 19: 39- 47

Masteroppgåver:

Kongsvoll, Ingrid (2017): *Styringsnettverk som reiskap for berekraftig reiselivsutvikling ein analyse av Grøn fjord partnarskapet som koordinator i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområdet Geirangerfjorden.* Masteroppgave ved Institutt for by- og regionplanlegging, NMBU.

Salbu, Sølvi Moberg (2016): *Betydningen av geologi og naturlandskap for reiselivet- En kvalitativ studie av lokale reiselivsaktører i Nærøyfjorden verdensarvområde.* Masteroppgave ved Institutt for naturforvaltning/naturbasert reiseliv, NMBU

Svaland, Marit (2016): *Lokalsamfunn og bæreevne i Verdensarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Et lokalt perspektiv på reiseliv- og lokalsamfunnsutvikling i Geiranger.* Masteroppgave ved Institutt for landskapsplanlegging NMBU.

Turtum, Marte (2016): *Tåleevne for reiselivet i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – et lokalsamfunnsperspektiv på reiselivsutvikling i Flåm.* Masteroppgave ved Institutt for naturforvaltning/naturbasert reiseliv, NMBU

Diverse:

Day, J. 2013. *Understanding and using your OUV... 2nd World Heritage Site Manager's Conference.* PP. Corsica, okt. 2013. Great Barrier Reef Marine Park Authority.

Hammer, Thomas og Siegrist, Dominik. 2008. *Protected Areas in the Alps. The Success Factors of Nature-Based Tourism and the Challenge for Regional Policy.* GAIA 17/S1 (2008):152–16

Hansen, Ann Heidi. 2017. *Merkevareplattform og strategisk kompass. Nord-Norges svar på endringene.* Foredrag på Norsk opplevelseskonferanse, Lofoten 2017.

Lykkja, H. 2011. *Bygdeutviklingsprosjekt Undredal, arbeidsseminar om universell utforming, bulyst og besøksstyring i Undredal, 5. – 6. april 2011.* Arbeidsopplegg og referat, del av stadanalyse Undredal.

Lykkja, Hanne. 2013. *Studietur til sveitsiske regionale parkar og verdsarvområde 2013.* Notat 8.11.2013. 47 s. inkl vedlegg.

Lykkja, H. 2013. *Erfaringar frå Great Barrier Reef, Australia.* Referat frå workshop og foredrag med verdsarvforvaltar Jon Day som vitja Nærøyfjorden og Geirangerfjorden, mai 2013. Notat 010.08.2013. 5 s.

Siegrist, Dominik. 2012. *Parks and Tourism in the Alps. Protected Areas and Regional Parks as Tool for Local and Regional Development–Experiences from the Alps.* Institute for Landscape and Open Space, HSR Hochschule für Technik Rapperswil. Foredrag på NMBU, mars 2012.

Siegrist, Dominik; Hass, Stefanie und Lintzmeyer, Florian SUSTOURPARK. Erfolgsfaktoren im alpinen Schutzgebietstourismus. Ergebnisse einer Delphibefragung im Alpenraum.

Tokheim, Eivind. 2014. *Prosjekt Trolltunga*, foredrag for Hardangerviddarådet, 270514.pdf.

Nettsider:

IUCN. 2017. World Heritage Leadership <https://www.iucn.org/theme/world-heritage/our-work/world-heritage-projects/world-heritage-leadership>

Jørgensen, Kristian. 2017. Frokostseminar om bærekraftig reiseliv. Arrangert 10. februar 2017 av Naturvernforbundet, Den Norske Turistforening og De Historiske Hoteller. <https://www.youtube.com/watch?v=iC3ESVYiJKo&t=135s>

Nærøyfjorden verdsarvspark (2015). Referat og foredrag frå dialogkonferansar om cruise og fjordcruise, samt oppfølgingskonferanse. <http://www.naroyfjorden.no/dialogkonferanse/>

UNESCO. 2012. WHC-12/36.COM/5E. World Heritage and Sustainable Tourism Programme. <http://whc.unesco.org/archive/2012/whc12-36com-5E-en.pdf>

UNESCO. 2012. World Heritage Resource Manual: Managing Natural World Heritage.

UNWTO. 2018. World Tourism Barometer. 2017. International Tourism Results: the highest in seven years. <http://media.unwto.org>.

Visit Sognefjord (2017). Masterplan for Reiselivssatsinga i Sogn 2020-2035. <http://www.sogn.regionraad.no/getfile.php/3972406.1687.nawk7sqlzi7szj/>

Presentasjon+Masterplanutvikling+Sogn+Regionr%C3%A5d+150917.pdf
<https://www.oecd.org/cfe/tourism/Tourism-meeting-Issues-Paper-on-Leveraging-Investment-for-Sustainable-and-Inclusive-Growth.pdf>

University of Bonn, 2017- LUFTKVALITET FRÅ GEIRANGER CA SIDE 64

